


Naturulukkevilkåret og årsakskrava i naturskadeerstatningslova § 4 første og andre ledd

Kandidatnummer: 100

Antall ord: 37321



JUS397 Masteroppgave
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

21. juni 2018

Innhaldsliste

Innhaldsliste	1
1 Innleiande punkt	5
1.1 Emnet, problemstillingar og avgrensingar.....	5
1.2 Utfordringar relatert til rettskjeldebiletet og rettskjeldebruken	7
1.3 Naturskadeerstatningsordninga og tilgrensande rettsområde	12
2 Naturulukke	15
2.1 Innleiing.....	15
2.2 Kort om «naturulykke».....	16
2.3 Dei opplista naturulukketypane	17
2.3.1 Innleiing	17
2.3.2 Skred.....	17
2.3.3 Storm	19
2.3.4 Flaum.....	21
2.3.4.1 Innleiing	21
2.3.4.2 Flaum i vassdrag.....	22
2.3.4.3 Flaum i form av villbekkar.....	24
2.3.5 Stormflo.....	28
2.3.6 Jordskjelv	30
2.3.7 Vulkanutbrot.....	31
2.4 Hendingar som <i>ikkje</i> er naturulukker.....	31
2.5 Nærare om «naturulykke»	33
2.5.1 Innleiing	33
2.5.2 Likskapstrekk ved naturulukkene.....	34
2.5.3 Vurdering av om særskilte andre naturhendingar kan supplere opprekninga	35
2.5.3.1 Innleiing	35
2.5.3.2 Enkeltståande naturfenomen	36
2.5.3.3 Kombinasjonstilfelle	38
3 Årsakskravet «direkte skyldes».....	41
3.1 Innleiing.....	41

3.2	Kort om årsakskrav på tilgrensande område	43
3.2.1	Faktisk årsakssamband.....	43
3.2.2	Rettsleg avgrensing av årsakssamband	47
3.2.2.1	Innleiing	47
3.2.2.2	Erstatningsretten.....	48
3.2.2.3	Forsikringsretten.....	49
3.2.2.4	Trygderetten	51
3.3	Skaden må «skyldes» ei naturulukke.....	52
3.4	Skaden må «direkte» skuldast ei naturulukke	55
3.4.1	Innleiing	55
3.4.2	Suksessive årsaksfaktorar.....	56
3.4.2.1	Generell analyse av rettskjeldene	56
3.4.2.2	Kort om oppdeling av årsaksrekkjer	58
3.4.2.3	Drøfting av praktiske typetilfelle	60
3.4.2.4	Oppsummering om suksessive årsaksrekkjer.....	67
3.4.3	Samstundes samverkande årsaksfaktorar	68
3.4.3.1	Innleiing	68
3.4.3.2	Generell analyse av rettskjeldene	69
3.4.3.3	Nærare om kva hovudårsakslæra inneber	74
3.4.3.4	Drøfting av praktiske typetilfelle	76
3.4.3.5	Oppsummering om samstundes samverkande årsaksfaktorar.....	81
3.4.4	Kritikk av årsakskravet.....	82
4	Unntaksregelen	83
4.1	Innleiing.....	83
4.2	Skaden må vere ei (nærliggende) «følge»	83
4.3	Følgja må vere «nærliggende»	84
4.3.1	Analyse av rettskjeldene.....	84
4.3.2	Drøfting av praktiske typetilfelle	86
4.3.2.1	Innleiing	86
4.3.2.2	Storm lagar bølgjer som så gjer skade	87
4.3.2.3	Storm kvelvar tre som så gjer skade.....	87
4.3.2.4	Flaum tek med seg objekt som gjer skade.....	88
4.4	Vilkåret «særlige tilfeller».....	90

5	Naturulukke- og årsaksvilkåra i lys av klimaendringane	93
5.1	Innleiing.....	93
5.2	Venta naturulukkerelevante klimaendringar	94
5.3	Naturulukkevilkåret og klimaendringane	96
5.4	Årsakskravet og klimaendringane	98
6	Avslutning	100
	Kjeldeliste.....	102

1 Innleiande punkt

1.1 Emnet, problemstillingar og avgrensingar

Emnet for denne avhandlinga er kva følgjer av naturulukker som kan gje krav på naturskadeerstatning frå staten. Dette er regulert i naturskadeerstatningslova¹ § 4 første og andre ledd. Etter første ledd kan det gjevast erstatning for naturskade som «direkte skyldes naturulykke, så som skred, storm, flom, stormflo, jordskjelv og vulkanutbrudd». Andre ledd opnar for at også skadar som er ei «nærliggende følge» av naturulukka i «særlege tilfeller» kan erstattast, og gjev dermed ein unntaksregel frå det strenge årsakskravet i første ledd.

Skade som direkte skuldast isgang og nedbør kan i visse tilfelle også erstattast, jf. naturskadeerstatningslova § 4 tredje ledd. Sidan desse fenomena ikkje er naturulukker (sjå kapittel 2.4), fell føresegna i utgangspunktet utanfor rammene av avhandlinga. Ho vil difor ikkje verte sjølvstendig analysert. På relevante stadar vert ho likevel trekt inn som tolkingsmoment i analysen av første og andre ledd. Eg avgrensar også mot naturulukkevilkåret og årsakskravet i naturskadeforsikringslova² § 1 første ledd andre punktum.³

Hovudproblemstillingane i denne avhandlinga er dimed kva ei «naturulykke» er og kva årsakskrava «direkte skyldes» og «nærliggende følge» inneber, jf. naturskadeerstatningslova § 4 første og andre ledd. Tyngdepunktet ligg på årsakskrava, men fordi naturulukkevilkåret er avgjerande for å forstå årsakskravet, må også naturulukkevilkåret handsamast inngåande. For årsakskravet sin del vil eg presisere at det er årsakssambandet fram til skaden eg skal sjå på. Spørsmålet om kor omfattande skade det er årsakssamband til, fell utanfor rammene av avhandlinga.

Rettskjeldene etterlet fleire uavklara spørsmål om naturulukkevilkåret og årsakskrava. Likevel er dei forsva lite på, og det er behov for analyse og systematisering med sikte på å avklare gjeldande rett. Behovet vert særleg aktualisert av klimaendringane. Klimaforskinga tilseier nemleg at det vert fleire naturulukker i framtida.⁴ I lys av klimaforskinga er det mellom anna

¹ Lov 15. august 2014 nr. 59 om erstatning for naturskader (naturskadeerstatningslova).

² Lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring (naturskadeforsikringslova).

³ Sjå nærmare i kap. 1.2.

⁴ Sjå t.d. Utredning ny naturskadelov (2008) s. 69 og CICERO-rapport 2007:3 særleg s. 8 smh. s. 51 som tilseier at ordet «naturhendelse» er meint å svare til «naturulykke».

også interessant å undersøke om vilkåra vil dekkje andre faktum i framtida enn i dag. Eg skal difor avslutningsvis også drøfte vilkåra i lys av klimaendringane.

Sjølv om skaden direkte skuldast eller er ei nærliggjande følgje av ei naturulukke, er det ikkje gjeve at den skadelidne får erstatning. Reglar om mellom anna avkorting, eigendel og utmåling gjer at skadane ikkje vert fullt ut dekte, sjå naturskadeerstatningslova §§ 5, 6 og 9. Eg må avgrense mot desse reglane av omsyn til omfanget av avhandlinga.

Dekninga vert også påverka av at verkeområdet til lova er avgrensa, sjå naturskadeerstatningslova §§ 2 og 3. Desse føresegne er grunn til å gå noko inn på her for å gje eit bilet av når lova kjem til bruk.

Naturskadeerstatningslova gjev heimel for erstatning til private for naturskadar på fast eigedom og lausøyre dei eig eller har den økonomiske interessa og rådveldet over, sjå §§ 2 og 3.⁵ Sjølv om fast eigedom og lausøyre synest å dekkje alle fysiske objekt, er skade på avling på rot, stormskade på skog og skade innanfor petroleumsverksemde eksplisitt unnateke etter § 2 tredje til femte ledd.⁶ Vidare er det berre skade den skadelidne ikkje kunne forsikra seg mot gjennom ei alminneleg forsikringsordning, og heller ikkje faktisk får dekt gjennom forsikring, som kan dekkjast ved naturskadeerstatning, sjå § 2 andre ledd. Dette viser at dekninga mot naturskadar er todelt, med naturskadeforsikringa som den primære og naturskadeerstatninga som den sekundære dekningsmåten.⁷ Dei to ordningane dekkjer kvar sine område som er avgrensa mot kvarandre. Om ingen av naturskadeordningane gjev dekning, fell den skadelidne tilbake på eventuelle andre forsikringar han har eller den alminnelege erstatningsretten. Om heller ikkje desse gjev dekning, må han bere tapet sjølv.⁸

Med «alminnelig forsikringsordning» er det sikta til tilgjengelege, alminnelege forsikringar på den norske marknaden.⁹ Motstykket er at ein må gjere spesialavtaler for å få dekning mot naturskadar.¹⁰ Brannskadeforsikringa er ei viktig «alminnelig forsikringsordning» og har etter

⁵ Staten og kommunane kan ikkje få erstatning etter naturskadeerstatningslova, men kommunane kan søkje departementet om skjønnsmidlar til dekning av naturskadeutgifter, sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 129 og Prop. 80 L (2013–2014) s. 35.

⁶ Det er ei eiga erstatningsordning for avlingsskadar, sjå forskrift 17. januar 2012 nr. 56 om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon. Det er dessutan eigne forsikringar mot stormskade på skog, sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 57–58.

⁷ Sjå nærmare i Wiese (2016), særleg s. 11.

⁸ Sjå nærmare om samspelet mellom dekningsformene i Wiese (2016).

⁹ Prop. 80 L (2013–2014) s. 57.

¹⁰ Slik også Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 26.

naturskadeforsikringslova § 1 obligatorisk naturskadedefektning. Hus og anna som kan forsikrast mot brann fell difor utanfor den offentlege naturskadeerstatningsordninga. Også motorvognforsikringar er alminnelege forsikringsordningar med naturskadedefektning.¹¹ Det finst dessutan eigne forsikringar for ein del tilfelle der naturskade ligg innanfor verksemders vanlege risiko.¹² Typiske objekt som fell innanfor den offentlege naturskadeerstatningsordninga sitt dekningsområde er private vegar, bruer, kaier, moloar, anlegg for idrett, industri og turisme, skog og jordbruksareal.¹³

Før eg går inn på naturulukkevilkåret og årsakskrava, vil eg peike på nokre metodiske utfordringar (kap. 1.2) og plassere naturskadeerstatningsordninga i forhold til utvalde tilgrensande rettsområde som er aktuelle å dra vekslar på i hovuddelen (kap. 1.3). Hovuddelen av avhandlinga strukturerer eg etter lovsvilkåra. Naturulukkevilkåret vert analysert i kapittel 2 og årsakskravet «direkte skyldes» i kapittel 3. I kapittel 4 ser eg på retten til erstatning for «nærliggende følge». Etter desse rettsdogmatiske analysane ser eg i kapittel 5 på vilkåra i lys av klimaændringane.

1.2 Utfordringar relatert til rettskjeldebiletet og rettskjeldebruken

Sidan målet med avhandlinga er å analysere lovsvilkåra med sikte på å framstille gjeldande rett, er den relevante metoden vanleg norsk rettsdogmatisk metode. Det inneber at rettskjeldebruken vert styrt av retningslinjene for relevans, slutning og vekt som er utvikla av Høgsterett, dels i samspel med juridisk litteratur.¹⁴ I tillegg vert rettsbruken påverka av at dei særlege forventningane til og føremåla med juridisk forsking skjerpar krava til kor grundig, fullstendig, kritisk og systematisk tilnærminga må vere.¹⁵

Eg legg til grunn at leseren kjenner den norske juridiske metoden og peikar difor berre på dei særleg viktige eller særmerkte trekka ved rettskjeldebiletet.

¹¹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 96.

¹² Utredning ny naturskadelov (2008) s. 26.

¹³ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 30.

¹⁴ Sjå m.a. Nygaard (2004) s. 60 og 84–85; Andenæs (2009) s. 6–7; Boe (2010) s. 137; Monsen (2012) s. 16–17.

¹⁵ Sjå nærmere Mæhle (2004) og Graver (2008b).

Naturskadeerstatningsordninga er på eit lovbestemt område. Lova er difor det primære rettsgrunnlaget og må gje vilkåra for rettsverknaden.¹⁶ Rettsverknaden er økonomisk kompensasjon frå det offentlege, altså eit gode i staden for eit inngrep. Dimed er vi utanfor det strenge legalitetsprinsippet sitt område.¹⁷ Lova må likevel gjevast stor vekt, og det trengs som elles på lovbestemte område tunge rettskjeldegrunnar for å tolke henne utvidande.¹⁸ Eit særskilt poeng for naturskadeerstatningsordninga er at ho er ei friviljug oppretta støtteordning der staten tek økonomisk ansvar for skadar han i utgangspunktet ikkje har tilknyting til. Vilkåra lovgjevaren har sett for betalingsplikta er viktige for statens førevisse og oversyn over kostnadane. Dette, i kombinasjon med at lova synest uttømande, gjev særleg grunn til å respektere vilkåra. Det skal difor mykje til for å tolke naturskadeerstatningslova utvidande.¹⁹

Sidan naturskadeerstatningslova § 4 første ledd med små endringar vidarefører det materielle innhaldet i tilsvarande føresegner i to tidlegare naturskadelover,²⁰ er kjeldene til desse lovene på mange punkt framleis relevante. Utover lovteksten er rettskjeldebiletet likevel prega av at det er få tunge rettskjelder. Førearbeida gjev visse viktige bidrag, men etterlet også mykje uavklara. Om førrearbeida er det vidare særskilt grunn til å peike på at utgreiinga til naturskadeerstatningslova, Utredning ny naturskadelov (2008), vart gjeven av Statens landbruksforvaltning.²¹ Det står altså ikkje noko breitt representativt lovutval bak utgreiinga, slik NOU-ar ofte har, men eit organ med særskilt fagleg ekspertise på området. Rettskjeldestatusen må etter mi mening likevel vere tilnærma lik som for ein NOU, berre litt lågare som følgje av mangelen på demokratisk innslag.²²

I fråvere av direkte relevant høgsterettspraksis om mange av problemstillingane avhandlinga reiser, vert det større rom for rettskjelder av lågare autoritet og vekt.²³ Det finst litt

¹⁶ Sjå Nygaard (2004) s. 101–102 og 177; Monsen (2012) s. 81.

¹⁷ Sjå Nygaard (2004) s. 70.

¹⁸ Sjå Monsen (2012) s. 114.

¹⁹ Liknande synsmåtar vert også framheva for trygderettens del, sjå Kjønstad (2018) s. 46 og 58; Holgersen og Nygaard (1998) s. 16–18.

²⁰ Lov 9. juni 1961 nr. 24 om erstatning for naturskader (naturskadelova 1961, 1961-lova) § 5 (tittelen vart endra til lov om sikring mot og erstatning for naturskader ved lov nr. 46/1979) og lov 25. mars 1994 nr. 7 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadelova 1994, 1994-lova) § 4 (tittelen vart endra til lov om sikring mot naturskader ved lov nr. 59/2014), jf. Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25 og Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

²¹ Statens landbruksforvaltning var eit forvaltningsorgan underlagt Landbruksdepartementet, oppretta for å samordne den sentrale landbruksforvaltninga. Organet skulle mellom anna vere eit støtte- og utgreiingsorgan for departementet. Det var også sekretariat for Statens naturskadeordning og Ankenemnda for naturskadeordninga, sjå St.prp. nr. 82 (1999–2000) s. 118–119. Statens landbruksforvaltning vart seinare slått saman med andre organ til Landbruksdirektoratet, sjå Norsk senter for forskningsdata (u.å.).

²² Om førrearbeid frå ulike stadium, sjå t.d. Nygaard (2004) s. 196; Boe (2010) s. 287.

²³ Liknande Nygaard (2004) s. 210.

underrettspraksis, men ikkje mykje. Derimot finst det omfattande forvaltningspraksis i form av vedtak frå Klagenemnda for naturskadesaker og den tidlegare Ankenemnda for Statens naturskadefond. Nemnda bytte namn og fekk noko endra kompetanse då naturskadeerstatningslova kom i kraft.²⁴ Eg kan ikkje sjå at dette har betydning for avhandlinga og bruker av framstillingstekniske omsyn berre ordet «nemnda» om Klagenemnda og Ankenemnda.

Sidan nemndspraksisen er så viktig i rettskjeldebiletet, er det naudsynt å sjå noko nærare på kva relevans og vekt han har. Eg har ikkje funne at Høgsterett uttrykkeleg har uttalt seg om det for denne særskilte nemnda sin del. Førearbeida viser derimot implisitt at praksisen er relevant ved å vise til han.²⁵ For eit klarare bilet av relevansen og vekta til praksisen, er utsegner frå Høgsterett om klagnemndspraksis på samanliknbare område relevant. Valdsoffererstatningsordninga peikar seg ut ved også å vere ei offentlegrettsleg stønadsordning med nemnds-overprøving av forvaltningsvedtak. I Rt. 2013 s. 484 A uttalte Høgsterett om ein praksis som var utvikla i valdsoffererstatningsnemnda etter juni 2009 at:

«... Denne praksisen er ikke i seg selv bindende. Men når vi her skal ta stilling til et tolkingsspørsmål som ikke er løst i loven, tillegger jeg det en viss betydning at det har utviklet seg en fast praksis over tid, og at denne praksis omfatter 22 vedtak i Klagenemnda».²⁶

Sjølv om Høgsterett ikkje rekna den aktuelle praksisen som bindande, fekk han altså i fråvere av autoritativ avklaring noko vekt sidan han hadde vore konsekvent over tid og i noko omfang. Momenta samsvarer godt med det som er lagt til grunn i metodelitteraturen om forvaltningspraksis meir generelt, supplert med kor klar praksisen er.²⁷ Nygaard trekk også fram kva organ praksisen kjem frå.²⁸ Eit viktig poeng er at det er *praksis*, altså kjeder av vedtak, og ikkje enkeltståande vedtak, som vektleggjast.²⁹ Det er særleg omsynet til førevisse og likebehandling som gjev slike kjeder relevans og vekt som rettskjelder.³⁰

Ut frå den generelle relevansen til forvaltningspraksis, må nemndspraksis også vere ei relevant rettskjelde i naturskadesakene. Samstundes er rettskjeldevekta låg, slik at det primært er i

²⁴ Prop. 80 L (2013–2014) s. 55–56.

²⁵ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 37.

²⁶ Rt. 2013 s. 484 A avsnitt 52.

²⁷ Sjå m.a. Andenæs (2009) s. 109–110 og 112; Boe (2010) s. 326 jf. s. 218; Monsen (2012) s. 169–170; Nygaard (2004) s. 214–215.

²⁸ Nygaard (2004) s. 213–216.

²⁹ Boe (2010) s. 326.

³⁰ Monsen (2012) s. 39 og 169.

fravere av avklaring i lovteksten eller andre autoritative kjelder det er rom for å leggje vekt på han. Vekta må vidare vurderast konkret i det enkelte tilfellet ut frå kor langvarig, fast, omfattande og klar praksisen er. Dette vil eg gjere undervegs i drøftingane, men det er også eit par poeng som er verdt å merkje seg allereie her.

For det første overprøver nemnda Landbruksdirektoratets vedtak, sjå Landbruksdirektoratet, sjå naturskadeerstatningslova §§ 11 og 20.³¹ Dette gjev nemndspraksisen noko større vekt enn om nemnda var eit førsteinstansorgan. Om partane er usamde i nemndas vedtak er søksmål for tingretten neste steg, sjå naturskadeerstatningslova § 22. Nemnda er altså ikkje erstatning for tingretten, slik Trygderetten er, og har difor presumtivt lågare vekt enn trygderettsavgjersler har.³²

For det andre er vedtaka svært kortfatta og til dels uklare.³³ Både faktumet og (særleg) lovforståinga synest summarisk attgjeve. Dette gjer det stundom vanskeleg å sjå kva som vert lagt vekt på og kvifor nemnda har kome til resultatet. Når dette er uklart, vert det også vanskelegare å seie at praksisen er klar. I forlenging av dette er ei anna utfordring at intensjonsdjubda bak ordbruken synest å variere. Der det synest uklart kor gjennomtenkt ordbruken er, må utsegner i vedtaka handterast med særskilt varsemd. Det er difor primært der nemnda gjev uttrykk for definisjonar eller andre typar gjentakande argumentasjonsmønster at praksisen kan seiast å vere klar.³⁴

For det tredje er det berre vedtaka frå 2009 og framover som er publiserte. Når berre ti år av praksisen er tilgjengeleg, kjem spørsmålet om «varig» praksis på spissen. Mangelen på kunnskap om eldre praksis er uheldig. Samstundes gjev omtale av eldre praksis i førearbeida eit visst grunnlag for å vurdere om praksis frå dei siste ti åra representerer kontinuitet eller brot. Vidare hadde eg tre dagars innsyn i Landbruksdirektoratets arkiv for naturskadesaker frå år 2000 og framover. Tida strakk ikkje til for å få fullstendig oversyn, men overblikket eg sat att med gjorde at eg fann det forsvarleg å avgrense til dei publiserte vedtaka frå 2009 til 2018.

Som nemnt i kapittel 1.1 har vilkåra i naturskadeerstatningslova § 4 første ledd parallellear i naturskadeforsikringslova. Naturskadeforsikringslova kom til ved at delar av det som vart dekt

³¹ Nemnda handsamar også saker under naturskadeforsikringslova, sjå naturskadeforsikringslova § 2.

³² Om Trygderetten og trygderettspraksis, sjå Nygaard (2004) s. 47 og 215–216.

³³ Vedtaka vart rett nok, og takksamt, lengre frå midten av 2017.

³⁴ Med «argumentasjonsmønster» meiner eg formuleringar og argument som går igjen i fleire saker, liknande også t.d. Schultz (2007) s. 68.

under naturskadeerstatningsordninga vart teke over til ei forsikringsordning. Naturskadevilkåret vart utforma likt, bortsett frå at opprekninga av naturulukker er uttømande i naturskadeforsikringslova.³⁵ Det tilseier at vilkåra var meint å ha det same innhaldet i begge lovene.³⁶ Samstundes er det visse kjelder som kan gje indikasjonar på at det er ulik forståing av vilkåra. Det er til dømes typetilfelle der Norsk Naturskadepool synest å leggje til grunn ei forståing som kjem den skadelidne meir til gode, medan nemnda kjem til resultat som samsvarer med analysen min av vilkåret i naturskadeerstatningslova.³⁷ Grunnen til at Norsk Naturskadepool ikkje synest å krevje like sterkt årsakssamband, kan vere at lova gje rettskrav på erstatning i ei viss utstrekning, men ikkje forbyr forsikringsselskapen å gje endå betre dekning.³⁸ Dette gjer det i så fall vanskelegare å vurdere kva resultat som er utslag av lovvilkåret og kva resultat som er utslag av forsikringsvilkåra sine eventuelle mindre strenge krav. Eg har difor som nemnt i kapittel 1.1 valt å avgrense mot å analysere vilkåra i naturskadeforsikringslova. På somme punkt, særleg der det er rettskjeldebilete spesifikt knytt til naturskadeerstatningslova, og eg finn det forsvarleg trass utfordingane eg har peika på her, trekk eg likevel på inn kjelder knytt til naturskadeforsikringslova i analysen av vilkåra i naturskadeerstatningslova.

Eit siste poeng kring den generelle rettskjeldesituasjonen og metodebruken i avhandlinga er at det på somme punkt er svært få bidrag til analysen av årsakskrava i kjeldene som spesifikt er knytt til naturskadeerstatningslova. Generell årsaksteori frå tilgrensande område er då av stor interesse. Det naturlege startpunktet er erstatningsretten, sidan den har dei mest djuptloddande årsaksanalysane. Eg trekk også inn forsikrings- og trygderetten, fordi eg meiner naturskadeerstatningsordninga ligg mellom desse tre rettsområda.

³⁵ Sjå Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 33.

³⁶ Sjå også Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25 der det ved spørsmål om endring av årsakskravet vert lagt vekt på å halde på likskapen med årsakskravet i naturskadeforsikringslova.

³⁷ Sjå t.d. Norsk Naturskadepool (2017c) sml. NSN-2014-29324 (forsikringssak) og drøftinga nedanfor i kapittel 3.4.2.3.6.

³⁸ Då må tapet berast av forsikringsselskapet sjølv, og kan ikkje avrekna i naturskadepoolen, sjå forskrift 21. desember 1979 nr. 3420 om instruks for Norsk Naturskadepool § 3 første ledd andre punktum og Arntzen (1995) s. 379.

1.3 Naturskadeerstatningsordninga og tilgrensande rettsområde

Påstanden om at naturskadeerstatningsordninga ligg mellom erstatningsretten, forsikringsretten og trygderetten krev ei utdjupande forklaring. Det vil eg gje her ved å først trekke fram somme kjenneteikn på dei tre rettsområda og så samanlikne dei med naturskadeerstatningsordninga.

Den generelle erstatningsretten regulerer retten den skadelidne har til å krevje økonomisk kompensasjon frå den som anten sjølv har valda skaden eller kan identifiserast med skadevaldaren.³⁹ Årsakskravet er det som knyt skadevaldaren til skaden.⁴⁰ Startpunktet for årsaksvurderinga er eit anvarsgrunnlag, typisk ei aktlaus handling (*culpa*) eller at eit objekt, ei verksemd eller liknande er farleg (objektivt ansvar).⁴¹ Skadevaldaren (eller den han vert identifisert med) har altså gjennom handling eller eit farleg objekt utsett den skadelidne for ein risiko, og denne risikoen har materialisert seg. Ved å stille skadevaldaren økonomisk ansvarleg, vert tapet flytta over på han. Sentrale omsyn er at den skadelidne sin situasjon skal oppattrettast slik han var før skaden (reparasjon) og at moglegheita for ansvar kan gje eit insentiv til å unngå å valde skade (prevensjon). Det objektive ansvaret vert dessutan grunngjeve med at kostnaden kan reknast inn som ein driftskostnad (pulverisering).⁴² På den andre sida er også omsynet til skadevaldaren viktig, og kapittel 3.2.2.2 vil vise at dette leier til rettslege avgrensingar av det faktiske årsakssambandet, mellom anna mot upåreknelege skadar.

Forsikringsretten regulerer tilgangen til å legge ansvaret for å kompensere ein særskilt skade på eit forsikringsselskap som gjennom førutgåande avtale har teke på seg å bere det økonomiske ansvaret for visse farar eller skadar det i utgangspunktet ikkje har tilknyting til. Det vert dimed ikkje spørsmål om årsakssamband mellom forsikringsselskapet og skaden. Årsaksspørsmål kan likevel kome opp ved at forsikringsvilkåra stiller krav om eit visst årsakssamband mellom ein dekt fare og skaden. Spørsmålet er då om skaden har skjedd slik forsikringsvilkåra krev.⁴³ Sidan forsikringsselskapet ikkje eigentleg har tilknyting til den skadevaldande handlinga eller hendinga, er prevensjonsomsynet lite sentralt. Reparasjon og pulverisering er derimot viktige omsyn. Den sikra skal få skaden reparert, og forsikringsselskapet kan fordele den økonomiske skaden på alle forsikringstakarane. Sidan forsikringsselskapet tek på seg ansvaret for mange

³⁹ Sjå t.d. Nygaard (2007) s. 3–6.

⁴⁰ Sjå t.d. Strandberg (2015) s. 87–88.

⁴¹ Sjå nærmare i Nygaard (2007) s. 172 flg.

⁴² Sjå m.a. Nygaard (2007) s. 18–21; Lødrup (2009) s. 107–120.

⁴³ Sjå Hellner og Radetzki (2018) s. 188.

skadar, gjer dei store tals lov dessutan at totalansvaret er mindre upårekneleg for dei.⁴⁴ Medan skadevaldaren i erstatningsretten har behov for vern mot ansvaret for upåreknelege følgjer, kan forsikringsretten altså gje den skadelidne vern mot det som for han er upåreknelege følgjer.⁴⁵

Trygderetten regulerer pengeytingar staten gjev til menneske som er råka av særskilte sosiale hendingar eller tilstandar, til dømes arbeidsløyse, sjukdom og alderdom, sjå folketrygdlova⁴⁶ § 1-1. Staten tek altså ansvar for hendingar eller tilstandar som er vanskelege for den einskilde å bere aleine. Det ligg såleis eit klart sosialt omsyn bak trygderetten.⁴⁷ Staten er likt som forsikringsselskapet eigentleg ein utanforståande part. Det vert dimed ikkje spørsmål om årsakssamband mellom staten og skaden. I staden kjem årsaksspørsmål også her opp i den grad vilkåra for dekning gjev krav om årsakssamband. I tillegg til det sosiale omsynet, ligg det ein forsikringstankegang bak trygderetten. Den går ut på at medlemmane i trygdeordninga, altså alle som er busette i landet og somme andre jf. folketrygdlova §§ 2-1 flg., betaler avgifter og premiar til delvis dekning av utgiftene og får ytingar i eit gjeve forhold til det dei har betalt inn.⁴⁸

Kva gjeld naturskadeerstatningsordninga, kan lovnamnet gje inntrykk av at ein har med spesiell erstatningsrett å gjere. Grunnstrukturen er også å kjenne igjen frå erstatningsretten. Samstundes er det fleire punkt der ordninga har større likskapar med forsikrings- og trygderetten. Særleg det at ein utanforståande part ber det økonomiske ansvaret for skaden, gjev likskap med forsikrings- og trygderetten. Som kapittel 2 vil vise, er det dessutan skadar som er upåreknelege for den skadelidne som vert dekte. Dette gjev ein annan likskap med forsikringsretten og til dels trygderetten.

At det er staten som ber ansvaret, gjev ordninga ein sterk likskap med trygderetten. Likskapen vert forsterka ved at det synest å vere ein velferdsrettsleg tankegang ligg bak naturskadeerstatningsordninga. Samstundes er vern av eigedom og lausøyre langt frå den sosiale og velferdsrettslege sfären trygderetten fokuserer på, og det svekkjer likskapen noko.

I motsetnad til innan forsikringsretten, og i likskap med i trygderetten, treng ikkje den skadelidne å teikne særskilt avtale med staten for å få vern etter naturskadeerstatningsordninga.

⁴⁴ Stang (1927) s. 49; Øvergaard (1951) s. 14.

⁴⁵ Sjå t.d. Selmer (1982) s. 273; Bull (2008) s. 218; Kruse (1963) s. 35; Peczenik (1979) s. 23–24.

⁴⁶ Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova).

⁴⁷ Sjå Kjønstad (2018) s. 19.

⁴⁸ Sjå Kjønstad (2018) s. 19.

Det er tilstrekkeleg å vere eit privat rettssubjekt og eige det skadde objektet, eventuelt å ha økonomisk interesse i og rådvelde over det.⁴⁹

Ut frå dette, er det altså både likskapar og ulikskapar mellom naturskadeerstatningsordninga og dei tilgrensande områda. Likskapen er kanskje størst med trygderetten. Plasseringa mellom dei tre områda gjer likevel at eg meiner bidrag frå alle tre kan vere relevante som supplement, ikkje berre trygderettslege kjelder. Når kjeldene frå desse andre områda vert brukte, må ulikskapane mellom ordningane vere for auge. Overføringsverdien vil varierere med kor sterke ulikskapar som gjer seg gjeldande relatert til det enkelte spørsmålet, særleg kva gjeld underliggende omsyn.

⁴⁹ Sjå naturskadeerstatningslova § 3.

2 Naturulukke

2.1 Innleiing

Naturskadeerstatningslova § 4 første ledd seier at det kan gjevast naturskadeerstatning for skadar som direkte skuldast ei «naturulykke, så som skred, storm, flom, stormflo, jordskjelv og vulkanutbrudd». Det siterte viser kva hendingar naturskadeerstatning kan kompensere følgjer av. Vilkåra har dimed liknande funksjon som ansvarsgrunnlaget i erstatningsretten og farefeltet i forsikringsretten.⁵⁰

Slik orda i lovteksten er stilt saman, synest «naturulykke» som ei overordna nemning som dekkjer dei etterfølgjande opplista fenomena. I førearbeida vert det retta stor merksemd mot dei opprekna fenomena,⁵¹ og i konkrete saker vert problemstillingane gjerne heller knytt til desse enn det overordna «naturulykke».⁵² Samla tilseier dette at opprekninga gjev alternative vilkår og at dei er praktisk viktigare enn «naturulykke». Samstundes er det ein ikkje-uttømande definisjon av «naturulykke» som vert gjeve, jf. orda «så som» (nærare om dette i kapittel 2.5). Den overordna naturulukkenemninga synest sentral for å avgjere kva andre fenomen som er naturulukker og kan supplere opprekninga. Når målet i dette kapittelet er å klarleggje innhaldet i naturulukkevilkåret, inneber det difor både å undersøke kva ei «naturulykke» meir overordna er, kva dei opprekna vilkåra nærare inneber og å undersøke kva naturhendingar som kan supplere opprekninga.

Den generelle forståinga av «naturulykke» kan gje bidrag til tolkinga av dei spesifikke naturulukketypane (deduksjon). Motsett kan forståinga av kvar spesifikk naturulukketype gje auka forståing av kva ei «naturulykke» er (induktiv tolking, generalisering). Dette vil så vere nyttig for å kome nærmere kva andre naturhendingar som kan reknast som naturulukker. For å dra nytte av høvet til induksjon og deduksjon ser eg på overomgrepene i to omgangar i dette

⁵⁰ Sjå Nygaard (2007) s. 172 flg.; Bull (2008) s. 210 flg.; Maric (2013) s. 67.

⁵¹ Sjå særleg Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 smh. s. 163–164, men også t.d. Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50–51 og Ot.prp. nr. 36 (1960–1961) s. 13.

⁵² Sjå t.d. LG-2018-23731 der det vert spurta «om det fann stad ‘naturskade’ ved at skaden på moloen skuldast ‘stormflo’»; LF-2017-194586/LF-2017-194592, der spørsmålet er «om skadene direkte skyldes stormflo» og LG-2015-102574: «Det kan ikke ses å være holdepunkter for at værfenomener som ikke er ‘storm’ i lovens forstand, og som heller ikke er ‘stormflo’, samlet sett må anses å tilfredsstille lovens krav, jf. sammenstillingen ‘eller lignende’ i naturskadeloven § 4 første ledd. Det fremgår av lovens forarbeider at det med formuleringen siktes til alternative naturulykker som for eksempel flodbølger eller meteornedslag.» I LE-2016-196236 er problemformuleringa og konklusjonen derimot knytt til «naturulykke», men det får lite vekt sidan drøftinga primært er knytt til «flom».

kapittelet, med dei opprekna vilkåra imellom. Avslutningsvis undersøker eg kva fenomen som kan supplere opprekninga.

2.2 Kort om «naturulykke»

Vilkåret «naturulykke» er samansett av to ord. Det siste, «ulykke», kan etter daglegtalen forståast anten som ein lei tilstand eller ei plutselig og kortvarig enkelthending der eit skadepotensiale vert utløyst.⁵³ I lys av konteksten må det siste alternativet vere det relevante. Det første ordet, «natur», viser at ulukka må vere relatert til noko som ikkje er menneskeskapt. Samanstilt kan «naturulykke» då anten sikte til tilfelle der naturen gjennom ei plutselig, kortvarig enkelthending vert utsett for (fare for) skade eller sjølv utset noko anna for (fare for) skade. Opprekninga viser at det er det siste som er riktig tolking.

Ordet «naturulykke» kan også indikere at hendinga er utløyst utan innblanding frå menneske. Det er i lys av førearbeida ei litt for streng forståing, sidan det der går fram at også naturhendingar som er utløyst av menneske etter ei konkret vurdering i somme tilfelle kan reknast som naturulukker.⁵⁴ Kva som skal til for å rekne menneskeutløyste naturhendingar som naturulukker synest uklart og vil rekkje for langt å gå inn på her.

Sjølve opprekninga av naturulukketypar kan også gje tolkingsbidrag til «naturulykke». Det at desse naturulukkene gjeld ganske ulike typar krefter og naturelementa tilseier at det ikkje er så viktig kva art dei involverte kreftene eller naturelementa er av. Det tydelegaste fellestrekket i dei opprekna naturulukketypane er at dei gjeld tilfelle der den enkelte naturkrafta gjer seg særleg sterkt gjeldande. Det at naturkreftene er særleg sterke synest difor som eit viktig argument for at ei naturhending er ei naturulukke. Førearbeida støttar opp om dette ved å trekke eit skilje mellom ekstraordinære og uvanlege forhold, og ordinær påverknad frå naturkreftene.⁵⁵ Når påverknaden frå naturkreftene må overstige det normale, gjev det eit visst inntrykk av at det er upåreknelege naturhendingar som vert dekt av naturulukkevilkåret.

⁵³ Liknande er halde fram om ulukkevilkår i andre samband, sjå t.d. Kjønstad (1979) s. 51–52 og Selmer (1982) s. 257–261.

⁵⁴ Sjå Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50 og 52–53.

⁵⁵ Prop. 80 L (2013–2014) s. 37 og 58.

2.3 Dei opplista naturlukketypane

2.3.1 Innleiing

Her i kapittel 2.3 skal eg analysere dei seks naturlukketypane som er lista opp i lovteksten. Alle fenomena er kjende frå omtale i daglelivet, meteorologien og naturvitenskapen. I denne avhandlinga er det sentrale derimot å finne det *rettslege* innhaldet i orda. Spørsmålet er altså kva som skal til for å rekne noko som skred, storm og så bortetter i *naturskadeerstatningslova si tyding*.

2.3.2 Skred

Den første opprekna naturlukketypen er «skred». Etter vanleg språkbruk vert «skred» nytta om større mengder faste massar som sklir, rullar eller fell mot lågare punkt i terrenget.

I Holmboe-innstillinga er det lagt til grunn at snø-, stein-, jord- og leirkred er omfatta av vilkåret, og også steinsprang.⁵⁶ Dette dekkjer eit vidt spekter av naturmateriale, noko som tilseier at det har lite å seie kva type massar som er i skredet, så lenge dei ikkje er kunstig framstilte. Det at Statens landbruksforvaltning med tilvising til praksis føreslo ein legaldefinisjon med eit liknande breitt utval av naturmateriale støttar opp om dette.⁵⁷ Slutninga samsvarer dessutan godt med ordlydstolkinga, og må leggjast til grunn.

Grensa mot kunstig framstilte massar har ei viss støtte i det overordna vilkåret «naturulykke», sidan det inneber eit krav om at det er naturen, i betydinga noko ikkje menneskeskapt, som gjer skade (sjå kapittel 2.2). Ho er derimot ikkje drøfta i førearbeida eller rettspraksis, men har kome på spissen i eit nemndsvedtak. I vedtaket var det «utfylte masser» som hadde rasa ut og hendinga vart uttrykkeleg avvist å vere skred i «naturlige masser».⁵⁸ Formuleringsa «utfylte masser» kan gje ein viss indikasjon på at det ikkje berre er kunstig framstilte massar som fell utanfor kravet om naturlege massar, men også ikkje-kunstige massar som er flytta på av menneske. Vedtaket kan likevel vanskeleg takast til inntekt for dette aleine, sidan eitt enkeltståande nemndsvedtak har låg rettskjeldevekt og det som nemnt i kapittel 1.2 må visast

⁵⁶ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

⁵⁷ Sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 smh. s. 163–164. Definisjonen vart ikkje med inn i departementets lovutkast, men Prop. 80 L (2013–2014) indikerer ikkje at det skuldast materiell usemje, så definisjonen er framleis av ei viss interesse.

⁵⁸ Sjå NSK-2017-68037.

varsemd med å legge mykje i ordbruken i dei kortfatta vedtaka. Det er då av interesse at Norsk Naturskadepool har gjeve uttrykk for at menneskeplasserte massar reknast som naturlege under naturskadeforsikringslova når dei har lege i 30 år.⁵⁹ Synsmåten frå naturskadepoolen har ikkje rettskjeldevekt utover argumentasjonsverdien, og i fråvera av sterke underbyggingsgrunnlag vert underliggende omsyn sentrale. Naturskaderstatnings-ordninga gjev som nemnt vern mot skade frå påverknad frå naturkrefter. Skade frå menneskeplasserte massar kan derimot i utgangspunktet synest som utslag av risikoen ved därleg plassering heller enn utslag av naturkrefter. Det taler mot å rekne menneskeplasserte massar som naturlege massar. Over tid vil massane derimot «setje seg» og få eit meir permanent preg, og i forlenginga av dette kan utrasing av massar lenge etter at dei vart plasserte i større grad synest som utslag av naturkrefter. Det vert dessutan vanskelegare å bevise kor vidt masser er naturlege eller menneskeplasserte etter kvart som tida går, og omsynet til vern av dei skadelidne taler då for å rekne massane som naturlege etter ei tid. Eg ser det difor som truleg at menneskeplasserte, ikkje-kunstige massar må kunne reknast som naturlege etter ei tid også under naturskaderstatningslova sitt skredvilkår. Kor lang tid som må gå, ser eg som usikkert.

Det neste spørsmålet er kor mykje masse som må rase for at hendinga skal vere eit «skred». Etter vanleg språkbruk er «skred» større mengder masse. At naturulukkevilkåret knyt seg til ekstraordinære eller uvanlege forhold, jf. kapittel 2.2, støttar i noko grad dette argumentet. Også NSK-2017-68037 gjev ei viss støtte sidan nemnda uttalte at skred er «større masser», men eitt enkeltståande vedtak har lita vekt. Det gjeld særleg når det aktuelle momentet som i dette vedtaket ikkje vert underbygd eller utdjupa.

Det overordna naturulukkevilkåret kan også gje bidrag i motsett retning. Normalsituasjonen er at massane ligg i ro, og det kan gje grunnlag for å seie at all utrasing har noko uvanleg over seg. Til dette kjem at steinsprang ifølgje førearbeida er «skred». Sidan steinsprang synest å også omfatte utrasing av få steinar, samsvarer det därleg med eit generelt krav om større massar. Det synest dessutan å verte utfordrande å trekke grensa mellom utrasingar av ulike storleikar, og rettstekniske omsyn og omsynet til praktisk bruk av vilkåra under masseforvaltninga taler difor sterkt mot ei slik grensetrekking. Eg kjem difor til at det ikkje er noko minstekrav til kor mykje masse som må rase ut.⁶⁰

⁵⁹ Norsk Naturskadepool (2017b). I nemndspraksisen under naturskadeforsikringslova er massar opplagt 17 og 20 år før skadetidspunktet *ikkje* rekna som naturlege, sjå NSN-2009-5951 og NSK-2018-20117.

⁶⁰ Slik også Landbruksdirektoratet (2016) og Norsk Naturskadepool (2017b).

Naturskadeerstatningslova § 9 om eigendel og minsteutbetaling vil nok likevel indirekte gjere at dei aller minste skreda i utgangspunktet ikkje gjev erstatningsutbetaling. Samstundes kan fleire etterfølgjande småskred samla gjere stor skade. At naturulukker som vist i kapittel 2.2 er enkelthendingar indikerer at småskreda skal vurderast enkeltvis. Departementet har likevel opna for å vurdere dei som éi naturulukke.⁶¹ Det er praktisk viktig på grunn av reglane om eigendel og minsteutbetaling. Kor små skreda kan vere og likevel reknast saman, og kor lang tid som kan gå mellom kvart skred, er uklart. Det som derimot er klart, er at erosjon verken er skred eller kan reknast med der fleire små enkelthendingar kumulerast.⁶² Kravet om utrasing er altså absolutt.

2.3.3 Storm

Den neste naturulukketypen er «storm». Etter vanleg språkbruk er «storm» relativt sterkt vind. I meteorologien vert vinden ofte kategorisert etter Beauforts vindskala, der liten, full og sterkt storm vert nytta om vind mellom 20,8 m/s og 32,6 m/s.⁶³ Plassen vårmeldingane har i dagleglivet gjev grunn til å tru at denne terminologien er komne inn i daglegtalen. Dermed kan den vanleg språklege forståinga av «storm» spesifiserast til vind som fell innanfor dei tre stormkategoriane i vindskalaen.

Det er teke inn eit utsnitt av Beauforts vindskala i Holmboe-innstillinga.⁶⁴ Det underbyggjer at vindskalaen er relevant for forståinga av «storm» i naturskadeerstatningslova si tyding. Samstundes gjev utsegner frå utvalet grunn til ein viss tvil om kor vidt liten storm er tilstrekkeleg etter lovvilkåret. Holmboe-utvalet uttalte nemleg at ein må forstå storm som «vind av slik styrke at man må regne med at den gjør skade», og at det først er ved full storm og sterke vind at ein kan rekne med skadestorm. Like etter vart det gjeve uttrykk for at lokale tilhøve kan verke inn på vindstyrken, slik at fondsstyret må vurdere «om stormen har vært av slik styrke at skaden kan betegnes som naturskade i lovens forstand».⁶⁵ I det sist siterte indikerer ordet «stormen» at ikkje all storm etter Beauforts vindskala er storm i naturskadeerstatningslova si tyding, men terskelen går ikkje fram. Uklarleiken kring kvar terskelen elles skulle gått, er ei sterkt innvending mot dette tolkingsbidraget frå Holmboe-innstillinga.

⁶¹ NOU 1974: 9 s. 24.

⁶² Sjå Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 25.

⁶³ Dannevig og Harstveit (2018).

⁶⁴ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

⁶⁵ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50–51.

Nyare rettspraksis, forvaltningspraksis og den føreslegne definisjonen frå Statens landbruksforvaltning som var meint å svare til dågjeldande rett reknar derimot «storm» som vind over 20,8 m/s.⁶⁶ Ein dom og nokre få vedtak er for lite til å konstatere ein fast praksis. Det viktigaste er difor at ordlyden taler for at vind over 20,8 m/s er storm, og at det motstridande bidraget frå Holmboe-innstillinga vart svekt av uklarleiken om terskelen. Eg kjem altså til at «storm» er vind over 20,8 m/s.

Sidan vinden har større skadeevne og er meir ekstraordinær dess sterkare han er, kan ikkje den øvre grensa for «storm» etter vindskalaen gje avgrensing for vilkåret «storm». Også sterkare vind enn 32,6 m/s er difor «storm» i naturskaderstatningslova si tyding.⁶⁷

Det siste spørsmålet er om referansepunktet for stormvilkåret er styrken i middelvinden eller kastevinden. Beauforts vindskala er knytt til middelvinden i timinuttsintervall.⁶⁸ Det kan då synest nærliggande at middelvinden også er avgjerande under stormvilkåret. Statens landbruksforvaltning la derimot til grunn at vindkast av storm styrke etter dågjeldande rett oppfylte vilkåret, men utan nærmere referansar.⁶⁹ Sjølv har eg funne eitt forvaltningsvedtak som eksplisitt synest å rekne vindkast av storm styrke som tilstrekkeleg.⁷⁰ Andre vedtak er meir uklare. Rettskjeldegrunnlaget er altså tynt. At kastevinden gjev eit meir reelt bilet av den maksimale krafta i vinden på skadetidspunktet enn kva middelvinden gjev, kan tale for at kastevinden er det relevante referansepunktet. Samstundes synest det usikkert om svakare middelvind, med vindkast på 20,8 m/s, er tilstrekkeleg uvanleg og ekstraordinært til å reknast som «naturulykke». Denne tvilen gjev grunn til å falle tilbake på at ordlyden og førearbeida tilseier at Beauforts vindskala er relevant, og at den er knytt til middelvinden. Middelvinden må difor vere over 20,8 m/s for at det skal vere «storm».⁷¹

⁶⁶ Sjå LG-2015-102574, NSN-2009-3614, NSN-2009-4348, NSN-2010-1429 og Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 smh. s. 163. Definisjonen vart ikkje vedteken, men det er ikkje haldepunkt for at det skuldast det materielle innhaldet.

⁶⁷ Tilsvarande Maric (2013) s. 74–75 for stormvilkåret i naturskadeforsikringslova. Sjå også LF-2014-49738, der lagmannsretten viser til at partane er samde om at skaden skuldast orkan «og derved en naturulykke».

⁶⁸ Dannevig og Harstveit (2018).

⁶⁹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 163–164.

⁷⁰ NSN-2010-1429.

⁷¹ Landbruksdirektoratet ser også middelvinden som avgjerande, sjå Landbruksdirektoratet (2019b).

2.3.4 Flaum

2.3.4.1 Innleiing

Den neste naturulukketypen er «flom». I daglegtalen vert «flom» forstått som tilfelle der vassdrag går over breiddene, typisk fordi sterk nedbør eller snøsmelting har heva vasstanden.

I odelstingsproposisjonen til 1961-lova la departementet til grunn at flaum-vilkåret i tillegg til flaum i vassdrag skulle dekkje flaumskadar under varig intens nedbør i bratt terreng utanfor regulert område med utbygd kloakknett.⁷² Statens landbruksforvaltnings forslag til flaumdefinisjon byggjer også på ei slik todeling, men med meir konkretiserte moment og nemninga «villbekkar» om flaumtilfella utan tilknyting til vassdrag.⁷³ Ein gjennomgang av nyare vedtak viser at ein nesten lik, todelt definisjon er lagt til grunn i åra 2009–2016.⁷⁴

Utgreiinga og vedtaka synest som ei vidareføring og presisering av departementets tilnærming i 1961, og indikerer så langt at rettstilstanden er langvarig og festna over tid. I proposisjonen til naturskaderstatningslova vert skade frå villbekkar etter kraftig regn derimot nemnt i samband med unntaksregelen i tredje ledd, som døme på ein nedbørsskade som kan vere urimeleg å ikkje kompensere.⁷⁵ Formuleringa kan gje inntrykk av at det er flaum i form av villbekkar som er meint.⁷⁶ I så fall er det påfallande at avviket frå den etablerte systematikken ikkje vert kommentert, særleg sidan gjeldande rett skulle verte vidareført.⁷⁷ Sidan departementet framhevar typetilfellet som eitt det ville vere urimeleg å nekte erstatning i, synest det også påfallande at departementet ville flytte typetilfellet frå første ledd, som gjev rett til erstatning i alle tilfelle der vilkåra er oppfylt, til tredje ledd, som berre gjev unntaksvis rett til erstatning. I lys av at det også er uklart om det er villbekkar som kvalifiserer som «flom» departementet siktar til, gjev utsegnene ikkje grunnlag for å fråvike den etablerte rettstilstanden der både flaum i vassdrag og flaum i form av villbekkar er «flom» etter naturskaderstatningslova. I den vidare

⁷² Ot.prp. nr. 36 (1960–1961) s. 13 sml. Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51 som avgrensa til flaum i vassdrag.

⁷³ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 smh. s. 164, sjå nærmere nedanfor. Definisjonen vart ikkje med i departementets lovutkast, men Prop. 80 L (2013–2014) indikerer ikkje at det skuldast materiell usemje.

⁷⁴ Sjå t.d. NSN-2009-522, NSN-2009-524, NSN-2009-3926, NSN-2015-22253, NSN-2015-26521 og NSN-2015-50439, og nærmere nedanfor.

⁷⁵ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58–59.

⁷⁶ Slik forståing kan synest å vere lagt til grunn i NSK-2017-24666, men det at den tidlegare forståinga av flaum vert drøfta vidare etter at endringa i proposisjonen er vist til, gjer det litt uklart. Den tidlegare systematikken er vidareført i t.d. NSK-2017-61098 og NSK-2017-68037.

⁷⁷ Prop. 80 L (2013–2014) s. 38 og 58.

drøftinga legg eg denne tilnærminga til grunn, og eg analyserer dei to typane flaum kvar for seg.

2.3.4.2 Flaum i vassdrag

I fråvere av nærmere bidrag frå førearbeida og rettspraksis, vert nemndspraksisen den sentrale rettskjelda for vidare utpensling av kva flaum i vassdrag er. Nemnda har i svært mange flaumsaker eksplisitt gjeve uttrykk for korleis ho forstår vilkåret. Denne forståinga er presentert nærmast som ein definisjon, noko som gjev inntrykk av høg intensjonsjubde og tilseier sterke vektlegging. Så vidt eg kan sjå har nemnda gjennomgåande lagt til grunn éin slik definisjon av flaum i vassdrag frå 2009 til første del av 2017. Dimed er det ein fast praksis av noko varigheit og omfang.

Definisjonen går ut på at flaum i vassdrag er «en situasjon der ekstraordinær nedbør/sterk snøsmelting fører til unormalt høy vannstand med skadenvoldende oversvømmelse».⁷⁸ Formuleringsa samsvarer godt med det som vart utleia av ordlyden i punktet ovanfor. Definisjonen er dessutan tilnærma lik den Statens landbruksforvaltning føreslo å lovfeste, og som var meint å svare til tidlegare forvaltningspraksis.⁷⁹ Trass fråveret av presise referansar, indikerer utgreiinga i noko grad at det ligg ein lengre praksis bak denne forståinga av flaum i vassdrag. I fråvere av tyngre rettskjelder tilseier omsynet til førevisse og lik rettsbruk sterke vektlegging av definisjonen frå nemnda.

Problemet er at det frå slutten av 2017 har kome vedtak der nemnda gjev uttrykk for annleis formulerte definisjonar med tilsynelatande nye moment. I somme vedtak er det lagt til grunn at skade frå flaum i vassdrag må ha oppstått brått og plutselig som følgje av overfløyming frå vassdrag, og at skadar ved erosjon over tid ikkje skuldast naturulukke.⁸⁰ I andre vedtak er flaum

⁷⁸ Sjå til dømes NSN-2009-524, NSN-2009-522, NSN-2009-3926, NSN-2015-50439, NSN-2015-22253 og NSN-2015-26521. Der er somme variasjonar i rettskrivinga, utan betydning for innhaldet. I forlenginga av det siterte vert flaum som villbekkar definert, noko eg ser nærmare på i neste punkt.

⁷⁹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 jf. s. 164. Forskjellen er at forslaget ikkje kravde at nedbøren og snøsmeltinga skulle vere ekstraordinær eller sterke. Definisjonen vart ikkje med inn i departementets lovutkast, men Prop. 80 L (2013–2014) indikerer ikkje at det skuldast materiell usemje, så definisjonen er framleis av ei viss interesse.

⁸⁰ Sjå NSK-2017-28156, NSK-2017-38899, NSK-2017-39714, NSK-2017-40452, NSK-2017-62739, NSK-2017-62279 og NSK-2018-17007. Første tida denne definisjonen vart brukt, vart den eldre brukt parallelt, sjå t.d. NSK-2017-21481 og NSK-2017-25631.

i vassdrag definert som «oversvømmelse fra vassdrag som følge av høy vannføring».⁸¹ Spørsmålet er kva dette har å seie for betydinga av den meir etablerte definisjonen.

Sidan dei nye definisjonane kom etter at naturskaderstatningslova kom i kraft, kunne det synest som dei var utslag av lovendringa. Denne synsmåten møter motstand av at rettstilstanden skulle vidareførast. Vidare gjev den parallele bruken av fleire definisjonar inntrykk av at intensjonsdjubda er låg, og det svekkjer vekta. I tillegg synest momenta helst som upresise formuleringar av momenta frå den etablerte definisjonen: At skaden må skuldast overfløyning frå høg vassføring, ser ut som ei mindre presis formulering av kravet i den etablerte definisjonen om overfløyning frå «unormalt høy vannstand». Liknande synest framhevinga av at skaden må oppstå brått og plutselig som ei omformulering av at naturulukker er plutselige enkelt-hendingar, jf. ovanfor i kapittel 2.2. Når det då også er få vedtak der dei nye definisjonane vert brukt, må dei sjåast vakk frå.

Den eldre definisjonen er etter dette det naturlege utgangspunktet for drøftinga vidare, og spørsmålet no er kva som ligg i at flaum i vassdrag er tilfelle der ekstraordinær nedbør eller sterkt snøsmelting fører til unormalt høg vasstand med skadevaldande overfløyning.

Etter vanleg språkbruk forstår ein vassdrag som stadar med varig rennande vatn i terrenget, til dømes elvar og bekkar.⁸² I førearbeida er det avgrensa mot «oversvømmelse», som er knytt til unntaket for nedbørsskadar.⁸³ Eg forstår dette som ei tilvising til overvatn, altså regnvatn som har samla seg på overflata uavhengig av vassdrag.

Det neste kravet er at vasstanden er «unormalt høy». Vatnet må altså ha stige til eit nivå som overskrid det vanlege. Sidan normalen varierer frå stad til stad, må referansepunktet vere vasstanden i det aktuelle vassdraget.⁸⁴ Vasstanden varierer også gjennom året, så det er sentralt om referansepunktet er middelvasstanden eller dei høgste vassnivåa gjennom året. Årlege normalvariasjonar synest å falle utanfor det ein kan kalle uvanleg og ekstraordinært.⁸⁵ Dimed må referansepunktet for «unormalt høy» vere dei høgste årlege nivåa over noko tid. I samband

⁸¹ Sjå NSK-2017-33410, NSK-2017-48616, NSK-2017-61098, NSK-2017-68037 og NSK-2018-25811.

⁸² Liknande også definisjonen av «vassdrag» i lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann § 2 første ledd, sjølv om også stillestående overflatevatn er inkludert der.

⁸³ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51; Ot.prp. nr. 36 (1960–1961) s. 13.

⁸⁴ Liknande NOU 2015: 16 s. 252, der det vart lagt til grunn at kva som er ei ekstraordinær nedbørs- eller flaumhending i relasjon til ei spesifikk føreslått lovføresegn kan variere med ulike parameter i nedbørsmønsteret «for det aktuelle området skaden oppstod».

⁸⁵ Sjå til dette at Landbruksdirektoratet på sine heimesider, Landbruksdirektoratet (2019a), opplyser at: «Årvisse vårflokker er eksempel på flom som ikke utgjør en naturulykke.»

med forslaget til legaldefinisjon gjev Statens landbruksforvaltning uttrykk for at det ikkje er tilstrekkeleg at situasjonen kunne «karakteriseres som en 10 årsflom».⁸⁶ Isolert sett synest dette som som eit krav til storleiken på flaumen. Tilvisinga til tiårsflaumen er samanstilt med at det heller ikkje er tilstrekkeleg med «relativt mye nedbør» og at det må vere «unormalt mye vann som fører til at vannet for eksempel tar nye løp eller oversømmer områder og medfører skade».⁸⁷ Dette tilseier at tilvisinga ikkje er meint som eit krav om kor høg vasstanden måtte vere. I staden synest det som den samla utsegna skal vise at det ikkje er tilstrekkeleg at vasstanden er over eit visst nivå, men at det i tillegg må vere overfløyming, nye vasslaup og så bortetter. Fråveret av fokus på gjentaksintervallet for vassnivået i andre kjelder underbyggjer dette, saman med at tiårsintervallet synest strengt når femårsintervallet er avgjerande ved stormflo.⁸⁸ Den nærmere grensetrekkinga er usikker, men sidan det meir kvalifiserte ordet «ekstraordinær» er brukt andre stadar i definisjonen, synest ikkje ordet «unormal» å krevje ekstremt høg vasstand.

Det neste kravet er at den unormalt høge vasstanden skuldast «ekstraordinær nedbør/sterk snøsmelting». Skråstreken viser at årsakene er alternative. Ordet «ekstraordinær» tilseier at vasstanden må vere mykje over normalen.⁸⁹ Ordet «sterk» krev ikkje eit like kvalifisert nivå. Nøyaktig kva som krevjast, er også her uklart. Vidare må referansepunktet, likt som for «unormalt» ovanfor, vere kva som er vanleg maksimal nedbør eller snøsmelting innanfor eit gjeve tidsrom på den aktuelle staden.

Til sist må den unormalt høge vasstanden gje «skadenvoldende oversvømmelse». Vatnet må altså gå over breiddene, og dette må leie til skade. Fråveret av kvalifiserande ord tilseier at det ikkje er nærmere krav til omfanget av verken overfløyminga eller skaden.

2.3.4.3 Flaum i form av villbekkar

Rettskjeldesituasjonen for flaum i form av villbekkar liknar på kva som er tilfelle for flaum i vassdrag: Førearbeida gjev ikkje bidrag utover det som er nemnt ovanfor i kapittel 2.3.4.1, og det er ikkje autoritativ rettspraksis. I nemndspraksisen er det lagt til grunn éin definisjon mellom 2009 og byrjinga av 2017, og den liknar på den føreslegne definisjonen frå Statens landbruks-

⁸⁶ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 164.

⁸⁷ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 164.

⁸⁸ Sjå om stormflo i kap. 2.3.5.

⁸⁹ Desse to orda var som nemnt ikkje med i forslaget frå Statens landbruksforvaltning, sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173. I lys av at dei går igjen i mange vedtak over tid, kan forskjellen ikkje få vekt.

forvaltning. Seinare har det derimot kome avvikande definisjonar i nemndspraksisen. Når betydinga av desse avvika skal vurderast, er det første steget å avklare kva vekt den meir etablerte praksisen har.

Definisjonen frå 2009–2017 går ut på at flaum i form av villbekkar er ein situasjon der «ekstraordinær, naturlig avrenning danner villbekker i skrånede terreng. Det forutsettes at situasjonen medfører ekstraordinær skade.»⁹⁰

Tidspennet, omfanget av og klarleiken kring definisjonen i vedtaka gjer at det ligg ein forvaltningspraksis av noko vekt bak definisjonen. Når forslaget frå Statens landbruksforvaltning, som var meint å svare til etablert praksis, er nesten likt,⁹¹ synest det dessutan å liggje ein lengre praksis bak definisjonen enn kva dei publiserte vedtaka aleine viser. Det styrkjer vekta.

Spørsmålet er kva dei avvikande definisjonane har å seie for denne etablerte praksisen.

Den eine av dei nye definisjonane krev at skade frå flaum i villbekkar har oppstått brått og plutselig «som følge av villbekk som oppstår i skrånende terreng ved ekstraordinær avrenning eller snøsmelting og gjør stor skade». ⁹²

Den andre definisjonen presenterer flaumtypen som villbekkar som dannast i skrånande terreng som følgje av kraftig nedbør eller snøsmelting og gjer ekstraordinær skade, med tilleggskrav om at vatnet har «stor hastighet og graver i terreng, vei eller dyrket mark og endrer objektet ved betydelige masseflyttelser». ⁹³

Sidan definisjonane er haldne fram i få vedtak over eit kort tidsrom, og dessutan bryt med ein ganske etablert praksis, er rettskjeldevekta av dei nye definisjonane i utgangspunktet låg. Eg ser difor ikkje at dei kan gje grunnlag for å bryte med eldre rett, men finn det mogleg at dei kan gje grunnlag for supplerande moment i den grad andre kjelder underbyggjer momenta.

I lys av dette får det ikkje innverknad på den etablerte definisjonen at desse nye vedtaka opererer med andre kvalifiserande ord for kor stor skade, nedbør, snøsmelting eller avrenning som må

⁹⁰ Sjå til dømes NSN-2009-522, NSN-2009-524, NSN-2009-3926, NSN-2015-22253, NSN-2015-26521 og NSN-2015-50439. Der er somme variasjonar i rettskrivinga, utan betydning for innhaldet.

⁹¹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173 jf. s. 164.

⁹² Sjå NSK-2017-28156, NSK-2017-38899, NSK-2017-39714, NSK-2017-40452, NSK-2017-62279, NSK-2017-62739 og NSK-2018-17007.

⁹³ Sjå NSK-2017-48616, NSK-2017-61098, NSK-2017-68037 og NSK-2018-25811.

vere. Vidare følgjer kravet om brå og plutselig skade allereie av ulukkesomgrepet, jf. kapittel 2.2, så dette representerer verken avvik eller supplement av etablert rett.

Kravet om at vatnet må ha høg fart og grave så det vert betydelege masseflyttingar er derimot meir interessant. Grunnen er at det inneber klart nye moment samanlikna med kva som går fram av den eldre definisjonen.

Det første momentet, at vatnet må ha høg fart, synest lite drøfta. Det sentrale utgangspunktet er at stilleståande vatn utan tilknyting til vassdrag vert rekna som overvatn og regulert under nedbørsvilkåret i tredje ledd. Det tilseier at vatnet må vere i rørsle for å kvalifisere som villbekk, men gjev ikkje grunnlag for nærmere krav til farten. I samband med naturskadeforsikringslovas tilsvarende vilkår har Arntzen lagt til grunn at vatnet må vere eller ha vore i «sterk bevegelse».⁹⁴ Dette kunne indikere eit krav om høg fart, men sidan han i direkte forlenging set opp vassamling i fordjupingar etter nedbør eller snøsmelting som motsetnad, noko som må representere stilleståande vatn, kan eg ikkje sjå at grunnlaget for synsmåten rekk lengre enn til eit krav om «bevegelse». Eg finn etter dette at momentet om at vatnet må ha høg fart momentet må sjåast vekk frå.

Momentet om at vatnet må grave og flytte på massar har vore drøfta i ein lagmannsrettsdom. Staten gjorde gjeldande eit slikt krav, men fekk ikkje gjennomslag. Retten la avgjerande vekt på at villbekkar normalt ikkje er langvarige fenomen og meinte at det difor ikkje kan krevjast at dei set spor.⁹⁵ Resonnementet synest overtydande og fornuftig, og standpunktet må etter mitt syn leggjast til grunn. Nemndas moment om graving og masseflytting må difor også sjåast vekk frå.

Dei nye definisjonane er dimed tilbakeviste, og den etablerte definisjonen frå praksis før 2017 leggjast til grunn i den vidare drøftinga. Spørsmålet no er kva som ligg i at ekstraordinær, naturleg avrenning dannar villbekkar i skrånande terreng slik at det vert ekstraordinær skade.

Stammen i ordet «villbekk», «bekk», tyder på at ein har å gjere med mindre mengder vatn som renn i eit samla far nedover terrenget. Prefikset «vill» gjev indikasjon på at vatnet anten må lage eit nytt løp eller renne i eit far der det ikkje plar vere vatn.⁹⁶

⁹⁴ Sjå Arntzen (1995) s. 376.

⁹⁵ LE-2016-196236.

⁹⁶ Liknande går fram av informasjon frå Landbruksdirektoratet, sjå Landbruksdirektoratet (2019a) om at villbekkar mellom anna inneber at det vert danna «nye bekker i skrånende terreng».

Sidan villbekkar er vatn utan samband med etablerte vassdrag, vert grensa mot overvatn viktig. I ein tingrettsdom som kjem inn på dette, er det gjeve uttrykk for at nedbøren må «samles i et vassdrag, nytt eller gammelt» og ikkje berre danne «ansamlinger på overflaten». ⁹⁷ Samlinga kan anten vere i tørrlagde bekkar og elvar eller i fordjupingar i terrenget. ⁹⁸ Det som er lagt til grunn om overvatn ovanfor trekk i same retning. Det avgjerande er altså at vatnet etablerer eit mellombels vassdrag.

Det neste kravet i definisjonen, at vatnet må renne i skrånande «terring», tilseier at det må renne i utmark, på skogsbotn eller liknande. Når vatnet derimot først samlar seg til eit far i ein skogsveg, er det mindre nærliggjande å snakke om villbekkar i skrånande «terring».

Vidare må vatnet kome frå «ekstraordinær, naturlig avrenning». Etter vanleg språkbruk er avrenning den nedbøren som ikkje fordampar, men vert liggande på jordoverflata. ⁹⁹ Kor vidt også smeltevatn er omfatta, synest uvisst. Vidare gjer ordet «naturlig» at ein må avgrense mot tilfelle der vatnet er i rørsle på grunn av menneskelege handlingar. Ordet «ekstraordinær» viser på si side at avrenninga må vere svært kraftig. Referansepunktet er nok også her kva som ligg innanfor det gjennomsnittleg maksimale nivået på staden over ein gjeven periode, jf. drøftinga om liknande vilkår i kapittel 2.3.4.2.

Det siste kravet er at villbekken må ha gjort «ekstraordinær skade». Ordet «ekstraordinær» er som nemnt sterkt kvalifiserande. Det er dessutan fleksibelt og legg opp til ei skjønnsvurdering med rom for fleire moment. Typen skade og skadeomfanget er særleg nærliggande moment. Desse vart brukte i LE-2016-196236, saman med kostnaden, ved at retten la vekt på at skadane både var annleis, meir omfattande og meir kostbare å utbetre enn dei som skuldast telehiv og brukte å vere i området. Vurderingsmomentet «ekstraordinær» er fleksibelt nok til å fange opp også kostnaden. At momentet er relevant, kan også underbyggast med naturskaderstatningslova sitt føremål, jf. § 1, sidan den skadelidne sitt behov for hjelp til å halde fram med verksemda gjerne er større dess meir kostbar skaden er. Sjølv om alle tre momenta gjorde seg gjeldande i dommen, synest vurderingsmomentet «ekstraordinær» ikkje å krevje det. Vurderingsmomentet er i staden fleksibelt nok til å romme ei heilskapsvurdering der momenta kan gjere seg gjeldande i ulik grad og den avsluttande avveginga vert avgjerande.

⁹⁷ Fosen tingretts dom 27. juni 2014 (Sak nr. 13-151000TVI-FOSN), s. 5–6.

⁹⁸ Dommens s. 6.

⁹⁹ Sml. Rosvold (2014).

I ein dom frå Fosen tingrett vart krava til skaden konkretisert som at vatnet må ha «samlet seg i bekkefar og på den måten gjort samme virkning på omgivelsene som flom i et vassdrag» og at det må vere eit «flomlignende skadebilde».¹⁰⁰ Sidan det typisk er meir vatn og dermed større skadepotensiale ved flaum i vassdrag enn ved villbekkar, må det vere skadetypen og ikkje skadeomfanget som er sikta til. Vidare er det i lys av kravet om «ekstraordinær» skade grunn til å tru at flaumliknande skadebilete trekk ei grense mot den type påverknad vatnet i eit vassdrag plar gjere over tid.

2.3.5 Stormflo

Den neste naturulukketypen er «stormflo». Ordet «stormflo» synest lite utbreidd i daglegtalen, og det er difor ikkje noko naturleg språkleg forståing å leggje vekt på utover at «flo» tyder på at vasstanden må stige og «storm» indikerer at stigena må ha samband med vind over 20,8 m/s.

I Holmboe-innstillinga vert stormflo forklart som at storm pressar sjøen mot land slik at vatnet stig, og bølgjeslag og overfløyming vert trekt fram som aktuelle skademåtar.¹⁰¹ Ei liknande forståing går også fram av nemndspraksisen.¹⁰² Både førearbeida, rettspraksis og nemndspraksisen stiller dessutan krav til kor høgt vatnet må stige for at fenomenet skal reknast som «stormflo». Kjeldene viser ei gradvis presisering, og moglegvis også skjerping av kravet. Det gjev grunn til noko meir nærgåande undersøkingar av rettskjeldegrunnlaget bak det som vert lagt til grunn i dag.

I Holmboe-innstillinga vart det lagt til grunn at vilkåret ikkje er oppfylt om vatnet ikkje står høgare enn ved vanleg springflo.¹⁰³ Springflo er eit fenomen som kjem kvar fjortande dag.¹⁰⁴ Sidan springflo dimed er relativt vanleg, medan det overordna naturulukkevilkåret krev uvanlege og ekstraordinære forhold (sjå kapittel 2.2), kan utsegna ikkje tolkast antitetisk. Dette vert også støtta av at Statens landbruksforvaltning la til grunn at vasstanden må vere «betydelig over springflomålet».¹⁰⁵ Ordet «betydelig» er rett nok vagt, men tilseier at stormfloa må vere ein del høgare enn springfloa.

¹⁰⁰ Fosen tingretts dom 27. juni 2014 (Sak nr. 13-151000TVI-FOSN) s. 6 og 7.

¹⁰¹ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51

¹⁰² Sjå t.d. NSK-2016-24484-3 og NSK-2018-54499.

¹⁰³ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51.

¹⁰⁴ Store norske leksikon (2018).

¹⁰⁵ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 164.

I lys av at Statens landbruksforvaltning definerte dei andre naturulukketypane ganske detaljert, er det påfallande at stormflodefinisjonen vart utforma så vagt.¹⁰⁶ Det vase kravet kan tyde på at det ikkje fanst noko skarpt kriterium på tidspunktet. Utviklinga i dei publiserte vedtaka kan tyde på det same. I somme vedtak, primært frå 2011 til 2015, vert avslaget grunngjeve med at vatnet stod på eit nivå som kjem tilbake meir enn ein gong årleg.¹⁰⁷ I om lag same tidsrom vert vasstanden i somme andre vedtak relatert til femårsintervallet, altså vassnivået som statistisk sett oppstår ein gong kvart femte år. Tilvisingane kjem i attgjevinga av faktumet og synsmåtane frå parten, og ikkje i sjølv vedtaket.¹⁰⁸ Det er difor uklart om samanlikningsgrunnlaget er valt av nemnda sjølv. Vedtaka indikerer difor berre at *nokon* meinte at femårsintervallet var relevant for det rettslege vilkåret. Derimot har nemnda frå 2017 eksplisitt lagt til grunn i sjølv vedtaka at det først er ved ei stormflo med fem års gjentaksintervall det er «stormflo» i naturskadeerstatningslova si tyding.¹⁰⁹ Det er middelvasstanden som er referansepunktet, ikkje bølgje-høgda.¹¹⁰ Sett under eitt, indikerer vedtaka at kravet om at vasstanden må overstige femårsintervallet har kome fram gjennom gradvis presisering og utvikling. Rettskjeldegrunnlaget eg har funne gjev dimed ikkje grunnlag for å konstatere nokon langvarig praksis. Samstundes er han meir ei presisering enn eit avvik frå dei eldre kjeldene, og det gjev rom for ei viss vektlegging.

Med tilvising til praksis er femårsintervallet også lagt til grunn som avgjerande i tre lagmannsrettsdommar.¹¹¹ På grunn av det svake grunnlaget for praksisen, er det noko uheldig at kravet ikkje er vurdert nærrare i dommane. Samstundes er eit viktig argument at den litt strenge kvalifiseringa i femårsintervallet vert støtta av kravet frå det overordna naturulukke-vilkåret om at forholda må vere uvanlege eller ekstraordinære, jf. kapittel 2.2. Denne støtta i ordlyden, og det relativt breie omfanget praksisen frå dei siste åra har, gjer at eg finn tilstrekkeleg grunnlag for at femårsintervallet har vorte etablert som krav no.

¹⁰⁶ Sjå særleg definisjonane av storm og jordskjelv i Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173.

¹⁰⁷ Sjå t.d. NSN-2011-11371, NSN-2012-19375, NSN-2013-1678, NSN-2013-29901, NSN-2014-9024, NSN-2015-3148.

¹⁰⁸ Sjå t.d. NSN-2012-25356, NSN-2013-153, NSN-2013-17182, NSN-2015-4549, NSN-2015-41360 og NSK-2016-46521.

¹⁰⁹ Sjå t.d. NSK-2016-22661-3, NSK-2016-28345, NSK-2017-67161, NSK-2018-3196 og NSK-2018-54499.

¹¹⁰ Jf. NSK-2016-28345, tilsynelatande også t.d. NSN-2016-69 og NSN-2016-21458.

¹¹¹ LF-2017-194586/LF-2017-194592, LG-2015-102574 og LG-2018-23731. ILF-2017-194586/LF-2017-194592 vert det vist til at dette følgjer av «langvarig forvaltningspraksis», i LG-2018-23731 at det følgjer av «forvaltnings- og rettspraksis». Femårsintervallet er også implisitt lagt til grunn som krav i Vesterålen tingretts dom 31. oktober 2014 (sak nr. 14-067778TVI-VTRA) s. 6 smh. s. 3 og LG-2018-45981.

Avslutningsvis er det i lys av kritikk dei seinare åra grunn til å sjå noko nærmare på korleis faktum vert vurdert under stormflovelkåret. Vasstanden på skadestaden på skadetidspunktet vert fastsett på grunnlag av utrekning med utgangspunkt i målingar frå Kartverkets regionale målestasjonar. I somme saker har dei skadelidne halde fram at denne vurderingsmåten ikkje fangar opp lokale variasjonar i vasstanden og difor er utilstrekkeleg.¹¹² Nemnda har i etterkant innrømma at framgongsmåten er upresis og usikker, og at det ikkje kan utelukkast at det er lokale effektar som Kartverkets modell ikkje fangar opp.¹¹³ Nemnda synest likevel ikkje å finne grunnlag for å gå vekk frå vurderingsmåten. Ein viktig grunn til dette synest å vere at femårsintervallet vert rekna ut på same måten, og at ein del forhold som kan tenkjast å påverke nivået i enkeltilfelle, dimed også vil påverke femårsintervallet.¹¹⁴ Om desse synsmåtane stemmer, treng kanskje ikkje konklusjonane å verte påverka av svakleikane ved vurderingsmåten. Sidan centimeter vert avgjerande for om stormflovelkåret er innfridd eller ikkje, synest det ønskeleg med naturvitenskaplege undersøkingar av i kva grad synsmåten stemmer.

2.3.6 Jordskjelv

Jordskjelv er plutselige, kraftige skakingar i bakken. Styrken i jordskjelvet målast etter Richters skala, og Statens landbruksforvaltning føreslo at jordskjelvet må vere over 5 på denne skalaen for å vere rekna som naturulukke.¹¹⁵ Same grense er vist til i det einaste vedtaket eg har funne som eksplisitt kommenterer grensetrekkinga.¹¹⁶ Sidan definisjonen ikkje er vedteken, og det aktuelle forvaltningsvedtaket attpå til gjeld naturskadeforsikringslova, er rettskjeldegrunnlaget svært tynt. I lys av det overordna naturulukkeomgrepets krav om at naturulukker er ekstraordinære hendingar der påverknaden frå naturkraftene er særleg sterkt, synest det på den andre sida ikkje unaturleg at jordskjelv må ha ein slik sterkt styrke for å reknast som naturulukker. Så sjeldan som det er slike kraftige jordskjelv i Noreg, er nok «jordskjelv» som naturulukkevilkår lite praktisk aktuelt. Eg går difor ikkje nærmare inn på dette vilkåret.

¹¹² Slik kritikk går særleg tydeleg fram i saka som leia til LG-2018-23731.

¹¹³ Sjå NSK-2016-22661-3, NSK-2016-24484-3 og NSK-2016-24500-3.

¹¹⁴ Dette synest, om enn litt uklart, også å gå fram av vedtaka nemnt i førre note.

¹¹⁵ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 173.

¹¹⁶ NSN-2013-1105.

2.3.7 Vulkanutbrot

Vulkanutbrot er plutselige utslepp av lava fra jordas indre. Slike hendingar kan ha svært stort skadepotensiale, og vert nok difor i større grad assosiert med katastrofar enn dei andre opprekna naturulukketypane. På den andre sida er vulkanutbrot sjeldne.

Vilkåret er lite praktisk aktuelt for Fastlands-Noreg, og berre med i opprekninga i tilfelle lova kjem til bruk for bilanda.¹¹⁷ Eg går difor ikkje nærmere inn på dette vilkåret.

2.4 Hendingar som *ikkje* er naturulukker

Så langt har fokuset vore på kva lova reknar som naturulukker. I analysen av kva ei naturulukke er, kan også kjenneteikna ved naturhendingane som *ikkje* er naturulukker motsetnadsvis gje bidrag. Det er difor grunn til å undersøke kva felles kjenneteikn det er mellom naturhendingane som eksplisitt er haldne utanfor naturulukkevilkåret.

Desse hendingane er nedbør, isgang, lyn, tele, tørke eller angrep frå dyr, insekt, bakteriar, sopp eller liknande. Dei to første er regulert i naturskadeerstatningslova § 4 tredje ledd om at det ved særlege forhold «også» kan gjevast erstatning for skade som direkte skuldast nedbør og isgang.¹¹⁸ Ordet «også» viser at føresegna utvidar retten til erstatning, og det kan berre vere tilfelle om hendingane ikkje er naturulukker og difor fell utanfor første ledd. Dei andre naturhendingane var det gjort eksplisitt unntak for i dei førre naturskadelovene.¹¹⁹ Sjølv om unntaka ikkje går fram av naturskadeerstatningslova, er dei meint å gjelde framleis.¹²⁰ Når det ikkje vart funne naudsynt å nemne unntaka i lova, må det bety at heller ikkje desse naturfenomena er naturulukker.

I Holmboe-innstillinga vart dei unntakne naturhendingane omtala som «(unntatt storm)», klimaskadar og skadar ved angrep av dyr, insekt og liknande.¹²¹ Vêret over kortare eller lengre tid, sett vekk frå storm, er altså ikkje naturulukker. Utvalet heldt fram at hendingane tidvis kan få slikt omfang at det ville vore rettkome å kalle dei naturulukker, men at dei er av

¹¹⁷ NOU 1974: 9 s. 24.

¹¹⁸ Tilsvarande i naturskadelova 1961 § 5 andre ledd og naturskadelova 1994 § 4 andre ledd (før opphevinga ved lov nr. 59/2014).

¹¹⁹ Sjå naturskadelova 1961 § 5 andre ledd og naturskadelova 1994 § 4 andre ledd (før opphevinga ved lov nr. 59/2014).

¹²⁰ Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

¹²¹ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51.

ein annan karakter enn dei lova primært tek sikte på og at belastninga på fondet ville bli for stor om dei vart medrekna.¹²² Den økonomiske børa er vanskeleg å vurdere betydinga av, særleg sidan også økonomisk tyngjande naturhendingar er tekne med i naturulukkedefinisjonen. Det er difor karakteren av hendingane som synest best eigna til å gje bidrag til vurderingane og som difor vert undersøkt her.

Skade frå dyr, insekt, bakteriar, sopp og liknande er særprega ved at det er organismar heller enn naturelementa (vind, vatn, jord, og så bortetter) som er verkande faktor. Dette gjev hendingane ein litt annan karakter enn dei opplista naturulukkene, men ut frå at typen verkande naturelement synest å ha lite å seie, jf. kapittel 2.2, bør dette ikkje vektleggjast særleg. At hendingane ikkje er naturulukker kan kanskje også vere fordi slike angrep gjerne skjer gradvis og over tid, i staden for plutseleg og kortvarig.

Det gradvise og langvarige synest også som eit sentralt trekk ved tørke og tele. I tillegg er desse to hendingane årvisse fenomen ein må forvente og kan førebyggje mot. For tele vart det siste trekt fram som motargument då fenomenet vart føreslått teke inn i naturulukkeopprekninga.¹²³ Det taler klart for at momentet er eit relevant karaktertrekk for ikke-naturulukker. At det er eit motstykke til det uvanlege og ekstraordinære som kjenneteiknar naturulukkene, jf. kapittel 2.2, underbyggjer dette.

Isgang synest etter vanleg språkleg forståing å vere når isen har vorte brote opp og difor driv i vatnet.¹²⁴ Dette kan også synest å vere eit litt årvisst fenomen. At karaktertrekket dermed går igjen i fleire av naturhendingane, underbyggjer at det er relevant.

Nedbør er endå vanlegare, men på den andre sida også eit plutselegare og meir kortvarig fenomen enn tele og tørke. Når nedbør er halde utanfor naturulukkevilkåret, kan det tyde på at det at ei hending er plutseleg, i vurderinga av om ho er ei naturulukke vanskeleg kan vege opp for at ho er vanleg.

Lyn er derimot både plutselege, kortvarige og ikke veldig hyppige fenomen. Det synest vanskeleg å sjå karaktertrekk som forklarer at lyn *ikkje* er ei naturulukke. At lyn likevel er unнатekte, er grunngjeve med at brannforsikringa dekkjer skadar frå lyn.¹²⁵ Dette er ein

¹²² Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51.

¹²³ Innst. O. nr. 18 (1996–1997) s. 2.

¹²⁴ Sml. også Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 25.

¹²⁵ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 51.

pragmatisk grunn som ikkje synest å ha verdi som generelt argument om kva som er eller ikkje er naturulukker.

Oppsummert er det viktigaste å ta med vidare at hendingar som inntrer gradvis og over lengre tid synest å falle utanfor naturulukkeomgrepet, saman med dei påreknelege og vanlege hendingane ein kan sikre seg mot skadane frå.

2.5 Nærare om «naturulykke»

2.5.1 Innleiing

Som nemnt tidlegare, er ikkje opprekninga av naturulukker i lovteksten uttømande. Dette var tydelegare i dei tidlegare naturskadelovene, der opprekninga var følgd av orda «eller lignende». ¹²⁶ For naturskadeerstatningslova peika departementet på orda «så som» for å vise at opprekninga er ikkje-uttømande. ¹²⁷ Ordlyden er dimed lik som i naturskadeforsikringslova, der opprekninga er uttømande fordi det er viktig for forsikringsselskapa med klar avgrensing av skadeårsakene. ¹²⁸ Dette omsynet synest ikkje like viktig for naturskadeerstatningsordninga. Departementets standpunkt må difor leggjast til grunn. Kombinasjonen av lik ordlyd og ulikt meiningsinnhald er lovteknisk uheldig, men får ikkje betydning for analysen.

Orda «så som», og i endå større grad «eller lignende», tilseier at naturhendingar må ha likskapar med dei opplista naturulukketypane for å kvalifisere som naturulukker. Analogi-liknande vurderingsmåtar vert dimed sentrale i analysen, saman med induksjon frå dei opplista naturulukketypane til det overordna naturulukkeomgrepet. ¹²⁹

Dei opplista naturulukketypane er relativt ulikearta. Det kan difor vere vanskeleg å finne gjennomgåande likskapar, men det er ikkje til hinder for analysen. Også kombinasjonar av ikkje-gjennomgåande fellestrekk, også kalla familielikskapsstrukturar, kan gje grunnlag for analogiar. ¹³⁰ Om ein byggjer på karakteristikkar som ligg langt frå kjerneomgrepet kan det

¹²⁶ Sjå naturskadelova 1961 § 5 andre ledd og naturskadelova 1994 § 4 andre ledd (før opphevinga ved lov nr. 59/2014).

¹²⁷ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

¹²⁸ Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 33.

¹²⁹ Induksjon er ei slutning frå det spesielle til det generelle, sjå Monsen (2012) s. 85.

¹³⁰ Omgrepet «familielikskapsstrukturar» er henta frå Ludwig Wittgenstein, sjå Wittgenstein (1992) særleg s. 42-43, medan «ikkje-gjennomgåande fellestrekk» vert brukt av Bergo (2000) s. 800. Sjå Bergo (2000) s. 799-801 og Graver (2008a) s. 106 for nærmare om vurderingsmåten.

derimot vere problematisk.¹³¹ Det er difor viktig å bygge på likskapar med fenomena lovteksten reknar opp, og ikkje også fenomena opprekninga vert supplert med. Graden av familielikskapsstrukturar kan også vere relevant: dess sterkare dei kryssande likskapstrekka gjer seg gjeldande og dess fleire av dei kryssande likskapstrekka ein finn i ei naturhending, dess tydelegare er haldepunkta for at ho er ei naturulukke.

2.5.2 Likskapstrekk ved naturulukkene

I dette punktet er målet å samanfatte gjennomgåande og ikkje-gjennomgåande likskapstrekk ved dei opplista naturulukketypane, og dimed kva som kjenneteiknar naturulukkene.

Kapittel 2.2 viste at naturulukker er plutselege, kortvarige enkelthendingar der sterke krefter (normalt) utan tilknyting til menneske eller menneskelagde ting vert utløyste. Gjennomgangen av naturulukketypane i kapittel 2.3 gav eit meir nyansert bilet. Karakteristikkane passar rett nok for skred, jordskjelv og vulkanutbrot, men storm, flaum og stormflo er derimot fenomen som kjem saktare og meir gradvis og som varer lengre. Desse hendingane kan bygge seg opp over i alle fall nokre timer, og flaumar kan vare fleire dagar. Både storm og stormflo, og til dels også flaum, kan dessutan varslast gjennom værmeldinga. Hendingane er då i mindre grad uventa.

Gjennomgangen av naturhendingane som ikkje er naturulukker (kapittel 2.4) gjev også indikasjon på at det er viktigare at hendinga er uvanleg enn at ho er plutseleg. Skred-vilkåret viser dessutan at også fleire hendingar i særskilte tilfelle kan vurderast samla. At naturulukker er plutselege, kortvarige enkelthendingar kan etter dette berre reknast som eit viktig utgangspunkt.

Det er også grunn til å nyansere kor uvanlege eller ekstraordinære naturulukkene er. Ser ein på frekvensen, er «vulkanutbrudd» og «jordskjelv» så sjeldne i Noreg at vilkåra isolert sett kunne tyde på at naturulukker er hendingar som nesten aldri skjer. Sidan i alle fall vulkanutbrot som nemnt er teke med i tilfelle lova skal brukast på bilanda, kan ikkje frekvensen leggjast særleg vekt på. Dette gjeld særleg sidan dei andre naturulukkene skjer oftare. Sett vekk frå stormflo, som har eit tydeleg frekvenskrav knytt til femårsintervallet, er det vanskeleg å seie kva frekvens dei andre naturulukkene har. Det er då også uklart kva overføringsverdi femårsintervallet har

¹³¹ Sjå nærrare Bergo (2000) s. 801 og 828–829.

som meir generelt mål for frekvensen. Gjennomgangen av naturhendingane som ikkje er naturulukker (kapittel 2.4) viser at det i alle fall synest å gå ei grense mot det som er årvisse fenomen.

Vulkanutbrot og jordskjelv særmerkjer seg også når det gjeld styrke, og særleg vulkanutbrot gjev assosiasjon til noko litt katastrofeprega. Igjen er dei andre naturulukkene mindre ekstraordinære. Det mest gjevande tolkingsbidraget relatert til styrken er nok retningslinja om at naturkreftene må vere sterkare enn den normale påverknaden, jf. kapittel 2.2, men det gjev ikkje presise bidrag.

I kapittel 3 skal vi sjå at årsakskravet er strengt. I så måte er det særleg interessant at stormflofolkåret viser at ei følgje av ei naturulukke kan vere ei eiga naturulukke, sidan floa og bølgjene er ei følgje av storm. I vurderinga av om følgja av ei naturulukke er ei separat naturulukke, må det avgjerande vere om følgja isolert sett har tilstrekkelege familielikskapstrekk med dei andre naturulukkene.

Som førespeglar i kapittel 2.5.1, treng ikkje alle desse trekka å vere tilstades for at naturhendinga skal vere ei naturulukke. Det må gjerast ei avsluttande heilskapsvurdering. At nokre enkelttrekk er svært sterkt tilstades kan altså vege opp for at andre i mindre grad gjer seg gjeldande.

2.5.3 Vurdering av om særskilte andre naturhendingar kan supplere opprekninga

2.5.3.1 Innleiing

No som det er gjort greie for kva som generelt sett kjenneteiknar naturulukker, er det i dette kapittelet tid for å bruke momenta for å vurdere om utvalde naturhendingar kan reknast som supplrande naturulukker. I pkt. 2.5.3.2 ser eg på enkeltståande naturfenomen med naturulukke-karakteristikkar, medan eg i pkt. 2.5.3.3 vurderer om to naturhendingar samla kan reknast som ei naturulukke. Sidan det er ulukkeskarakteristikken, og ikkje natur-karakteristikken, som synest mest praktisk interessant, ser eg berre på hendingar som klart gjeld naturkrefter.

2.5.3.2 Enkeltståande naturfenomen

I vurderinga av om visse enkeltståande naturfenomen kan reknast som naturulukker, er det naturleg å byrje med flodbølgjer, meteornedslag og permafrostsmelting, sidan desse har vorte framheva i førearbeida og rettspraksis.

Flodbølgjer og meteornedslag vart litt atterhalde uttalt av departementet at «vil [...] kunne omfattes» av naturulukkeomgrepet.¹³² Flodbølgje er ei følgje av skred eller jordskjelv, men som nemnt i kapittel 2.5.2 viser stormfloavilkåret at også følgjer kan vere eigne naturulukker. Sidan både flodbølgjer og meteornedslag er ekstraordinære og plutselige enkelthendingar med stort skadepotensiale, noko som er sentrale naturulukkekarakteristikkar, kan dei etter mitt syn supplere opprekninga av naturulukker.

Permafrostsmelting var oppe for Høgsterett i Rt. 1997 s. 550 A.¹³³ Eit hus var bygd på ukjent permafrost, slik at dei naudsynte førehandsreglane ikkje var tekne. Permafosten tinte av varmen frå huset, grunnmuren kom i rørsle og det vart setningsskadar.¹³⁴ Skadesituasjonen var altså ikkje ei plutselig enkelthending, men utvikla seg gradvis og over tid. Høgsterett kom likevel til at hendinga var ei naturulukke. At naturulukker er plutselige, uventa og upåreknelege hendingar som kan tid- og stadfestast, gav ifølgje førstvoterande eit utgangspunkt, men ikkje noko klar og avgjerande avgrensing av ulukkeomgrepet.¹³⁵ I den konkrete vurderinga synest eit særleg viktig poeng å vere at permafosten og skadepotensialet var ukjent i området, slik at det verken var grunn til å ta høgde for den under bygginga eller å teikne spesialforsikring.¹³⁶ Tanken synest å vere at når den skadelidne ikkje hadde oppmoding om å ta førehandsreglar sjølv, hadde han behov for vern og det var mindre grunn til å la han bere risikoen sjølv. Vidare var tininga og setningsskadane ein «tilfeldig og uforskyldt hendelse som ut fra alminnelig språkbruk og vurdering har karakter av en ulykke».¹³⁷ Kvart års skade vart rekna som ledd i éi ulukke.¹³⁸ Det minner om kumulasjonen som er rom for ved fleire små skred, jf. kapittel 2.3.2. Det vart også lagt vekt på at det ut frå opplysningane om førekomensten av permafrost ikkje syntest å få

¹³² Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

¹³³ Permafrost vart lagt til grunn å vere tele som held seg i minst to år. Sidan frosten i saka var meir langvarig og av ein annan karakter enn den som dannast av årvisse klimaendringar og held seg over ein sommar eller to, kom ikkje grensa mot unntaket for skade frå tele på spissen, sjå dommens s. 558.

¹³⁴ Sjølv om det var skade på hus, var det spørsmål om naturskadeerstatning i staden for naturskadeforsikring fordi naturskadeforsikringa si opprekning av naturulukker er ikkje-uttømmande.

¹³⁵ Rt. 1997 s. 550 A (s. 556).

¹³⁶ Rt. 1997 s. 550 A (s. 556–557).

¹³⁷ Rt. 1997 s. 550 A (s. 557).

¹³⁸ Rt. 1997 s. 550 A (s. 557).

vidtrekkjande konsekvensar om den konkrete naturhendinga vart rekna som ei naturulukke.¹³⁹ Den skadelidne fekk difor medhald.

Sett vekk frå at det gradvise ved tininga etter mitt syn gjer det anstrengt å seie at hendinga etter vanleg språkbruk har karakter av ei ulukke (sjå nærmare om ulukke i kapittel 2.2), synest eg resonnementet i Rt. 1997 s. 550 A er overtydande og fornuftig. Samstundes er grunngjevinga så konkret at ein ikkje kan leggje til grunn at smelting av permafrost alltid er ei naturulukke. Permafosten må ha vore ukjent, og mangelen på kunnskap må nok også vere forståeleg og velgrunna før den manglande kjennskapen kan gjevast vern. Meir generelt viser dommen at det kan vere rom for å gje relativt store avvik frå dei sentrale naturulukkekarakteristikkane, men då må nok svært tungtvegande grunnar til. Særleg behovet for vern må nok kome tungt inn.

Sjølv vil eg trekkje fram fonnvind og skogbrann som potensielle supplement til opprekninga av naturulukketypar.

Fonnvind er lufttrykket frå eit snøskred. Det er dimed eit anna naturelement som verkar i fonnvinden enn i skredet. Vidare gjer lufttrykket si evne til å flytte seg over store avstandar at skaden frå fonnvinden typisk skjer noko vekke frå der skredmassane gjer skade. Kreftene verkar altså åtskilt frå kvarandre. Dimed må fonnvinden reknast som ei separat naturhending frå skredet.

Sidan fonnvinden er ei følgje av eit skred, kunne spørsmålet om omgåing av årsakskravet kome på spissen. Det gjer det likevel ikkje, for som vist i kapittel 2.5.2 viser stormflovlkåret at følgjer av naturulukker kan vere sjølvstendige naturulukker om den aktuelle følgja sjølv har tilstrekkeleg grad av familielikskapar med naturulukkene.

Det sentrale spørsmålet er difor om fonnvinden har tilstrekkeleg naturulukkekarakter. Sidan snøskredet per definisjon er upårekneleg, er også fonnvinden det. Vidare kan fonnvinden ha stor kraft og fart; Fonnvind kan vere sterkt nok til å knekkje tre og stolpar¹⁴⁰ og ha ein fart på opptil 300 km/t.¹⁴¹ Dette forsterkar naturulukkekarakteristikken. Fonnvind er etter mitt syn difor ei naturulukke.

¹³⁹ Rt. 1997 s. 550 A (s. 557–558).

¹⁴⁰ NVE (2017).

¹⁴¹ NVE (2016), der det til samanlikning også går fram at sjølve skredmassane kan ha ein fart opp mot 130 km/t.

Skogbrann er også normalt ei plutselig og upårekneleg hending, sjølv om ein i tørre periodar kan sjå at risikoen for skogbrann er svært høg. Vidare involverer hendinga sterke krefter og kan gje store øydeleggingar. Dette taler for å rekne skogbrann som ei naturulukke. Det at skogbrannar kan vare ei god stund er derimot eit motargument, men i lys av at også flaum og storm kan vare over noko tid og likevel vere naturulukker er ikkje innvendinga særleg sterk. Eg meiner difor at også skogbrann kan rekna som ei naturulukke – i alle fall så lenge brannen ikkje er utslag av aktlaus eller forsettleg påtenning.¹⁴²

Sidan produktiv skog kan forsikrast mot skogbrann,¹⁴³ gjer likevel naturskadeerstatningslova § 2 andre ledd sitt unntak for skadar som kunne vore teikna alminneleg forsikring mot at det kanskje ikkje får så stor praktisk betydning om skogbrann rekna som ei naturulukke.

2.5.3.3 Kombinasjonstilfelle

Så langt har merksemda vorte retta mot kvar enkelt separat naturhending. Her skal eg sjå på kombinasjonstilfelle av fleire naturhendingar som opptrer samstundes. Når naturhendingane opptrer samstundes, representerer den samla påverknaden fareevna. Som følgje av årsakskravet (sjå kapittel 3), har det stor betydning kor vidt ei tilgrensande naturhending kan rekna som del av naturulukka eller ikkje. I drøftinga her vil eg skilje mellom tilfelle der ei naturulukke opptrer saman med eit «ekstraelement» og tilfelle med to samstundes nesten-naturulukker.

Som døme på ei naturulukke med ekstraelement kan vi tenkje oss at ei flodbølgje kjem opp frå under islagt vatn slik at isflak vert brotne opp, kasta oppover i det flodbølgja reiser seg og så fell ned og gjer skade på objekt.¹⁴⁴ Spørsmålet er om iskastinga kan rekna som del av flodbølgja, om «flodbølgje som kastar is» kan rekna som ein eigen naturulukketype eller om iskastinga berre må rekna som ei følgje av naturulukka. Dette er av stor betydning fordi spørsmålet under årsaksvurderinga i dei to første tilfellene vert om skaden «direkte skyldes» isen, i det siste tilfellet om skaden isen gjer «direkte skyldes» flodbølgja.¹⁴⁵

¹⁴² Sjå kap. 2.2 om betydninga av at menneske har starta hendinga.

¹⁴³ Skogbrand (u.å.).

¹⁴⁴ Inspirert av faktumet i NSN-2010-12751. Nemnda nekta erstatning for skaden isflaka hadde gjort, med tilvising til unntaket for isgang. Sjølv meiner eg det er kunstig å rekne is som vert kasta oppover og fell ned på noko som å gå under eit vilkår som er retta mot tilfelle der is vert broten opp og følgjer vassflata nedover vassdraget.

¹⁴⁵ I det siste tilfellet kunne det vere aktuelt å vurdere om iskastinga er ei eiga naturulukke, slik som ovanfor i kapittel 2.5.3.2. Mengda is, kor store bitar is og om det eventuelt var andre objekt som vart kasta, ville nok då vore sentrale moment. Dette tilseier at iskastinga ikkje kan vere ei generell naturulukke. Å formulere eit vilkår som gjev treffande avgrensing, synest svært vanskeleg.

Spørsmålet om kor vidt iskastinga kan reknast som del av naturulukka, må sjåast som eit spørsmål om oppspalting av årsaksledd. Det er noko eg kjem meir prinsipielt tilbake til i kapittel 3.4.2.2. Her kan eg likevel kort peike på at det avgjerande må vere kva som fell innanfor lovvilkåret. Sjølv om flodbølgjealternativet ikkje står i lovteksten, må vanleg språkleg forståing vere eit sentralt utgangspunkt. Slik forståing av flodbølgje er at vatn reiser seg i ei særleg høg bølgje inne ved land. Forståinga inkluderer ikkje isen. Dette taler mot at iskastinga er ein del av flodbølgja etter det ulovfesta flodbølgjealternativet.

Når det gjeld kor vidt den samla situasjonen kan reknast som ein eigen naturulukketype, er eit viktig utgangspunkt at dei andre naturulukketypane er svært generelle, og kjende, typar av separate enkelthendingar. Om «flodbølgje som kastar is» skal reknast som éin naturulukketype, får det meir preg av at eit særtilfelle vert rekna som naturulukke. At den eine av to sentrale delar i hendinga, flodbølgja, er naturulukke når ho opptrer aleine, tyder på at kumulasjonen vil vere ei omgåing av avgrensinga i «vilkåret» flodbølgje. Sidan iskastinga er ei følgje av flodbølgja, kan kumulasjon dessutan synest å gje omgåing av årsakskravet. Det er dimed ikkje rom for kumulasjon, og iskastinga må reknast som ei separat følgje av flodbølgja.

Korleis vilkåra knytt til dei andre naturulukketypane er utforma og om kumulasjonen vil vere eit brot med både vilkåra og måten føresegna er bygd opp, synest å vere vurderingsmoment som også må få betyding når det skal takast stilling til om andre naturhendingar kan reknast som naturulukker.

Det neste spørsmålet, kor vidt to nesten-naturulukker kan kumulerast, kom opp i LG-2015-102574. Faktumet var at bølgjer under sterkt vind og høg sjø hadde fått steinar i ei kai til å rase ut. Det var verken storm eller stormflo på skadetidspunktet. Fleirtalet la vekt på at førearbeida viser «at det med formuleringen siktes til alternative naturulykker som for eksempel flodbølger eller meteornedslag», og at kumulasjon av nesten-naturulukker manglar rettskjeldegrunnlag og vil uthole vilkåra.¹⁴⁶ Mindretalet kom derimot til motsett resultat. Eit viktig argument var at vanskane med å bevise om det har vore storm eller stormflo kombinert med snever tolking av naturulukkeomgrepet og strengt krav til bevis for årsak reduserer verkeområdet til naturskadeerstatninga. Å la kumulasjon av nesten-naturulukker vere tilstrekkeleg under «eller

¹⁴⁶ LG-2015-102574.

lignende» kunne bøte på dette. Vidare var den skadelidne i kjerneområdet for dei lova skulle hjelpe; kaia var naudsynt for den veglause garden og reparasjonskostnadane var store.

Mindretalets framheving av den skadelidnes behov ber etter mitt syn preg av eit ønske om å kome til eit rimeleg resultat. Dette kolliderer med at lova legg opp til klåre vilkår og snever erstatningstilgang, ikkje rimelegvurderingar. Det eg likevel ser som den største innvendinga mot tolkinga, er at sterk vind og bølgjer, eventuelt storm, stormflo og bølgjer, plar opptre samstundes. Slik vilkåra er utforma, er det berre ved stormflo at skade gjort av bølgjer oppfyller vilkåra. Dette trass i at det gjerne kan vere nesten-stormflo samstundes som det er sterk vind og høge bølgjer. Å kumulere nesten-stormflo og nesten-storm vil då innebere å omgå den terskelen lovgjevaren har sett, og avgrensingane som kjem av vilkåra «storm», «stormflo» og «direkte skyldes» ville verte meir utviska. Eg meiner difor at fleirtalets tilnærming må følgjast.

Det kan vere mindre motstand mot ein tilsvarende kumulasjon ved nesten-tilfelle av to naturulukketypar som ikkje plar skje samstundes, men spørsmålet synest usikkert. Det er også vanskeleg å tenkje seg praktiske tilfelle. Momenta ovanfor, om å ikkje falle over i heilskapsvurderingar av veldig spesielle situasjonar og å ikkje omgå avgrensingane i dei spesifiserte naturulukkevilkåra og årsakskravet, vil nok eventuelt gjere seg gjeldande med stor styrke.

3 Årsakskravet «direkte skyldes»

3.1 Innleiing

Når det er konstatert at den påstått ansvarlege hendinga er ei naturulukke, er det neste spørsmålet om skaden «direkte skyldes» denne naturulukka, jf. naturskadeerstatningslova § 4 første ledd. Vilkåret gjev krav om eit visst årsakssamband mellom naturulukka og skaden. I dette kapittelet er målet å få klarleik i kva dette årsakskravet meir spesifikt inneber.

Ordet årsakssamband refererer til den kontinuerlege påverknaden mellom ledda i ei hendingsrekke.¹⁴⁷ Formuleringen «kontinuerleg påverknad» kan leie tanken til stiliserte årsaksrekkjer der årsaksfaktor A set årsaksfaktor B i rørsle slik at B treff C, og så bortetter. I røynda er det derimot eit vell av årsaker og omstende som samverkar.¹⁴⁸ Dette gjer årsakssambanda meir komplekse. Ei meir passande forklaring enn «den kontinuerlege påverknaden» kan vere å med Husabø sjå årsakssambandet som ei forklaring på hendingsgangen ut frå generelle erfaringsetninger om sambandet mellom faktiske hendingar.¹⁴⁹

Årsakskrav er vilkår for korleis årsakssambandet mellom A og B må vere for at A skal reknast som rettsleg relevant årsak til B. Årsakskrava er altså rettslege vilkår og må utpenslast ved juridisk metode.¹⁵⁰ Drøftingar av årsakssamband på andre fagområde, til dømes innan filosofien eller logikken, kan likevel ha interesse i den grad rettskjeldene og den juridiske metoden opnar for å trekke dei inn.¹⁵¹

Det er årsakskrav i ulike føresegner og på mange rettsområde. Den nærmere utforminga kan variere, men kjernen er den same: For det første må det vere eit faktisk årsak-verknad-tilhøve mellom to spesifiserte kjengjerningar. For det andre må dette sambandet vere så tett som vilkåret krev for å utløyse rettsverknaden.

¹⁴⁷ Nygaard (2007) s. 322.

¹⁴⁸ Sjå Stang (1927) s. 65–68.

¹⁴⁹ Husabø (1994) s. 187.

¹⁵⁰ Slik også t.d. Kjelland (2008) s. 99–100. Motsett Stang, som meinte at årsakslæra høyrer under logikken eller filosofien, sjå Stang (1918) s. 6 (i fotnote) og Stang (1927) s. 6 og 64.

¹⁵¹ Liknande også Fleischer (1967) s. 16–17; Kjelland (2008) s. 100; Wilhelmsen (2011b) s. 27.

Kjeldene som spesifikt gjeld naturskaderstatningslova fokuserer i stor grad på suksessive årsaksrekker. Det er årsaksrekker der den første årsaksfaktoren utløyer den neste årsaksfaktoren, og så bortetter.¹⁵² Analysen vert primært ei systematisering og samordning ut frå desse tolkingsbidraga. Årsaksrekker kan også ha samstundes samverkande årsaksfaktorar, ved at parallelle årsakskjeder møtest og saman utløyer det neste årsaksleddet.¹⁵³ Det er færre tolkingsbidrag om denne typen årsakssamband i kjeldene som spesifikt gjeld naturskaderstatningslova. Som nemnt i kapittel 1.2 vert det då aktuelt å trekke større vekslar på årsaksteori frå tilgrensande rettsområde.

Ein kan også differensiere årsakssamband ut frå kva årsaksfaktorar som er i spel. Under naturskaderstatningslova er årsaksspørsmåla sentrert kring fysisk årsakssamband med aktive og naturlege (ikkje-menneskelege) årsaksfaktorar. I enkelte tilfelle kan ei hending som er utløyst av menneske rett nok reknast som ei naturulukke,¹⁵⁴ men dette er eit særspørsmål som rekk for langt å gå inn på og heller ikkje synest å gje utslag for utgangspunkta eg trekk opp her. Sidan fokuset ligg på fysisk årsakssamband mellom aktive og naturlege årsaksfaktorar, er fleire av dei kompliserte årsaksproblema på dei tilgrensande rettsområda av lita interesse for drøftingane. Dette gjeld særleg årsaksproblematikken kring passivt årsakssamband (unnlating), psykisk årsakssamband (motivasjonspåverknad) og kollektiv skadevalding (fleire personar samhandlar og éin av dei står i faktisk årsakssamband med ein skade). Sidan desse problema ikkje er relevante for analysen, vert dei heller ikkje gått inn på i gjennomgangen av årsakskrava på dei tilgrensande områda.

Når årsakslærene på dei tilgrensande områda vert presentert i kapittel 3.2, i staden for etter kvart som dei er relevante i analysen av årsakskravet i naturskaderstatningslova, er det fordi den åtskilde strukturen er funne mest ryddig. Det synest også nyttig å presentere referansepunkta før den spesifikke analysen. Når det er gjort, vert kravet om faktisk årsakssamband, «skyldes», analysert i kapittel 3.3. I kapittel 3.4 vert det normative kravet til årsakssambandet, «direkte», drøfta.

¹⁵² Inspirert av Brækhus og Rein (1993) s. 254–255.

¹⁵³ Inspirert av Brækhus og Rein (1993) s. 254–255.

¹⁵⁴ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

3.2 Kort om årsakskrav på tilgrensande område

3.2.1 Faktisk årsakssamband

I framstillingar av årsakskrav vert det for spørsmålet om faktisk årsakssamband ofte teke utgangspunkt i vilkårslæra (også kalla «betingeslæren»).¹⁵⁵ Vilkårslæra inneber at A er ei årsak til B om A er eit nødvendig vilkår for at B skal skje. Det er tilfelle om B ikkje ville skjedd om A var vekke. Læra skriv seg frå filosofen John Stuart Mill og vart introdusert til norsk rett av Getz og Stang.¹⁵⁶ I P-pilledom II la Högsterett den positive sida av vilkårslæra¹⁵⁷ uttrykkeleg til grunn som utgangspunkt for vurderinga av samverkande årsaksfaktorar i erstatningsretten, gjennom utsegna om at: «Årsakskravet mellom en handling eller unnlatelse og en skade er vanligvis oppfylt dersom skaden ikke ville ha skjedd om handlingen eller unnlatelsen tenkes borte.»¹⁵⁸ Högsterett la så til at årsaksfaktoren for å vere ein «nødvendig betingelse» ved samverkande årsaksfaktorar også må vere «så vidt vesentlig i årsaksbildet at det er naturlig å knytte ansvar til den».¹⁵⁹ Denne siste vurderinga vert kalla (u)vesentleglæra. Spørsmålet om det er «naturlig» å knyte ansvar til årsaksfaktoren legg opp til ei normativ vurdering av det faktiske årsakssambandet. Högsterett trekte altså inn normative krav i vurderinga av faktisk årsakssamband.¹⁶⁰ I andre saker har Högsterett derimot stilt opp vilkårslæra og uvesentleglæra som separate reglar.¹⁶¹ Sjølv finn eg det riktig å skilje vurderinga av faktisk årsakssamband og vurderinga av om dette sambandet er rettsleg relevant. Eg meiner difor den normative uvesentleglæra må haldast utanfor spørsmålet om faktisk årsakssamband og ser først på henne i neste punkt, om rettslege avgrensingar i årsakssambandet.¹⁶² Av same grunn reserverer eg ordet «vilkårslæra» for spørsmålet om årsaksfaktoren er eit nødvendig vilkår for følgja.

Etter vilkårslæra vert alle nødvendige vilkår rekna som faktiske årsaker.¹⁶³ Dette er meir omfattande enn kva vi intuitivt gjerne vil rekne som årsaker, noko eit døme kan illustrere; at A

¹⁵⁵ Sjå t.d. Nygaard (2007) s. 323; Kjelland (2008) s. 93; Bull (2008) s. 244.

¹⁵⁶ Sjå t.d. Stang (1927) s. 66–68 og Nygaard (2007) s. 323. Stang kombinerte vilkårslæra med ekvivalensprinsippet, altså at alle nødvendige årsaksfaktorar er årsak til heile skaden, sjå Stang (1927) s. 66–67.

¹⁵⁷ Om den positive og negative sida av vilkårslæra, sjå Strandberg (2015) s. 94–95.

¹⁵⁸ Rt. 1992 s. 64 A (s. 69).

¹⁵⁹ Rt. 1992 s. 64 A (s. 70).

¹⁶⁰ Sjå t.d. Kjelland (2008) s. 101 og 174–175.

¹⁶¹ Slik t.d. i Rt. 2001 s. 320 A (s. 329) og Rt. 2001 s. 337 A (s. 341–342), jf. Kjelland (2008) s. 174–176, som på s. 176 vidare held fram at systematikken også varierer i den juridiske litteraturen. Nygaard (2007) trekk fram uvesentlegavgrensinga under begge delane av årsakskravet, sjå s. 325 og 355.

¹⁶² Liknande også t.d. Hagstrøm og Stenvik (2015) s. 396 smh. s. 353.

¹⁶³ Noko anna er at normative avgrensingsreglar kan supplere vilkårslæra og dimed gjere at ikkje alle nødvendige årsaksfaktorar vert haldne ansvarlege for skaden.

vel å vel å legge ferien til Hellas i staden for til Alpane, er eit nødvendig vilkår for at han vert påkøyrd medan han kryssar eit gangfelt på veg til den greske stranda. Vi vil likevel vanskeleg seie at As val av reisemål er ei årsak til påkøryselen. Vi festar oss gjerne heller ved éin eller få faktorar som årsaker, ofte slike som i ei viss utstrekning er ekstraordinære.¹⁶⁴ I påkøryselsituasjonen vil det typisk vere at bilen køyrde på raudt lys medan A kryssa vegen.

Om berre dei nødvendige vilkåra for skaden vart rekna som årsaksfaktorar, ville det dessutan leie til snevrare utval av årsaksfaktorar enn vi intuitivt ville kome til. Det gjeld særleg i tilfelle med fleire sjølvstendig tilstrekkelege eller alternative årsaksfaktorar.

Vilkårslæra har vorte kritisert for denne over- og underinklusiviteten og for at ho er hypotetisk formulert og føreset kunnskap om årsakssambandet ein nyttar henne for å påvise.¹⁶⁵ Dels i forlenginga av dette har fleire alternative årsakslærer vorte lanserte.¹⁶⁶ Trass alternativa vert vilkårslæra framleis framheva som utgangspunktet for vurderinga av faktisk årsakssamband i den generelle erstatningsretten.¹⁶⁷ Samstundes vert vilkårslæra supplert med normative modifikasjonar, unntak eller særreglar som gjer at resultata av årsaksvurderingane vert meir i tråd med kva vi intuitivt reknar som riktig og rimeleg.¹⁶⁸ Vilkårslæra gjev altså berre ein indikasjon på om ein årsaksfaktor er faktisk årsak til skaden.¹⁶⁹

Desse modifikasjonane er verdt å sjå nærmare på. Der to årsaksfaktorar som kan haldast erstatningsrettsleg ansvarlege kvar for seg er tilstrekkelege årsaker og gjer reversibel skade på tilnærma same tid, vert dei solidarisk ansvarlege sjølv om ingen av dei var «nødvendige».¹⁷⁰ Er skaden irreversibel, må årsaksfaktorane verke samstundes for at det skal verte solidaransvar, elles vert berre den som faktisk verkar inn ansvarleg.¹⁷¹ Også overtalige årsaksfaktorar (som

¹⁶⁴ Sjå Hoel (1929) s. 86–87. Liknande Stang (1927) s. 68. Sjå også Hart og Honoré (1985) s. 32–41 om skiljet mellom «cause» og «mere conditions», særleg s. 39.

¹⁶⁵ Sjå t.d. Nygaard (2007) s. 324; Husabø (1994) s. 183–185; Husabø (1999) s. 51. For svensk rett sjå Schultz (2007) s. 309–311.

¹⁶⁶ Sjå t.d. Hoel (1929) s. 95–96 om fokus på det lovmessige forklaringsgrunnlaget for hendingsutviklinga; Smith (1961) s. 358–365 om hovudårsakslæra som konkurrerande alternativ; Nygaard (2007) s. 324–325 om realiseringslæra; Husabø (1994) s. 186–190 om fokus på årsakssambandet i den faktiske hendingsgangen i lys av generelle erfaringsetninger. For svensk rett, sjå Schultz (2007) om den empiriske årsaksmodellen, t.d. s. 415–416.

¹⁶⁷ Sjå t.d. Nygaard (2007) s. 323; Lødrup (2009) s. 350; Wilhelmsen (2011b) s. 26; Hagstrøm og Stenvik (2015) s. 356–357 smh. s. 353. Tilsvarande utgangspunkt er utbreidde elles i Europa, sjå t.d. Schultz (2007) s. 282–309 og Ehlers (2017) s. 233.

¹⁶⁸ Sjå nærmere t.d. Nygaard (2007) s. 324 smh. s. 349–350 og like nedanfor.

¹⁶⁹ Liknande Hart og Honoré (1985) s. 113.

¹⁷⁰ Sjå Rt. 1931 s. 1096, særleg overrettens grunngjeving s. 1103 som Högsterett i det vesentlege slutta seg til, jf. s. 1098. Sjå også Nygaard (2007) s. 333–334 og Lødrup (2009) s. 344–345.

¹⁷¹ Nygaard (2007) s. 334; Lødrup (2009) s. 343–344.

ikkje er heilt uvesentlege) vert solidarisk ansvarlege med dei andre.¹⁷² I tilfella der den eine av to tilstrekkelege årsaksfaktorar er ei hendeleg hending som ikkje kan haldast erstatningsansvarleg, er synsmåtane i teorien delte. Lødrup meiner, med tilvising til Rt. 1939 s. 736 A, at den ikkje-hendelege årsaksfaktoren må gå fri frå ansvar for å unngå tilfeldig vinning for den skadelidne, med mindre den hendelege årsaka skjer «*markert etter i tid*».¹⁷³ Nygaard meiner derimot at det ikkje kan frita ein ikkje-hendeleg årsaksfaktor for ansvar at ein hendeleg årsaksfaktor ville gjort den same skaden på eit seinare tidspunkt.¹⁷⁴ Etter mi meining har Nygaard sitt standpunkt mest føre seg. Det faktiske årsakssambandet er det som knyt ein årsaksfaktor til skaden, og dette faktiske årsakssambandet er der også om skaden ville skjedd seinare av andre grunnar.¹⁷⁵ Vidare har skadevaldaren gjennom grunnlaget for ansvaret utsett den skadelidne for ein risiko som så har materialisert seg. Prevensjonsomsyn og rimelegomsyn tilseier etter mitt syn at den som står bak ein årsaksfaktor som har materialisert seg i skade må bere ansvaret, i alle fall så lenge det ikkje på skadetidspunktet var synleg at skaden uansett ville skje.¹⁷⁶

Vilkårslæra vert også lagt til grunn som utgangspunkt for vurderinga av faktisk årsakssamband i forsikringsretten.¹⁷⁷ Særtilfelle der vilkårslæra ikkje strekk til vert i mindre grad kommentert enn i erstatningsretten, men hypotetisk årsakkonkurranse vert problematisert. Hypotetisk årsakkonkurranse er tilfella der ein annan årsaksfaktor ville gjort same skade på eit seinare tidspunkt om ikkje den første årsaksfaktoren hadde gjort skaden. Den første årsaksfaktoren er då ikkje eit nødvendig vilkår for skaden. Forsikringsvilkåra kan regulere tilfellet, til dømes slik at selskapet går fri om den etterfølgjande hypotetiske årsaka er ei forsikringstakaren sjølv heftar for.¹⁷⁸ I fråvere av slik regulering er standpunktet i teorien at det avgjerande er kva for ein av årsaksfaktorane som har verka inn.¹⁷⁹ Dette synest fornuftig. At forsikringsselskapet ikkje kan bli halde ansvarleg om det var den dekte faren som var hypotetisk, er klart. Det er det faktiske årsakssambandet som knyt årsaksfaktoren til skaden, og utan årsakssamband manglar denne tilknytinga.¹⁸⁰ Der den dekte faren faktisk har verka, er den nødvendige tilknytinga der. Sidan

¹⁷² Nygaard (2007) s. 337; Lødrup (2009) s. 347.

¹⁷³ Lødrup (2009) s. 345–346. Hagstrøm og Stenvik (2015) sluttar seg til at det som hovudregel ikkje skal verte ansvær, sjå s. 366.

¹⁷⁴ Nygaard (2007) s. 335.

¹⁷⁵ Sjå også Strandberg (2015) s. 87–88 og 100.

¹⁷⁶ Sjå Strandberg (2015) s. 98 om at dette kan verke inn på aktsemdunderinga.

¹⁷⁷ Selmer (1982) s. 286; Bull (2008) s. 244; Wilhelmsen (2011a) s. 229 og 235–236.

¹⁷⁸ Selmer (1982) s. 312–315.

¹⁷⁹ Sjå Selmer (1982) s. 310–312; Bull (2008) s. 245.

¹⁸⁰ Sjå t.d. Strandberg (2015) s. 87–88.

forsikringstakaren har betalt for vern mot følgjene av nettopp denne dekte faren, ville det synest urimeleg om han vart nekta erstatning med tilvising til at skaden uansett ville skjedd.

For trygderetten er det vanskelegare å finne eksplisitte haldepunkt for kva som skal til for å konstatere faktisk årsakssamband. Fokuset synest heller å vere lagt på det normative kravet til årsakssambandet, nærmere bestemt kor vidt «betingelseslæren», hovudårsakslæra eller fordelingslæra gjeld.¹⁸¹ Dette gjev likevel ein indikasjon. Om vilkårslæra gjev krava til rettsleg relevant årsakssamband fullt ut, gjev ho også krava til faktisk årsakssamband. Faktisk årsakssamband, til dømes ved at vilkårslæra er oppfylt, er også ein føresetnad for at hovudårsakslæra skal kome til bruk.¹⁸² Implisitt kjem dette til syne i Rt. 2006 s. 735 A, som gjaldt kravet til rettsleg relevant årsakssamband (sjå avsnitt 31). Før denne drøftinga, byrja Högsterett med å peike på at partane var samde om at ulukka var ei «nødvendig medvirkende årsak» (avsnitt 25), noko som synest som ei tilvising til at kravet om faktisk årsakssamband var oppfylt etter vilkårslæra. Vilkårslæra må også vere eit relevant utgangspunkt i den vurderinga av faktisk årsakssamband som må gjerast før den normative vurderinga etter fordelingslæra byrjar. I forlenging av at spørsmålet om faktisk årsakssamband i det heile er lite drøfta, har eg heller ikkje funne særtilfella der vilkårslæra eventuelt ikkje strekk til særskilt problematisert for trygderettens del. Det er derimot verdt å trekke fram at enkeltføresegner innan trygderetten er utforma slik at årsakskravet i mindre grad kjem på spissen. Folketrygdlova § 13-4 andre ledd om yrkessjukdommar som likestillast med yrkesskade inneheld til dømes ein presumsjonsregel. Føresegna stiller opp krav om sjukdomsbilete som er karakteristisk med kva påverknaden kan framkalle, krav til påverknaden sin førekommst og krav til tidsrommet mellom påverknaden og at symptoma synte seg. Om desse tre krava er innfridde, er det presumsjon for relevant årsakssamband. Om det derimot er meir sannsynleg at ein annan sjukdom eller påverknad er årsak til symptoma, er årsakskravet ikkje oppfylt. Tilnærminga synest praktisk sidan spørsmål om samband mellom påverknadar og helsetilstandar gjerne gjev svært vanskelege årsaks- og

¹⁸¹ Sjå t.d. NOU 1990: 17 s. 90–91; Ot.prp. nr. 62 (1990–1991) s. 6–7; Kjønstad (1992) s. 41–47; Holgersen og Nygaard (1998) s. 97–98; Narvland (2008), særleg s. 234 flg.; Strandberg og Aasen (2013) s. 148–162; Narvland (2015) s. 194–197 og s. 268–272.

¹⁸² Sjå t.d. Wilhelmsen (2011a) s. 229 om at vilkårslæras krav om faktisk årsakssamband i forsikringsretten vert supplert med rettsleg avgrensing av ansvaret t.d. gjennom hovudårsakslæra. Liknande også Ehlers (2017) s. 210. Sjå også Strandberg og Aasen (2013) s. 155 om at hovudårsakskravet, som vesentlegkravet, regulerer tilfelle med samverkande årsaker, forkart som tilfelle der fleire årsaksfaktorar er nødvendige eller har verka saman for å realisere skaden. Holgersen (2016) s. 199–200 og Strandberg og Aasen (2013) s. 159 kunne rett nok lesast som å ta det motsette standpunktet når dei i spesifikke samband konkluderer med at det ikkje er krav om «nødvendig betingelse» for dei trygderettslege spørsmåla dei behandler. Både fordi dette bryt med dei meir generelle bidraga som er funne tidlegare og fordi drøftingane er knytt til enkeltreglar slik at det kan tenkast at synsmåten skuldast at ein normativ modifikasjon kjem til bruk, får ikkje bidraga innverknad på analysen her.

bevisvurderingar og det er ei omfattande saksmengde i trygderetten. I andre føresegner er det ikkje fokus på årsakssamband i det heile, men på om stønadssøkjaren er i ein viss situasjon. Til dømes er høvesvis «fødsel» og «fylte 62 år» avgjerande for retten til foreldrepengar og alderspensjon.¹⁸³

3.2.2 Rettsleg avgrensing av årsakssamband

3.2.2.1 Innleiing

Som nemnt er det ofte eit vell av årsaksfaktorar som samverkar.¹⁸⁴ Når alle nødvendige årsaksfaktorar reknast som faktiske årsaker, vert ein årsaksfaktor difor gjerne rekna som faktisk årsak også til følgjer han berre har gjeve svært små bidrag til. Han kan også reknast som faktisk årsak til følgjer i enden av svært lange årsaksrekker.¹⁸⁵ Om årsakskrava berre gav krav om faktisk årsakssamband, kunne ansvaret vorte svært omfattande. For å unngå urimeleg eller urettvist omfattande ansvar, vert det stilt opp ulike supplerande krav om kva årsakskvalitet den aktuelle årsaksfaktoren må ha for å reknast som rettsleg relevant årsak til skaden.¹⁸⁶ Det er det eg skal sjå nærmare på her.

Omgrepet årsakskvalitet refererer til «en graduell vurdering av en årsaksfaktors dominans i det totale årsaksbildet»; årsakskvaliteten er altså det vi er opptekne av når vi vurderer om eller kjem fram til at ein årsaksfaktor til dømes er meir vesentleg, dominerande eller direkte enn ein annan.¹⁸⁷ Sagt med andre ord gjeld dei supplerande krava kor sterkt eller nært det faktiske årsakssambandet må vere for at rettsverknaden skal bli utløyst; dei gjev *rettslege* eller *normative* avgrensingar i det *faktiske* årsakssambandet. Alle årsaksfaktorar som står i faktisk årsakssamband med ein skade er altså ikkje rettsleg relevante som ansvarsberarar.

Kor mange og fjerne følgjer ansvaret skal dekkje, er eit val rettsordenen må ta. Vurderingar av til dømes risikofordeling, prevensjon, reparasjon og kva som er rimeleg spelar inn. Desse omsyna har ulik vekt på ulike område, og dimed gjev dei også grunnlag for ulike avgrensingsreglar på dei ulike områda. I dette punktet er det difor større grunn til å skilje mellom dei tre rettsområda, noko som vert følgd opp i strukturen. For kvart rettsområde er

¹⁸³ Sjå folketrygdlova § 14-5 og § 20-2

¹⁸⁴ Sjå t.d. Stang (1918) s. 8–9; Stang (1927) s. 65–67.

¹⁸⁵ Sjå t.d. Øvergaard (1951) s. 36 om at årsaksrekjkjene er uendelege.

¹⁸⁶ Sjå t.d. Rt. 2006 s. 690 A (avsnitt 55); Nygaard (2007) s. 352 og nærmere nedanfor.

¹⁸⁷ Askeland (2006) s. 215. Sjå også liknande Thorson (2011) s. 31 og annleis Hoel (1938) s. 10–11.

føremålet både å undersøke kva normative krav som er til årsakssambandet og kva som grunngjев desse.

3.2.2.2 Erstatningsretten

I den generelle erstatningsretten er det særleg uvesentleglæra og adekvanslæra som gjev dei normative krava til styrken i årsakssambandet.¹⁸⁸

Uvesentleglæra er allereie dels nemnt ovanfor i samband med P-pilledom II, der det går fram at årsaksfaktoren må vere så vidt vesentleg at det er naturleg å knyte ansvar til han.¹⁸⁹ Liknande vart det også før dette skilt mellom årsaksfaktorar som «foranlediget» og «foraarsaget» skaden.¹⁹⁰ Medan skiljet mellom årsaksfaktorar som «foranlediget» og «foraarsaget» skaden synest å ha med kva tid årsaksfaktorane verka, synest uvesentleglæra å referere til kor stort årsaksbidraget er. Ordet «vesentlig» leier tanken til store bidrag, men må sjåast i samband med det supplerande momentet om at det skal vere naturleg å knyte ansvar til årsaksfaktoren. I praksis skal det svært lite til før årsaksfaktoren bidreg tilstrekkeleg til at det reknast naturleg å knyte ansvar til han.¹⁹¹

Sidan uvesentleglæra i lita grad gjev avgrensing, vert adekvanslæra praktisk viktigare. Litteraturen indikerer ei utvikling i kva som ligg i adekvanslæra. Tidlegare låg fokuset på om skaden var ei sannsynleg eller pårekneleg følgje av den ansvarsgjevande hendinga, og om moglegheita for slik skade generelt auka ved den aktuelle handlinga.¹⁹² Prevensjonsomsynet synest å vere ei viktig forklaring for avgrensinga, saman med omsynet til skadevaldaren: Ansvar for følgjer skadevaldaren ikkje kunne føresjå ville ikkje gje større skadeførebyggande effekt, men tvert om så utryggleik hjå potensielle skadevaldarar.¹⁹³ I dag er det derimot ei breiare vurdering av om det er rimeleg å halde skadevaldaren ansvarleg, der spørsmålet særleg er om skaden er ei så upårekneleg, fjern og avleia følgje av den skadevaldande handlinga at det ikkje

¹⁸⁸ Sjå t.d. Nygaard (2007) s. 354–356. Nygaard kan sjå ut til å stille vurderingar av nærleik og interessevegning opp som supplement til desse, men som eg like nedanfor viser reknar eg desse som del av adekvanslæra.

¹⁸⁹ Rt. 1992 s. 64 A s. 70; Nygaard (2007) s. 323.

¹⁹⁰ Jf. t.d. Rt. 1891 s. 814, sjå særleg s. 818; nærmare Nygaard (2007) s. 325 og 355. For innvendingar mot tilnærmingsmåten, sjå Fleischer (1967) s. 21.

¹⁹¹ Omtalen av årsaksfaktorane og årsaksbidraga det vert avgrensa mot, er illustrerande, sjå t.d. Nygaard (2007) s. 325 og 355 («vesentlig»); Kjelland (2008) s. 185 («helt perifert»); Hagstrøm og Stenvik (2015) s. 364 («sikkerhetsventil»).

¹⁹² Sjå t.d. Stang (1927) s. 74–78 og 83–84; Øvergaard (1951) s. 38 og 44; Kruse (1963) s. 27.

¹⁹³ Sjå t.d. Øvergaard (1951) s. 37.

er rimeleg å knyte ansvar til henne.¹⁹⁴ Rimeleg-vurderinga representerer eit klart normativt innslag. Relevante moment som kan trekkjast inn er mellom anna måten skaden skjedde på, skuldgraden og kven som er nærest å bere risikoen.¹⁹⁵ Den utviklinga som har vore, tilseier at omsynet til skadevaldaren har fått større innverknad på innhaldet i adekvanslæra.

3.2.2.3 Forsikringsretten

I forsikringsretten gjev hovudårsakslæra det mest utbreidde kravet for rettsleg relevant årsakssamband ved samverkande årsaksfaktorar, men også fordelingslæra vert brukt, særleg i sjøforsikringsretten.¹⁹⁶ Adekvanslæra har i motsetnad til i erstatningsretten lite å seie for årsaksvurderinga fram til skaden.¹⁹⁷ Ei forklaring kan vere at det er motstridande å avgrense mot inadekvate skadar når det nettopp er dei upåreknelege skadane ein teiknar forsikring mot.¹⁹⁸

Medan erstatningsrettens årsakskrav kan leie til solidaransvar, legg hovudårsakslæra heile ansvaret på éin av årsaksfaktorane; hovudårsaka. Etter fordelingslæra må kvar årsaksfaktor derimot bare ein del av ansvaret etter i kor stor grad han var årsak til skaden. Begge avgrensingslærene, men i særleg grad fordelingslæra, krev ein måte å vurdere i kor stor grad kvar årsaksfaktor var årsak. Korleis ein kan gjere dette, kjem eg tilbake til nedanfor i kapittel 3.4.2.2 om gradering av årsaksbidrag.

Eit avgjerande spørsmål i relasjon til hovudårsakslæra, er kva som skal til for å rekne ein årsaksfaktor som hovudårsak. Rettspraksisen der hovudårsakslæra vart utvikla kan gje eit visst bilet av det.¹⁹⁹ I Rt. 1901 s. 706, Ellefsen, måtte ulukkesforsikringa bere ansvaret fordi ulukka, eit fall i vatnet, var «den primære og væsentlige Aarsag» til sjukdommen Ellefsen like etter

¹⁹⁴ Sjå t.d. Rt. 2007 s. 172 A avsnitt 65–66; Kjelland (2008) s. 223–229; Lødrup (2009) s. 370–371; Hagstrøm og Stenvik (2015) s. 405. Nygaard (2007) skil mellom adekvanslæra (s. 354) og avgrensing ut frå nærleik og interesseveging (s. 355–356), men også han viser at adekvanslæra gjev ei meir fleksibel norm enn kva ei avgrensing til det som etter erfaring er pårekneleg ville gje. Eg kan ikkje sjå at ulikskapane i strukturen gjev realitetsforskjell. Særleg om nærleikskriteriet, sjå Rt. 1955 s. 872 A og Rt. 1973 s. 1268 A, og nærmare t.d. Nygaard (2007) s. 355–356.

¹⁹⁵ Atypisk skademåte vert bruk som argument mot ansvar i Rt. 1933 s. 475 A, medan skuldgraden vart brukt som argument for vidare ansvar i Rt. 1960 s. 357 A (sjå særleg s. 358–359). Risikofordelingssynspunkt er tydeleg framme i Rt. 1973 s. 1268 A, særleg s. 1275 om at den skadelidne var klar over at anlegget var sårbart og at han likevel let vere å gjere enkle og tilgjengelege førebyggande tiltak. Sjå nærmare t.d. Nygaard (2007) s. 354–382; Lødrup (2009) s. 369–381.

¹⁹⁶ Selmer (1982) s. 289–293 og 249–251; Bull (2008) s. 245 og 248–254; Wilhelmsen (2011a) s. 238–241. Om sjøforsikringsretten, sjå også Brækhus og Rein (1993) s. 261–262.

¹⁹⁷ Sjå t.d. Bull (2008) s. 254–255; Steen-Olsen (1977) s. 251–252.

¹⁹⁸ Sjå Schmidt (1943) s. 215–216; Steen-Olsen (1977) s. 251–252; Kruse (1963) s. 35.

¹⁹⁹ Om utviklinga av hovudårsakslæra, sjå Selmer (1982) s. 289–290; Bull (2008) s. 248–250; Wilhelmsen (2011a) s. 238–239; Brækhus og Rein (1993) s. 258–259.

fekk og døydde av. At Ellefsen gjekk med våte bein etter fallet var berre «en tilstødende Omstændighed, der ikke ophæver den i Ulykkestilfældet liggende primære og væsentlige Aarsag». ²⁰⁰ Ei anna sentral sak er Rt. 1916 s. 1117, Skotfos. Sjøretten, som Högsterett i det vesentlege slutta seg til, ²⁰¹ forklarte hovudårsaka som den årsaksfaktoren som «for den almindelige opfatning bestemmer ulykkens væsen». ²⁰² Ved samansette årsaksforhold måtte ein ifølgje sjøretten ha «det centrale i forholdet for øie, hovedaarsaken, det dominerende karaktertræk, ikke forholdets mindre væsentlige sider». ²⁰³

Orda som er brukt i dommane, t.d. «primære», «væsentlige» og «dominerende», er i stor grad synonym til «hovedårsak» heller enn presiseringar. ²⁰⁴ Dei gjev difor ikkje noko presist inntrykk av terskelen, men indikerer at det skal ein del meir til for å oppfylle kravet om tilstrekkeleg årsakkvalitet under hovudårsakslæra enn under uvesentleglæra. Sidan dommane gjaldt spørsmål om kva for ei av to forsikringar som skulle bere ansvaret, er det nærliggjande å tenkje at den av årsaksfaktorane som gav meir enn halvparten av årsaksbidraga var hovudårsaka. Ifølgje teorien måtte det derimot «et meget sterkt innslag av krigsfare til» før domstolane rekna krigsfaren som hovudårsak i saker tidleg på 1900-talet. ²⁰⁵ Isolert sett kunne dette indikere at terskelen også i andre sakstypar ligg høgare. I generell teori om hovudårsakslæra er det derimot halde fram at grensa for andre sakstypar går ved halvparten av årsaksbidraga. ²⁰⁶ Det synest etter dette å ha vore ein eigen terskel i sakene om sjø- og krigsfareforsikring som ikkje innverkar på den generelle hovudårsakslæra. Den generelle regelen er difor at det er tilstrekkeleg at årsaksfaktoren gjev minimalt meir enn halvparten av årsaksbidraga for å reknast som hovudårsak. ²⁰⁷

Hovudårsakslæra si rolle i forsikringsretten synest mellom anna å kunne forklarast med omsynet til forsikringsselskapa si økonomiske førevisse. Forsikringsselskapa har teke på seg ansvaret for visse årsaker, men ikkje alle, og reknar ut premiar, kor mykje kapital dei treng til

²⁰⁰ Begge sitat frå Rt. 1901 s. 706, på s. 707.

²⁰¹ Rt. 1916 s. 1117, på s. 1117.

²⁰² Nordiske Domme i Sjøfartsanliggende 1916 s. 76, på s. 78.

²⁰³ Nordiske Domme i Sjøfartsanliggende 1916 s. 76, på s. 79. Resonnementet vart følgd opp i seinare dommar om krigs- og sjøfare, sjå Rt. 1917 s. 1008, Rt. 1921 s. 424, Rt. 1921 s. 516 og Rt. 1921 s. 619, referert til av både Bull (2008) s. 249–250 og Wilhelmsen (2011a) s. 239. Sjå også Brækhus og Rein (1993) s. 259. For vidareføring innan ulukkesforsikringa, sjå Rt. 1933 s. 931 som følgde opp Rt. 1901 s. 706.

²⁰⁴ Liknande Ehlers (2017) s. 211 knytt til ordbruk i andre kjelder.

²⁰⁵ Brækhus og Rein (1993) s. 259; Wilhelmsen (2011a) s. 239–241.

²⁰⁶ Tilsvarande knytt til trygderettslege føresegner sjå NOU 2004: 3 s. 230; Holgersen (2016) s. 188 og 189; Strandberg og Aasen (2013) s. 152; Kjelland (2008) s. 220–221.

²⁰⁷ Tilsvarande NOU 2004: 3 s. 230; Holgersen (2016) s. 188 og 189; Strandberg og Aasen (2013) s. 152 og Kjelland (2008) s. 220–221 knytt til trygderettslege føresegner.

potensielle utbetalingar og liknande på grunnlag av kva skadar dei har teke på seg risikoen for. Det er då meir føreseieleg for forsikringsselskapa om dei berre får ansvar der risikoen dei dekkjer er hovudårsaka til skaden, enn om det er tilstrekkeleg at han er ein ikkje uvesentleg, nødvendig føresetnad for skaden.²⁰⁸ Rettferdsomsyn ut frå risikofordelinga mellom forsikringsselskapet og den skadelidne kan også synest å ligge bak avgrensinga. Dess større innslag det er av udekte årsaksfaktorar, dess større er preget av at forsikringsselskapet må svare for skadar forsikringstakaren eigentleg har risikoen for og at forsikringsutbetaling vil vere ein tilfeldig fordel for forsikringstakaren. Fordelingslæra kunne tenkjast å gje ei meir nyansert fordeling av ansvaret, men kostnaden er at det krev inngåande og vanskelege vurderingar å fastsetje kor stort bidrag kvar årsaksfaktor har gjeve. Liknande vurderingar må rett nok gjerast også under hovudårsakslæra, men kostnaden er mindre sidan det då er tilstrekkeleg å konstatere at den eine årsaksfaktoren har gjeve meir enn halvparten av årsaksbidraga.²⁰⁹

3.2.2.4 Trygderetten

I trygderetten er det heller ikkje eitt allment årsakskrav.²¹⁰ Mellom føresegne varierer det om den rettslege avgrensinga skjer til dømes etter hovudårsakslæra, ei modifisert hovudårsakslæra, fordelingslæra eller kombinasjonar av desse.²¹¹ Til dømes vert årsakskravet i heimlane for trygdeytingar ved sjukdomsfråvere frå arbeid gradvis strengare dess meir langvarig ytinga generelt sett er; Årsakskravet for ytingane er minst strengt for sjukepengar, strengare for arbeidsavklaringspengar og strengast for uførepensjon.²¹² Omsynet til å hindre uønskt passivitet og reduksjon av arbeidsstyrken synest å vere viktige grunnar til at årsakskravet i føresegna om uførepensjon er så strengt.²¹³ Kor strengt årsakskravet er, synest dimed som eit utslag av særskilte omsyn både hjå den skadelidne og samfunnet som synest spesifikt relevante for trygderetten. Desse områdespesifikke omsyna kan tyde på at tilnærminga til rettsleg avgrensing

²⁰⁸ Sjå Engstrøm (2007) s. 80, som også skriv at det «er naturlig at hovedårsakslæren er hovedregelen i forsikringsretten» før han går inn på desse poenga.

²⁰⁹ Om denne problematikken, sjå Grundt (1950) s. 98. Sjå nærmere om gradering av årsaksfaktorar nedanfor i kap. 3.4.2.2.

²¹⁰ Rt. 2006 s. 735 A avsnitt 27.

²¹¹ Sjå t.d. Rt. 2006 s. 735 A avsnitt 47 (folketrygdlova § 5-25, hovudårsakslære); Rt. 2005 s. 495 A, særleg avsnitt 56 (folketrygdlova § 13-4 andre ledd bokstav d, hovudårsakslære supplert med fordelingsprinsipp); folketrygdlova § 11-5 «vesentlig medvirkende», noko som ikkje krev at sjukdomen er hovudårsaka, jf. Ot.prp. nr. 4 (2008–2009) s. 19. Vilkåret inneber dimed eit modifisert hovudårsakskrav. Sjå nærmere Strandberg og Aasen (2013), særleg s. 151–153; Narvland (2008) s. 245; Holgersen (2016), særleg s. 182–192.

²¹² Samanlikn folketrygdlova §§ 8-4 første ledd (sjukepengar: «klart skyldes»), 11-5 første ledd (arbeidsavklaringspengar: «vesentlig medvirkende») og 12-6 tredje ledd (uførheit: «hovedårsaken»). Sjå også Friðriksdóttir (2013) s. 50.

²¹³ Sjå Ot.prp. nr. 62 (1990–1991) s. 4 og 8.

av årsakssambandet har mindre overføringsverdi frå trygderetten enn frå dei to andre rettsområda.

Sidan den økonomiske børa vert større dess meir langvarig ytinga er, kan også omsynet til statens kostnader tenkast å ligge bak. Gjennom gradvis strengare årsakskrav vert tilfella som gjev rett på yting snevra inn til berre dei nærmaste følgjene av den relevante årsaksfaktoren eller følgjene årsaksfaktoren er ei særleg viktig årsak til. Den samla børa vert slik redusert. Om synsmåten er riktig, og det er ein tanke bak at årsakskrava slik at dei vert skjerpa dess meir tyngjande ytinga er å gje, kan det vere eit moment av overføringsverdi til naturskadeerstatningsordninga. Sidan det som vist ovanfor er andre, sikrare moment som grunngjev gjer seg gjeldande, synest momentet om samsvar mellom økonomisk bør og årsakskrav likevel relativt usikkert og bør ikkje vektleggjast sterkt.

Det som står igjen som interessant å undersøke, er kva årsakskrav som er i trygderettslege ytingar mot hendingar som har likskapstrekk med naturskadane. Den likaste synest å vere yrkesskadane, sidan yrkesskadetrygd føreset ei ulukke og har til føremål å gje vern mot risikoen i arbeidet, som likt som naturulukkerisikoen er ein ekstern risiko.²¹⁴ Årsakskravet for å få full dekning ved yrkesskadetrygd er at arbeidsulukka er hovudårsaka til skaden.²¹⁵ Det er altså stilt opp eit strengt årsakskrav.

3.3 Skaden må «skyldes» ei naturulukke

Førre punkt presenterte referansepunkta og bakteppet, og gav ei innleiande forståing av årsakssamband. No er tida komen for å gå nærmare inn på dei spesifikke årsaksvilkåra i naturskadeerstatningslova § 4 første ledd.

Det første spørsmålet er kva som ligg i vilkåret om at skaden må (direkte) «skyldes» ei naturulukke.²¹⁶ Samanstillinga med ordet «direkte» i lovteksten viser at «skyldes» gjev kravet om faktisk årsakssamband, medan «direkte» gjev den normative avgrensinga.²¹⁷

²¹⁴ Sjå folketrygdlova § 13-3 og Rt. 2004 s. 487 A avsnitt 28.

²¹⁵ Sjå Rt. 2005 s. 495 A (særleg avsnitt 67) og Kjønstad (2007) s. 592.

²¹⁶ Wilhelmsen og Bull (2017) s. 116 held fram at det er vanleg å starte med Mills lære i staden for ordlyden når ein drøftar årsakssamband. Eg meiner derimot ordlyden er det riktige utgangspunktet og byjar med den.

²¹⁷ Det normative kravet til årsakssambandet er altså skilt ut i eit eige vilkår. I andre lovvilkår er kravet om rettsleg relevant årsakssamband ofte tolka inn i eit årsaksvilkår som etter ordlyden berre gjev krav om faktisk årsakssamband. Døme på dette er vilkåret «voldes» i lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning § 2-1.

Etter vanleg språkleg forståing vil ei hending «skyldes» ei årsak om årsaka har vore utslagsgjenvande for hendinga. Isolert sett tilseier ordlyden altså at naturulukka må ha vore ein avgjerande årsaksfaktor for at skaden skjedde på slik tid, stad eller måte som han gjorde. Med Stang kan ein seie at ein i dagleglivets oppfatning «oftest [er] tilbøielig til at trække frem et eneste moment og kalde det aarsak, mens man lar alle andre momenter synke ned til at bli betingelser, eller hvad navn man elles gir dem». ²¹⁸

Det er ikkje supplerande tolkingsbidrag som eksplisitt og spesifikt knyt seg til vilkåret «skyldes», men eit par indirekte bidrag frå førearbeida.

For det første uttalte departementet i proposisjonen til naturskadelova 1994 at det «ville vært rettslig grunnlag for å si at erstatning ikke er utelukket såfremt den oppstårte skade ikke er tenkelig uten den sekundære årsak [...] og årsaksforholdet ikke er påvirket av andre begivenheter i mellomtiden». ²¹⁹ Sidan det var etablert praksis for ei strengare lovforståing, kom departementet til at det var trong for lovendring for å leggje til grunn den siterte lovforståinga. Etter nærmere vurdering vart konklusjonen at den etablerte forståinga skulle vidareførast. ²²⁰ Det siterte er difor ikkje uttrykk for gjeldande rett, men avviket synest berre å vere knytt til den rettslege avgrensinga av årsakssambandet. Orda «ikke er tenkelig uten» er då svært interessante sidan dei synest som ei tilvising til vilkårslæra og dimed indikerer at departementet la til grunn vilkårslæra som det relevante utgangspunktet for vurderinga av faktisk årsakssamband.

For det andre har samverkande årsaker i relasjon til avkortingsregelen vore omtala som tilfelle der fleire forhold har vore «nødvendige forutsetninger» for skaden eller skadeomfanget. ²²¹ Dette synest også som ei tilvising til vilkårslæra. Eg kan ikkje sjå at vurderinga av faktisk årsakssamband skal vere annleis under naturskadevurderinga enn i avkortingsvurderinga, og også dette bidraget går difor i favør av at vilkårslæra gjeld som utgangspunkt for årsaksvurderinga.

Begge dei framheva førearbeida gjev altså implisitt støtte til at vilkårslæra gjev det relevante utgangspunktet. Ordlydstolkinga samsvarer derimot ikkje med vilkårslæra, sidan vilkårslæra

²¹⁸ Stang (1918) s. 9 jf. 8. Wilhelmsen har ei vidare forståing av årsaksvilkår, og har generelt halde fram at naturleg språkleg forståing av dei er i tråd med vilkårslæra, sjå Wilhelmsen (2011a) s. 236, med tilvising til Hart og Honoré (1985) s. xxxiii-xxxiv. Schultz (2007) s. 415 har halde fram motsett standpunkt. I lys av det som er sagt ovanfor i kap. 3.2.1 om at vilkårslæra er både over- og underinklusiv, meiner eg Schultz sitt syn har mest føre seg.

²¹⁹ Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

²²⁰ Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

²²¹ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 134.

reknar alle nødvendige vilkår som årsaker, medan «skyldes» etter vanleg språkbruk som nemnt synest å peike på éin eller få årsaksfaktorar. Som vist i kapittel 3.2.1 er dette eit generelt problem ved forholdet mellom den intuitive forståinga av kva ei årsak er og den rettslege forståinga av årsaksvilkåra. I lys av dette, og vilkårslæra sin generelle dominans som utgangspunkt for vurderinga av faktisk årsakssamband, kan ikkje ordlydstolkinga reknast som eit sterkt motargument når førearbeida taler for at vilkårslæra gjeld.

Sjølv om vilkårslæra gjev utgangspunktet, synest ho heller ikkje under naturskadeerstatningslova å alltid strekkje til. Om både naturulukka og ein annan, uavhengig årsaksfaktor er tilstrekkelege til å valde skaden, altså er konkurrerande årsaksfaktorar, er ingen av dei nødvendige. Det same er tilfelle ved hypotetisk årsakskonkurranse. Eit døme på hypotetisk årsakskonkurranse er at eit gjerde vert skadd av storm, men gjerdet uansett seinare ville bli skadd fordi ein bil dagen etter køyrdet over traseen der gjerdet stod. Her leier vilkårslæra til at stormen ikkje reknast som faktisk årsak, noko som stirr mot den intuitive årsaksforståinga. Logikken strekk ikkje til, og det er trong for normative vurderingar. Som vist i kap. 3.2.1, varierer løysingane på dei tilgrensande områda, tilsynelatande på grunn av at dei underliggende omsyna varierer. Her må det dimed drøftast ut frå omsyna som gjer seg gjeldande under naturskadeerstatningslova. Det er då naturleg å ta utgangspunkt i at naturskadeerstatningslova gjev ei støtteordning som skal hjelpe den skadelidne til å halde fram med verksemda si etter at ei naturulukke har gjort skade, jf. naturskadeerstatningslova § 1.²²² Omsynet til å nå dette føremålet taler for å seie at det er faktisk årsakssamband mellom naturulukka og skaden i alle tilfelle naturulukka har materialisert seg i skade, utan omsyn til om andre årsaksfaktorar har verka samstundes eller ville ha gjort skade på eit seinare tidspunkt.

Vidare gjer det strenge lovskravet, jf. kapittel 1.2, at det ikkje er rom for å leggje vekt på føremålet i slik grad at det vert brukt som argument for å rekne naturulukka også som årsak der ei hendeleg årsak har valda skaden dagen før naturulukka skjer, og naturulukka ville valda tilsvarande skade om ikkje den hendelege årsaka allereie hadde gjort det. I slike tilfelle manglar den naudsynte tilknytinga mellom naturulukka og skaden.²²³

²²² Om føremålet, sjå nærmare Prop. 80 L (2013–2014) s. 10, 22 og 57.

²²³ Sjå t.d. Strandberg (2015) s. 87–88 og nærmare i kapittel 3.2.1 ovanfor.

Tilnærminga vert dimed liknande den som i forsikringsretten, noko som synest naturleg på grunnlag av likskapane mellom naturskadeerstatningsordninga og forsikringsretten.²²⁴ For vurderinga av om naturulukka har materialisert seg i skade eller ikkje, trur eg at realiseringsslæra til Nygaard, der dei sentrale momenta er førekost, årsaksevne og realisering, kan vere tenleg som hjelpemiddel for vurderingane.²²⁵ Det sentrale er dimed om det var ei naturulukke på skadetidspunktet, om denne hadde evne til å valde den aktuelle skaden aleine eller saman med andre årsaksfaktorar og om skadeevna i naturulukka vart utløyst og materialiserte seg i skaden.²²⁶

3.4 Skaden må «direkte» skuldast ei naturulukke

3.4.1 Innleiing

Tilnærminga til faktisk årsakssamband gjer at naturulukka vert rekna som faktisk årsak til svært mange følgjer, sjå kapittel 3.3 samanhilde med kapittel 3.2.1. Om naturskadeerstatningsordninga skulle bli ansvarleg for alle følgjer naturulukka stod i faktisk årsakssamband med, ville ansvaret bli svært omfattande. Det ville harmonert därleg med at naturskadeerstatningslova skal gje ei minimumsordning²²⁷. Vilkåret om at skaden «direkte» skuldast naturulukka er difor viktig, sidan det gjev ei normativ avgrensing av det faktiske årsakssambandet. Grunngjevinga bak avgrensinga er mellom anna trøngen for å unngå for omfattande erstatningsansvar.²²⁸

Som nemnt i kapittel 3.1 fokuserer rettskjeldene primært på tilfelle med suksessivt årsakssamband og lite på tilfelle med samstundes samverkande årsaksfaktorar. Sjølv om den naturlege tilnærminga oftast vil vere å først sjå generelt på kravet om rettsleg avgrensing og så meir spesifikt og avgrensa på høvesvis suksessive og samstundes samverkande årsaksfaktorar, meiner eg rettskjeldesituasjonen her gjer det tenleg å først sjå på tilfelle med suksessive

²²⁴ Sjå kap. 1.3 og likskapane der det rett nok går fram at naturskadeerstatningsordninga synest å likne meir på trygderetten enn forsikringsretten, men også kap. 3.2.1 om at modifikasjonar i tilfelle der vilkårslæra ikkje strekk til synest lite drøfta i trygderetten og kap. 3.2.2.4 om at dei rettslege avgrensingsreglane i trygderetten synest å ha liten overføringsverdi. Det siste gjer det meir naturleg med likskap med årsakskravet i forsikringsretten enn trygderetten.

²²⁵ Sjå om realiseringsslæra i Nygaard (2007) s. 324–325 og 330–333.

²²⁶ Sjå Nygaard (2007) s. 324–325 og 330–333.

²²⁷ Sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 133.

²²⁸ Sjå Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

årsaksfaktorar og så på samstundes samverke. Grunnen er at ein eventuell generell del primært ville gjelde tilfelle med suksessivt samverke, og dels konsumere den spesielle delen om suksessive årsaksfaktorar. Noko av det som kjem fram i delen om suksessive årsaksfaktorar vil ha overføringsverdi til tilfelle med samstundes samverkande årsaksfaktorar. Det trekk eg linjer tilbake til etter at eg har byrja drøftinga av samstundes samverkande årsaksfaktorar i kapittel 3.4.3.

3.4.2 Suksessive årsaksfaktorar

3.4.2.1 Generell analyse av rettskjeldene

Lovteksten skil ikkje mellom suksessive årsaksfaktorar og samstundes samverkande årsaksfaktorar. Vilkåret «direkte» er felles for dei begge. Etter vanleg språkbruk skjer det som er «direkte» utan mellomledd.²²⁹ Ordet tilseier dimed at det må vere svært nært samband mellom naturulukka og skaden; naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren før skaden.

Ei alternativ forståing er at naturulukka må ha vore den einaste aktive årsaksfaktoren, altså at andre årsaksfaktorar ikkje har tilført årsaksenergi. Det er tilfelle der naturulukka aleine set ein årsaksfaktor i rørsle og denne, berre på grunnlag av årsaksenergien som vart tilført av naturulukka, så gjer skade.²³⁰ Der ein stein som kvalifiserer som steinsprang og dermed «skred» treff ein betongklump som ligg i ro, og denne betongklumpen så gjer skade på eit gjerde, er naturulukka den einaste aktive årsaksfaktoren bak skaden.

Førearbeida støttar opp om den første ordlydstolkinga, om at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren før skaden. Mellom anna uttalte Holmboe-utvalet at skaden «må være voldt umiddelbart ved naturulykke».²³¹ Statens landbruksforvaltning la i si utgreiing liknande

²²⁹ Sjå liknande Selmer (1982) s. 293–294 som utpekslar eit spesifikt forsikringsvilkår om «direkte årsak» som eit krav om «fysisk nærhet» mellom det farlege objektet og den skadelidde, sml. også s. 305 om at skade må oppstå «gjennom direkte påvirkning på forsikringsgjenstanden av den forsikrede fare»; Bache (1905) s. 71–72 om at det umiddelbare årsakkssambandet mellom årsaksfaktoren og skaden ikkje kan vere brote; Askeland (2006) s. 225 som omtaler årsaksfaktorar som ikkje har ledd mellom seg og skaden som utløysande årsaksfaktor og direkte årsak; og Radetzki (1998) s. 90 som held fram at den språklege tolkinga av krav om «direkt kausalitet» er at skadar som er «omedelbar føljd», det vil seie «en føljd som uppkommit utan förmedling av några mellankommende händelser», er dekte.

²³⁰ Inspirert av Sivilombodsmanenns utsegner i SOMB-2003-96, på s. 305.

²³¹ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

til grunn at årsakssambandet ikkje er nært nok om skaden er ei følge av ei årsaksrekke naturulukka har sett i gang, og at skaden må skuldast «direkte påvirkning» av naturulukka.²³²

Den andre ordlydstolkinga gjeld primært spørsmål om rommet for samstundes samverke og vert drøfta vidare i kapittel 3.4.3 om samstundes samverkande årsaksfaktorar.

Etter dei generelle utsegnene lista Statens landbruksforvaltning i si utgreiing opp fem døme på typetilfelle der naturulukka hadde sett i gang ei årsaksrekke og nemnda difor hadde nekta erstatning. Døma var at storm bles tre mot ei brygge slik at treet skadar brygga, at båtar pressar mot kaia eller dreg kaia med seg under storm så ho vert skadd, at storm pressar flytebrygge mot ei kai så den vert skada (setningsbygnaden tilseier at det er kaia som vert skadd, men det er litt uklart), at storm set is i rørsle så isen gjer skade og at storm bles regn eller snø inn i bygningar gjennom tak eller veggar.²³³

I alle typetilfella har naturulukka sett eit anna objekt i rørsle slik at dette gjer skade, utan at andre faktorar kjem inn og aktivt bidreg til skaden. Dimed underbyggjer dei at det ikkje kan kome ein einaste årsaksfaktor mellom påverknaden frå naturulukka og skaden.

Også i tidlegare førearbeid har det vorte trekt fram spesifikke døme i tillegg til generelle utsegner om årsakskravet, men somme av desse kan synest å indikere eit mindre strengt årsakskrav. Då Holmboe-utvalet skulle illustrere kva som ikkje oppfyller årsakskravet, vart det vist til tilfelle der skred gjer skade på lagerhus slik at varer må lagrast ute og desse varene så vert skadde.²³⁴ Dette er ei klart lengre årsaksrekke enn kva som vert vist til i dei nyare førearbeida, og kan difor isolert sett gje rom for å stille spørsmål om Holmboe-utvalet eigentleg meinte at årsakskravet ikkje skulle vere så strengt at det stengjer for alle tilfelle med eitt ekstra årsaksledd mellom naturulukka og skaden. Samstundes er eit viktig poeng at sjølv om dømet vart brukt til å illustrere kva som ikkje gjev rett på erstatning, er det ikkje dimed sagt at det er rom for antitetisk tolking i favør av at alle kortare årsaksrekker var meint å oppfylle årsakskravet. Eit anna viktig poeng er at utvalet like førut generelt uttalte at skaden «må være voldt umiddelbart ved naturulykke».²³⁵ I proposisjonen til 1994-lova synte departementet tilbake til dømet frå Holmboe-utvalet, og peika på at årsakskravet vart praktisert strengare. Som døme trekte departementet fram at vasskadar på bygning under storm, utan at stormen har gjort

²³² Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31 og 134.

²³³ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31. Liknande vart tilfelle der storm gjer så ein båt skader ei brygge trekt fram av departementet i Prop. 80 L (2013–2014) s. 58, med merkelappen «nære, avledede skader» som fell utanfor ansvaret.

²³⁴ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

²³⁵ Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 50.

skade på bygningen, ikkje vart rekna å «direkte skyldes» stormen. Etter å ha diskutert om årsakskravet skulle mjukast opp, konkluderte departementet med at den etablerte og praktiserte forståinga av årsakskravet skulle vidareførast.²³⁶ Dette gjer det endå klarare at dømet frå Holmboe-utvalet og tvilen det eventuelt gjev om kor strengt årsakskrav utvalet meinte å leggje til grunn ikkje kan få innverknad i tolkinga.

Så langt tilseier altså bidraga frå ordlydstolkinga og førearbeida at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren. Det generelle inntrykket av retts- og nemndspraksisen underbyggjer dette.²³⁷ I så fall er årsakskravet langt strengare enn på dei tilgrensande områda, jf. gjennomgangen i kapittel 3.2.2. Dette er derimot ikkje noko særleg motargument mot tolkinga. I førearbeida er det understreka at årsakskravet nettopp er strengare enn i den generelle erstatningsretten.²³⁸ Også i rettspraksis er det lagt til grunn at årsakskravet er strengt.²³⁹ Derimot er det visse bidrag knytt til særskilte typesituasjonar som kan indikere at det i alle fall tidvis er rom for mellomkomande årsaksfaktorar. Desse gjev grunn til nærmere drøfting, noko eg vil gjere etter eit kort sidespor om oppdeling av årsaksrekkjer.

3.4.2.2 Kort om oppdeling av årsaksrekkjer

Om det, som tolkinga så langt tilseier, er av avgjerande betydning at naturulukka er den sist verkande årsaksfaktoren, kjem spørsmålet om korleis ein skal skilje mellom ulike årsaksfaktorar eller ledda i ei årsaksrekkje på spissen. Dette er det difor naudsynt å sjå nærmare på før drøftinga av typetilfella. Ovanfor har vi sett at det gjerne er eit vell av årsaksfaktorar som samverkar og at det er kontinuerlege påverknadslaup fram til skaden. Å dele opp dette er ikkje uproblematisk. Stang sette dette på spissen, og påstod at om ein deler opp ei hendingsrekkje i ulike ledd, har ein «vilkaarlig [...] delt en sammenhengende utvikling op i en række led».²⁴⁰ Ein kunne like gjerne delt opp kvart ledd i fleire ledd, og han meinte difor at ein ikkje burde spørje om skaden er direkte eller indirekte.²⁴¹ Problematikken er også drøfta av Radetzki, som viser til at ein kan seie at brann gjer skade på eit tak (eitt årsaksledd) eller at brann set i gang

²³⁶ Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

²³⁷ Sjå nedanfor i kap. 3.4.2.3 om typetilfelle for utdjuping og konkrete referansar.

²³⁸ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31 og 165; Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

²³⁹ Rt. 2011 s. 105 A: «strengt årsakskrav» (avsnitt 44); LB-2005-63069: «relativt strengt» årsakskrav. Sjå også Prop. 80 L (2013–2014) s. 38 om at årsakskravet skal tolkast strengt.

²⁴⁰ Stang (1927) s. 301–302.

²⁴¹ Stang (1927) s. 301–302.

kjemiske reaksjonar som så gjer skade på taket (to årsaksledd). Om ein går endå nøyare til verks, kan også den kjemiske reaksjonen delast opp i ulike ledd.²⁴²

Sidan tolkingsbidraga til vilkåret «direkte skyldes» gjev talet på årsaksledd avgjerande betydning, kjem vi ikkje vekk frå å måtte spalte opp hendingslaupet i årsaksledd. Vi må difor i staden ta omsyn til problematikken ved å vise særskilt merksemd til korleis og kvifor vi deler opp hendingslaupet som vi gjer. Radetzki held fram at det avgjerande er kva som etter vanleg språkleg forståing vert omfatta av den enkelte årsaksfaktoren.²⁴³ Problemet er at det ikkje alltid er innlysande kva som følgjer av vanleg språkleg forståing. Til dømes kan det vere delte meningar om kor vidt røyken og varmen er skal rekna som ein del av brannen eller ikkje.²⁴⁴ Etter mitt syn må eit avgjerande poeng vere at det i realiteten er eit spørsmål om kor mykje av faktumet som går inn under eit vilkår. I dømet til Radetzki er farevilkåret «brand».²⁴⁵ Dette faremomentet må rekna som eitt årsaksledd. Avgrensinga av kva som vert rekna med under dette årsaksleddet, må då kvile på kva som etter lov- eller avtaletolking i tråd med den juridiske metoden vert dekt av vilkåret. For naturskadeerstatningslova sin del vert det avgjerande kor mykje av faktumet som vert dekt av det relevante naturulukkevilkåret. Vanleg språkforståing er klart nok eit viktig utgangspunkt, men må supplerast med tolkingsbidrag frå andre kjelder.

Tilfella der bølgjer gjer skade er særleg illustrerande i så måte. Som utleia i kapittel 2.3.5 er bølgjeslaga rekna som ein relevant skademåte når det er stormflo. Grunnen er at bølgjene vert rekna som ein del av stormfloa. Bølgjene vert derimot ikkje rekna som del av stormen, så om det berre er storm og ikkje stormflo kjem årsaksspørsmålet på spissen.

I den andre enden av hendingsrekka vert det sentrale kor mykje av faktumet som er å rekne som den dekte skaden. Også dette kviler på tolking etter juridisk metode. I nemndspraksis er det lagt til grunn at skaden må vere ein fysisk skade på eigedomen eller stans i verksemda.²⁴⁶ Sidan eg avgrensar til årsakssambandet fram til skaden, i motsetnad til kor mykje som vert rekna med i skaden, jf. kapittel 1.1, fokuserer eg berre på kvar skaden «byrjar». I det sambandet

²⁴² Radetzki (1998) s. 90–91.

²⁴³ Radetzki (1998) s. 91–92.

²⁴⁴ Slik også Radetzki (1998) s. 91–92.

²⁴⁵ Sjå Radetzki (1998) s. 91.

²⁴⁶ Sjå t.d. NSN-2014-8215 og NSN-2014-8221.

vert spørsmålet primært om den føregående årsaksfaktoren er del av same objekt som det primært skadde objektet.²⁴⁷

Når desse to stega er gjennomført, står det att å vurdere om delar av hendingslaupet ligg udekt mellom den relevante årsaksfaktoren og skaden. I så fall er det eitt eller fleire ledd mellom dei. Her er det gjerne ikkje lov- eller avtalevilkår å ta utgangspunkt i for å vurdere kor mange årsaksledd der er. Spørsmålet og vurderingsmåten vert difor vanskelegare. Tilnærminga som ligg bak oppdelinga kring det ansvarsberande tilhøvet og skaden kan nok gje bidrag, til dømes ved å indikere om lovgjevaren eller avtalepartane har teke sikt på å dele opp årsakssambandet i små eller større bitar.

3.4.2.3 Drøfting av praktiske typetilfelle

3.4.2.3.1 Innleiing

No som både dei sentrale rettskjeldebidraga og tilnærningsmåten for oppspalting av årsaksledd er klarlagt, er det tid for å sjå nærare på nokre typetilfelle. Typetilfella er valde fordi dei er særskilt omtala i kjeldene eller elles funne særleg interessante. Dei er også stiliserte slik at det vert sett vekk frå eventuell samstundes samverknad, som skal drøftast i kapittel 3.4.3. Omfanget av avhandlinga har sett grenser for kor mange typetilfelle eg kan sjå på. Rekkjefølgja dei vert presentert i er valt for å få fram visse likskapar og ulikskapar mellom faktum i typetilfella.

3.4.2.3.2 Storm har skapt bølgjer som gjer skade

Eit praktisk typetilfelle er at moloar og andre innretningar langs sjøen vert skadd av bølgjer. Når det er stormflo, vert skadane dekte sidan «stormflo» også omfattar bølgjesлага, sjå kapittel 2.3.5. Bølgjene er derimot ikkje del av naturulukka «storm». Spørsmålet er difor om skaden «direkte skyldes» storm når bølgjene kjem som ein mellomkomande årsaksfaktor mellom stormen og skaden.

Nemnda har i dei aller fleste tilfella nekta erstatning i slike saker, tidvis illustrerande grunngjeve med at «[s]tormens innvirkning på skaden er [...] indirekte da stormen er årsaken til bølgene, og bølgene den direkte årsak til skaden».²⁴⁸ I eitt tilfelle har ho derimot teke til følgje klagen i

²⁴⁷ Sml. naturkadeerstatningslova § 5 om at utmålinga er knytt til «skadeobjektet», noko som tilseier at skade på ulike objekt er to ulike skadar.

²⁴⁸ Sjå t.d. NSN-2014-3593, NSN-2014-3981 og NSN-2014-6074. Standpunktet til årsakskravet i typetilfellet er likt, men grunngjevinga noko annleis i t.d. NSN-2009-21436, NSK-2016-46521 og NSK-2018-3196.

ei slik sak med tilvising til at nemnda ikkje kunne sjå vekk frå at det var storm på skadetidspunktet.²⁴⁹ Eitt enkeltståande vedtak har svært låg vekt mot den omfattande praksisen i motsett retning. Når det då også er uklart om nemnda meinte det var stormen eller bølgjene som materialiserte seg i skade, kan ikkje dette vedtaket vere til hinder for å seie at det er ein fast praksis av noko omfang og varigheit om typetilfellet.

At skade frå bølgjer skapt av storm indirekte skuldast stormen, er også framheva under gjennomgangen av gjeldande rett i proposisjonen til naturskaderstatningslova.²⁵⁰ Nemndspraksisen har dessutan fått ei viss tilslutning frå domstolane.²⁵¹ Rettskjeldebiletet etterlet difor ikkje tvil om at når vind skaper bølgjer som så gjer skade, vil ikkje skaden «direkte skyldes» stormen.

3.4.2.3.3 Storm får objekt i sjøen til å slå inn i noko anna

I tillegg til å skape bølgjer, kan stormen setje objekt i vassflata i rørsle slik at dei støyter inn i noko anna. Eit praktisk døme er at stormen får ein båt til å støye inn i kaia. Sidan objektet ikkje er noka naturkraft, er det tydelegare at det ikkje er nokon del av stormen. Vidare er det heller ikkje del av skaden på objektet det støyter inn i, uavhengig av om det sjølv også vert skadd. Det avgjerande må vere at det er to ulike objekt som i så fall vert skadd. Objektet er dimed tydeleg eit mellomkomande årsaksledd. Nemnda lagt til grunn at årsakskravet ikkje er oppfylt i slike tilfelle.²⁵² Rettskjeldegrunnlaget er elles tynt, så omsynet til samanhengen mellom typetilfella vert viktig. At resultatet frå nemnda er i tråd med det som følgjer av den generelle gjennomgangen ovanfor og også harmonerer godt med løysinga av storm og bølgje-dømet veg tungt. Resultatet frå nemnda må difor leggjast til grunn for typetilfellet, og årsakskravet er ikkje oppfylt.

3.4.2.3.4 Flaum set isflak i drift så dei gjer skade

Objekt i vassflata kan også setjast i rørsle under flaum. I dette punktet skal eg undersøke tilfelle der objektet er eit isflak, i neste punkt andre objekt.

²⁴⁹ NSN-2009-3614 (skade på steinbryggje). NSN-2009-4348 liknar, men der er ikkje uttrykkeleg sagt at det var bølgjer på skadetidspunktet.

²⁵⁰ Prop. 80 L (2013–2014) s. 37.

²⁵¹ Sjå Vesterålen tingretts dom 31. oktober 2014 (sak nr. 14-067778TVI-VTRA) og LG-2015-102574 (obiter dictum). Den same synsmåten synest implisitt å ligge bak resultatet også i LG-2018-23731.

²⁵² NSN-2015-43369 (flytebrygge støyter inn i båtstø), NSN-2014-71303 (båt slo mot kai, forsikringssak), NSK-2017-24982 (drivved støyte inn i bryggje, forsikringssak).

Situasjonen er altså at flaumvatnet har sett eit isflak i rørsle, og isflaket har støytt inn i og gjort skade på noko. Det overordna spørsmålet er om denne skaden «direkte skyldes» flaumen. Det første som då må takast stilling til, er om isflaket kan rekna som del av flaumen. Det kviler på ei tolking av vilkåra «flom» og «isgang». Vilkåra er nærmere gjort greie for ovanfor i kapittel 2.3.4 og 2.4. Tolkinga viste at isgang nettopp er tilfelle der isen vert broten opp og ført med vatnet. Dette kan nok typisk tenkast å skje når vasstanden stig, og isflaket må dimed rekna som ein del av naturhendinga «isgang», og ikkje naturulukka «flom».

Etter naturskaderstatningslova § 4 tredje ledd kan skadar som direkte skuldast isgang ved særlege forhold kompenserast med rettferdsvederlag. Skadane er altså generelt haldne utanfor første ledd. Isolert sett skulle det tilseie at det ikkje var grunn til å spørje om skaden isflaket gjer «direkte skyldes» flaumen. Når et likevel vert gjort her, er det fordi utvalet i 1974 peika på at «[n]år det gjelder skade på grunn av isgang i vassdrag skjer dette som regel i forbindelse med flom, og det kan da bli spørsmål om erstatning på grunn av flomskade».²⁵³ Dette kunne tilseie at isgang vert regulert av første ledd i staden for tredje ledd når vasstanden kvalifiserer til «flom». Tilvisinga til at det kunne bli erstatning for «flomskade», føreset då anten at isflaket vert rekna som del av årsaksfaktoren «flom», eller at årsakskravet generelt eller i typetilfellet er oppfylt sjølv om det er eit ekstra årsaksledd mellom naturulukka og skaden, her representert ved isflaket. Det er allereie konstatert at isflaket ikkje kan rekna som del av naturulukka «flom». Det er difor årsaksvurderinga som står att, og både den generelle gjennomgangen av rettskjeldene og dei to typetilfellene ovanfor taler mot at årsakskravet er oppfylt i og med at isflaket er ein mellomkomande årsaksfaktor.

Også seinare førearbeid har omtale som indikerer eit samband mellom isgang og flaumskade, men det er uklart om det er sikta til tilfelle der isgang utløyser flaum og vatnet gjer skade, eller at skade gjort av isflaket skal tilskrivast flaumen.²⁵⁴ Desse førearbeida gjev difor ikkje bidrag til analysen. Det same gjeld omtalen av skade frå isgang under «særlig høy vannstand» i proposisjonen til naturskaderstatningslova, sidan det er uklart om det var meint tilfelle med «flom» eller ikkje.²⁵⁵

Heller ikkje nemndspraksisen gjev noko klart bidrag. I NSN-2010-10287, NSN-2015-22253 og NSK-2016-68446 var faktum at isflak i elver med stor vassføring støytte inn i og skada bruver.

²⁵³ NOU 1974: 9 s. 25.

²⁵⁴ Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 25; Utredning ny naturskadelov (2008) s. 163–164.

²⁵⁵ Prop. 80 L (2013–2014) s. 59.

Nemnda nekta erstatning i alle sakene, med tilvising til at årsaka var isgang. Kor vidt det var flaum i elvene er uklart, men om nemnda meinte at skade frå isflak under flaum direkte skuldast flaumen, ville det vere nærliggande å ta eksplisitt stilling til om det var flaum på skadetidspunket. Når det ikkje var gjort, kan vedtaka sjåast som å gje ein viss motstand mot at skade frå isflak under flaum «direkte skyldes» flaumen. Derimot vart erstatning innvilga i NSN-2013-599, NSN-2013-600 og NSN-2013-603, men det er vanskeleg å sjå kvifor, så dei gjev ikkje sterkt støtte for at skade frå isflak «direkte skyldes» flaum.

Sjølv om førearbeida og praksisen gjev visse bidrag, er det så pass få og til dels uklare bidrag at dei ikkje er tungtvegande. Det avgjerande må difor vere at naturskadeerstatningslova § 4 tredje ledd er generelt formulert og synest å omfatte alle tilfelle der isflak er den direkte verkande årsaksfaktoren. Utsegna frå 1974-utgreiinga synest i lys av det strenge lovskravet ikkje å gje tunge nok haldepunkt for differensiering.

Der flaum gjev isgang som så gjer skade, skuldast skaden dimed ikkje «direkte» flaumen.

3.4.2.3.5 Objekt tekne med av flaumvatn gjer skade

Også for typetilfellet der flaumen tek med andre faste objekt enn isflak, er startpunktet å vurdere om objekta vert omfatta av vilkåret «flom». Tolkinga i kapittel 2.3.4 gav ikkje indikasjonar på at anna enn vatnet vert dekt av vilkåret «flom». Eit anna poeng er at å inkludere faste objekt under «flom» truleg vil leie til vanskelege grensetrekkingar. Småkvist og anna rusk er kanskje så ofte å sjå i flaumvatnet, og så unngåeleg at vert teke med av flaumvatnet, at småkvistene og rusket kunne vere aktuelt å rekne som del av flaumen. Derimot er større objekt, som trestammar, rundballar og ikkje minst bygningar meir uvanlege førekomstar i flaumvatnet og ber større preg av å vere framandobjekt i flaumvatnet. Desse objekta synest difor ikkje naturleg å rekne som del av naturulukka «flom». Kvar grensa eventuelt skulle gå mellom faste objekt som vert dekt og ikkje dekt av «flom», synest uklart og rettsteknisk vanskeleg å fastsetje. Det avgjerande vert difor at ordlyden tilseier at berre vatnet er omfatta av naturulukka «flom». Faste objekt i flaumvatnet vert difor rekna som separate årsaksfaktorar, åtskilt frå årsaksfaktoren «flom».

Spørsmålet er då om skade eit objekt som er sett i drift av flaumvatnet gjer, «direkte skyldes» flaumen. Den generelle utlegginga av ordlyden og førearbeida ovanfor, og også dei andre typetilfella som så langt har vore sett på, taler mot at årsakskravet er oppfylt.

Kjelder som meir spesifikt gjeld dette typetilfelle, er derimot delte. Statens landbruksforvaltning omtala tilfelle der tre eller andre objekt vert rivne med av flaum og så gjer skade på til dømes bruer som døme på «gråsonesaker».²⁵⁶ Dette indikerer at utgreiaren i alle fall ikkje fann det klart årsakskravet ikkje var oppfylt i slike saker. Eit nyare overskjønn er også av ei viss interesse. Bakgrunnen for saka var at ei hengebru vart skadd under ein flaum. Den skadelidne opplyste at det ikkje var vatnet, men ein rundballe som var teken av flaumen som støyta inn i og skadde bruia. Statens naturskadefond motsa likevel ikkje at det var ein naturskade, og retten la til grunn at partane var samde om at årsaka var ei naturulukke og at årsakskravet var oppfylt.²⁵⁷ Sidan partane var samde og saka gjaldt verdsetjing, tok ikkje retten stilling til spørsmålet, men overskjønnet er interessant sidan det indikerer at Statens naturskadefond meinte at skaden «direkte skyldes» flaumen sjølv om rundballen var ein mellomkomande årsaksfaktor.

Ut frå typen kjelder er desse bidraga mindre tungtvegande enn rettskjeldene som ligg bak dei generelle standpunktene til årsakskravet. Samstundes er bidraga i førre avsnitt spesifikt knytt til typetilfellet. I den grad der er omsyn som kan forsvare ei særeigen tilnærming til årsakskravet i typetilfellet, kan det tilseie å leggje særleg vekt på dei meir saksspesifikke bidraga.

Det som då synest særleg grunn til å peike på, er at objektet gjerne er ein passiv årsaksfaktor som vert teken med av flaumvatnet og leia fram til skadestaden av vatnet. Flaumen er dimed naudsynt for at objektet skal gjere skade. Det gjev eit særleg sterkt samband mellom dei to årsaksfaktorene og kunne tale for å gjere unntak frå det generelle kravet om at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren. På den andre sida kan dei same argumenta gjerast gjeldande for andre typetilfelle som ikkje oppfyller årsakskravet, til dømes der stormen set objekt i sjøen i rørsle og desse gjer skade, jf. kapittel 3.4.2.3.3.

Det synest etter dette ikkje å vere særeigne omsyn knytt til typetilfellet som forsvarer ei særeigen tilnærming til årsakskravet. Skade gjort av objekt som er tekne med av flaumvatn vil dimed ikkje «direkte skyldes» flaumen.

3.4.2.3.6 Storm veltar tre så det gjer skade

Det neste tilfellet er der storm veltar tre som så gjer skade på eit objekt. Naturulukka «storm» omfattar lufttrykket, og treet kan som eit fast objekt på bakken ikkje reknast som del av stormen.

²⁵⁶ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

²⁵⁷ Sjå Sogn og Fjordane tingretts overskjønn 27. desember 2017 (sak nr. 16-181262SKJ-SOFT).

Sjølv om også treet vert skadd når det veltar, er det eit anna objekt enn det objektet det gjer skade på, og kan difor heller ikkje reknast som del av den skaden vi spør om årsakssambandet fram til. Treet er dimed ein mellomkomande årsaksfaktor mellom stormen og skaden på objektet. Igjen tilseier den generelle analysen av ordlyden og førearbeida ovanfor i kapittel 3.4.2.1 at årsakskravet ikkje er oppfylt. Samstundes er det meir spesifikke tolkingsbidrag om typetilfellet som gjev grunn til nærmere problematisering.

Særtrekka ved typetilfellet kan vere relevant å ha for auge før denne gjennomgangen. Treet er ein passiv årsaksfaktor utløyst av stormen, og stormen er både nødvendig og tilstrekkeleg for å utløyse treet som årsaksfaktor. Generelt sett er det også eit visst preg av noko uunngåeleg over typetilfellet, sidan ein ikkje utan mykje arbeid og negative verknader kan fjerne alle tre og slik eliminere skaderisikoen. Dette siste vert noko svekt av at skaderisikoen kan reduserast ved å ikkje plassere objekt innanfor treas fallradius. Samla gjer likevel desse momenta at det er eit sterkt årsakssamband mellom naturulukka og skaden, sjølv om treet kjem som mellomkomande årsaksfaktor.

Rekkja av rettskjelder byrja med at Sivilombodsmannen kritiserte den strenge praksisen under årsakskravet i ei sak om trevelt i storm, etter at nemnda hadde nekta den skadelidne erstatning med tilvising til at årsakskravet ikkje var oppfylt.²⁵⁸ Sivilombodsmannen meinte at ordlyden «direkte skyldes» tilseier eit «krav til kvalifisert grad av årsakssammenheng», og at det syntes sameinleg med ordlyden å nekte erstatning der skadane også kan førast tilbake til andre årsaksfaktorar enn naturulukker. Han fann det likevel anstrengt å hevde at vilkåret innebar «en avgrensning til bare å dekke de umiddelbare *følger* i tilfeller hvor skadene utelukkende *skyldes* naturulykken; hvor naturulykken er den eneste relevante årsaksfaktor».²⁵⁹ Kva som nærmare er meint med dette, er litt uklart. I alle fall meiner Sivilombodsmannen der er rom for årsaksledd mellom naturulukka og skaden i visse tilfelle. Kan hende kan ein sjå naturulukka som den einaste «relevante» årsaksfaktoren der naturulukka er den einaste aktive årsaksfaktoren, med andre ord den einaste som tilfører årsaksenergi – i motsetnad til der det kjem inn bidrag frå årsaksfaktorar frå parallele hendingslaup. Etter at meir dokumentasjon var lagt fram, kom Sivilombodsmannen likevel til at det var lang og konsekvent – om enn ikkje tydeleg dokumentert – praksis for typesituasjonen og liknande eller parallelle tilfelle. Han konkluderte med at ordlyden og førearbeida «neppe» gav så klare haldepunkt at denne forvaltningspraksisen

²⁵⁸ SOMB-2003-96.

²⁵⁹ SOMB-2003-96, på s. 305. Sjå nærmare om utsegna om tilfelle der skaden kan førast tilbake til andre årsaksfaktorar i kapittel 3.4.3.2.

var i strid med lovregelen og gjekk ikkje vidare med saka.²⁶⁰ Kritikken i SOMB-2003-96 er dimed noko svekt.

I utgreiinga frå Statens landbruksforvalting, som kom nokre år seinare, vart typetilfellet omtala under merkelappen «gråsonesaker» i relasjon til årsakskravet.²⁶¹ Ordet «gråsonesaker» tilseier at utgreiaren rekna det som usikkert om årsakskravet var oppfylt i slike saker. Dette er svært interessant i lys av Sivilombodsmannens kritikk og den påstått langvarige praksisen som var gjort gjeldande i den saka.

Seinare har nemnda i fleire saker lagt til grunn at skade gjort av tre velta i storm ikkje «direkte» skuldast stormen.²⁶² Isolert sett gjev ikkje desse vedtaka ein langvarig og utbreidd praksis, men sivilombodsmannssaka indikerer at det finst eldre, tilsvarende praksis dei nye vedtaka føyer seg til. I så fall finst det samla ein forvaltningspraksis av større vekt enn kva dei nyare, publiserte vedtaka har aleine.

Spørsmålet har dessutan kome opp for domstolane i ei sak, og lagmannsretten stadfesta då nemndas praksis ved å kome til same resultat, med tilvising til at «den ‘direkte’ årsaken til skaden er trefallet og ikke orkanen».²⁶³ Tingretten kom rett nok til motsett resultat, men svakleikar ved argumentasjonen gjer at dette ikkje kan takast til inntekt for at begge synsmåtan er prosedable.²⁶⁴

Trass det sterke årsakssambandet mellom stormen og skaden, må det etter mi meining leggjast stor vekt på at det her er ein til dels etablert nemndspraksis og ein lagmannsrettsdom med same tilnærming som dei generelle utgangspunkta som er uteia frå ordlyden og førearbeida. Sivilombodsmannens kritikk og klassifikasjonen som «gråsonesak» er då berre svake innvendingar.

Skade gjort av tre som veltar i storm vil altså ikkje «direkte» skuldast stormen.

²⁶⁰ Brev frå Sivilombodsmannen til Ankenemnda for Statens Naturskadefond, 06.02.2006, sak 2004/2356.

²⁶¹ Sjå Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

²⁶² Sjå NSN-2012-1577, NSN-2012-6953, NSN-2012-10794, NSN-2012-13416, NSN-2012-15808, NSN-2012-16237, NSN-2013-23415, NSN-2013-31449, NSN-2013-33263, NSN-2014-8538, NSN-2014-52465 og NSN-2015-27820.

²⁶³ LF-2014-49738, under lagmannsrettens vurdering.

²⁶⁴ Sjå Søre Sunnmøre tingretts dom 17. januar 2014 (sak nr. 13-161859TVI-SOSU). Svakleiken er særleg bruken av formuleringar som minner om dei departementet brukte i formuleringa av alternativ regel i 1993, utan å kommentere at regelen ikkje vart vedteken og dimed ikkje representerer gjeldande rett, sjå tingrettsdommen sml. Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25.

3.4.2.3.7 Storm tek med seg objekt som treff noko anna og gjer skade

Eit typetilfelle som grensar til trevelt-sakene, er at stormen tek med seg eit laust objekt som etter å ha vore ei stund i lufta støytar inn i og gjer skade på noko. Dette kan kallast treffskadar. Statens landbrukskontor peika i si utgreiing på at dette har vorte gjeve erstatning for, men utan nærmere referansar.²⁶⁵ Mellom dei publiserte vedtaka er det derimot saker der slikt faktum har leia til avslag.²⁶⁶ Det er ikkje mange nok vedtak til å snakke om nokon praksis, og underliggende omsyn og samanlikning med dei andre typetilfella vert difor avgjerande.

Treffskadane er eit klart døme på at naturulukka (stormen) har sett i gang ei årsaksrekke. Sidan stormen er luftrykket, må det flygande objektet reknast som ein separat årsaksfaktor sjølv om det flyg i vinden. Dimed representerer det ein mellomkomande årsaksfaktor og stormen er ikkje den sist verkande årsaksfaktoren. Den generelle utlegginga ovanfor tilseier då at årsakskravet ikkje er oppfylt.

Det som eventuelt kunne tale for å likevel rekne årsakskravet som oppfylt, er at stormen er naudsynt både for å setje objektet i rørsle og for at objektet skal kome fram til skadestaden. Som nemnt ovanfor i kapittel 3.4.2.3.5 om det liknande dømet om objekt i flaum, gjev desse særtrekka eit sterkt årsakssamband. Når dette ikkje var tilstrekkelege i typetilfellet om flaum, tilseier likevel omsynet til likebehandling av liknande tilfelle at løysinga må bli den same her. Skaden objektet gjer, vil altså ikkje «direkte» skuldast stormen.

3.4.2.4 Oppsummering om suksessive årsaksrekkjer

Drøftinga i denne delen har vist at sjølv om det finst rettskjeldebidrag som indikerer at årsakskravet gjev rom for årsaksfaktorar mellom naturulukka og skaden, må dei vike for bidraga og omsyna som går i motsett retning. Trass somme avvikande rettskjeldebidrag, står altså det generelle utgangspunktet frå 3.4.2.1 seg; Årsakskravet «direkte skyldes» krev at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren, og er ikkje innfridd i tilfella der naturulukka utløyser ein annan årsaksfaktor som så gjer skade. Dette generelle utgangspunktet synest dessutan å ha brei gjennomslagskraft sidan det ikkje er funne typetilfelle som gjev grunnlag for avvik.

²⁶⁵ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

²⁶⁶ Sjå NSN-2012-8972 og NSN-2009-5844 (forsikringssak).

Gjeldande rett er etter dette klarlagt for tilfella der det berre er suksessivt verkande årsaksfaktorar som bidreg til skaden.

3.4.3 Samstundes samverkande årsaksfaktorar

3.4.3.1 Innleiing

Så langt har analysen vore fokusert på tilfelle der berre naturulukka, eller årsaksfaktorar ho aleine har utløyst, har ført til skaden. Her i dette punktet skal eg sjå nærare på samstundes samverke. Med det meiner eg tilfella der eit parallelt hendingslaup møter naturulukkas hendingslaup slik at ein ekstern årsaksfaktor tilfører årsaksenergi til naturulukkas hendingslaup. Slikt samstundes samverke kan vere mellombels og avslutta før skadetidspunktet eller skje på skadetidspunktet.

Som døme på mellombels samverke som er avslutta før skadetidspunktet kan vi tenkje oss at ein betongklump (ikkje naturulukke) støytar inn i ein stein som kvalifiserer som steinsprang (naturulukke) slik at steinen endrar retning og får høgare fart. Betongklumpen er då samverkande faktisk årsak til at steinen treff ein annan stad og med større kraft enn han ville gjort utan bidraget frå betongklumpen.

Som døme på samverke på skadetidspunktet kan vi tenkje oss at steinen og betongklumpen rasar i same retning, utan å treffe kvarandre. Dei treff eit gjerde samstundes. Begge gjev altså fysisk påverknad på gjerdet, som dimed vert knust.

Spørsmålet er om, og eventuelt når, skaden trass slikt samverke «direkte» skuldast naturulukka.

Kravet om at naturulukka må vere den sist verkande årsaksfaktoren synest etter drøftinga i kapittel 3.4.2.1 så grunnleggjande at det må gjelde også for tilfelle med samstundes samverke i hendingslaupet. Om naturulukka har vore den mellombels samverkande årsaksfaktoren og den eksterne årsaksfaktoren har verka til sist, vil skaden altså ikkje «direkte» skuldast naturulukka. Det uklare er tilfella der naturulukka samverkar med ein annan årsaksfaktor på skadetidspunktet og tilfella der naturulukka er den sist verkande årsaksfaktoren etter at ein ekstern årsaksfaktor har samverka med henne på eit tidlegare punkt i hendingstrekkja og slik forsterka årsaksevna hennar.

Om det skulle vere tilstrekkeleg som normativt krav at naturulukka var den, eller ein av fleire samstundes sist verkande årsaksfaktorar, ville nok relativt mange skadetilfelle vere omfatta. Mellom desse ville det også vere tilfelle der naturulukka gav relativt lite årsaksbidrag samanlikna med den eksterne årsaksfaktoren, til dømes der ein stein (steinsprang) og ein ti gongar så stor betongklump treff eit gjerde samstundes og saman knuser det. Sjølv om steinen er i direkte kontakt med gjerdet, er han ein lite viktig årsaksfaktor samanlikna med betongklumpen. Om årsakskravet likevel vart rekna innfridd, ville det synest lite strengt samanlikna med kva som gjeld for dei suksessive årsaksrekkjene (sjå drøftinga i kapittel 3.4.2).

I fråveren av haldepunkt for det motsette, er det grunn til å tru at det same årsakskravet gjev om lag like strenge krav i ulike typetilfelle. Dette taler for at vilkåret «direkte» gjev supplerande normativ avgrensing i tilfella med samstundes samverke, i tillegg til kravet om at naturulukka må vere den, eller ein av fleire sist verkande årsaksfaktorar. Også at årsakskravet som nemnt ovanfor er meint å vere strengt støttar dette.²⁶⁷

Målet med analysen i dette underkapittelet er å få klarleik i om det faktisk gjeld eit slikt supplerande krav og kva det i så fall inneber. Eg byrjar også her med ein generell analyse av rettskjeldene før eg drøftar spesifikke typetilfelle.

3.4.3.2 Generell analyse av rettskjeldene

Når overordna spørsmålet er kva det har å seie at ein annan årsaksfaktor enn naturulukka har gjeve bidrag til skaden, peikar tre alternative løysingar seg fram som relevante: at samverket gjer at naturulukka ikkje kan reknast som rettsleg relevant årsak, at løysinga varierer etter kor stort årsaksbidraget frå den andre årsaksfaktoren er, eller at samverke aldri har betyding for naturulukkas ansvar.

For å raskt krysse ut det eine alternativet, er det aktuelt å byrje med spørsmålet om bidraget frå den eksterne årsaksfaktoren gjer at naturulukka ikkje er rettsleg relevant årsak. I kapittel 3.3 peika eg rett nok på at orda «skyldes naturulykken» gjev assosiasjon til at naturulukka er den einaste eller ei avgjerande årsak. Like etter viste eg derimot at vilkårslæra reknar alle nødvendige vilkår som faktiske årsaker, og gjennomgangen i kapittel 3.2.2 viste at samverke på dei tilgrensande rettsområda normalt ikkje er til hinder for å rekne ein årsaksfaktor som rettsleg relevant årsak. I kapittel 3.4.3.1 heldt eg også fram som ei mogleg ordlydstolking av

²⁶⁷ Sjå kap. 3.4.2.1 og Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

«direkte [skyldes]» at naturulukka må vere den einaste aktive årsaksfaktoren. Som vist i kapittel 3.4.2.3.6 gav Sivilombodsmannen i SOMB-2003-96 uttrykk for at det var sameinleg å nekte erstatning om skaden også skreiv seg tilbake til andre årsaksfaktorar enn naturulukker. Sidan det ikkje var andre aktive årsaksfaktorar enn naturulukka i den konkrete saka, kom ikkje synsmåten på spissen og han kan dimed ikkje leggjast stor vekt på. Eg har heller ikkje funne andre kjelder som gjev grunnlag for slik avgrensing.²⁶⁸ Den første alternative løysinga må difor forkastast.

Det er føremålstenleg å fortsetje drøftinga knytt til spørsmålet om kor vidt storleiken på årsaksbidraget frå den andre årsaksfaktoren er avgjerande for om skaden «direkte» skuldast naturulukka. Førearbeida og rettspraksisen gjev ikkje bidrag til denne drøftinga utover det som er peika på ovanfor i kapittel 3.4.2 om suksessive årsaksrekker. Nemndspraksisen vert difor viktig. På dette punktet er det særleg interessante at det er tolv publiserte avgjersler der avslaget vert grunngjeve med at ei årsak som ikkje er noka naturulukke er «hovedårsaken» til skaden eller at skaden «hovedsakelig» skuldast noko anna enn ei naturulukke.²⁶⁹ Orda «hovedårsaken» og «hovedsakelig» leier tanken til hovudårsakslæra frå forsikringsretten, sjå kapittel 3.2.2.3. Sidan nemnda ikkje seier at det er ei hovudårsakslære som vert brukt, er det trond for nærmere vurdering av om det ligg rettsleg realitet bak orda.

Eit viktig tilnærming for å avklare om det ligg rettsleg realitet bak ordbruken, er å undersøke om det synest nødvendig for resultatet at ikkje-naturulukka er hovudårsak. Det motsette er kanskje enklare å vurdere: om det ikkje er nødvendig for resultatet at ikkje-naturulukka er hovudårsak (gjeve at ei hovudårsakslære gjeld), kan ikkje ordbruken brukast som argument for at hovudårsakslæra gjeld.²⁷⁰ Det er tilfelle både om det ikkje var faktisk årsakssamband mellom naturulukka og skaden og om det ikkje var noka naturulukke på skadetidspunktet.

²⁶⁸ Motsett Wiese (2016) s. 22, som forstår utsegner frå Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) s. 25 som at årsakskravet ikkje er oppfylt når det er fleire relevante årsaksfaktorar enn naturulukka. Etter mi meining gjev ikkje utdraget ho siterer grunnlag for ei slik slutning.

²⁶⁹ NSN-2009-8461, NSN-2011-11251, NSN-2013-1648, NSN-2013-19088, NSN-2013-23571, NSN-2014-61171, NSN-2015-1678, NSN-2015-57463, NSK-2016-25970-1, NSK-2016-25970-2, NSK-2017-20044-1 (seinare omgjort på grunn av anna forståing av, sjå NSK-2017-20044-2, men framleis av ein viss verdi kva gjeld forståinga av hovudårsakslæra) og NSK-2017-39714.

²⁷⁰ Sml. at obiter dicta i dommar har lågare rettskjeldeverdi enn ratio decidendi, sjå m.a. Nygaard (2004) s. 78–79 og 115–118; Eckhoff (2001) s. 172.

Ut frå kva nemnda legg til grunn om sambandet mellom ei eventuell naturulukke og skaden, kan sakene grupperast som saker der skaden ikkje «skyldes» noka naturulukke,²⁷¹ der skaden ikkje «direkte skyldes» noka naturulukke²⁷² og der nemnda ikkje ser vekk frå at det kan ha vore ei naturulukke på skadetidspunktet.²⁷³

Når nemnda konkluderer med at skaden ikkje «skyldes» noka naturulukke, indikerer det at det ikkje er faktisk årsakssamband mellom noka naturulukke og skaden i saka. Også der nemnda seier at skaden ikkje «direkte skyldes» ei naturulukke kan det tenkjast at det ikkje er faktisk årsakssamband til noka naturulukke, men det er også mogleg at det berre er for svak årsakskvalitet som gjer at vilkåret ikkje er oppfylt. Nemnda gjev ikkje eksplisitt uttrykk for kva som ligg bak konklusjonane, og faktumet er sparsamt attgjeve. Faktumet gjev likevel eit visst bilet av om det kan ha vore ei naturulukke på skadetidspunktet. Etter nærmare vurdering finn eg det tvilsamt om det var ei naturulukke på skadetidspunktet i fire av vedtaka frå desse to gruppene.²⁷⁴ I så fall ligg det ikkje rettsleg realitet bak ordbruken i desse vedtaka. Argumentet vedtaka gjev for at ei hovudårsakslære gjeld vert då svekt. Sidan vurderinga er usikker, er også talet usikkert og motargumentet svakt.

I den siste kategorien, der nemnda ikkje ser vekk frå at det kan ha vore ei naturulukke på skadetidspunktet, gjev vedtaka i større grad inntrykk av at det ligg rettsleg realitet bak orda. Dimed gjev dei også sterke støtte for at ei hovudårsakslære gjeld. Samstundes er fire vedtak her for lite til å reknast som forvaltningspraksis, så rettskjeldevekta er låg.

Sjølv om bidraget er klart sterkest i dei tilfella det ligg ein rettsleg realitet bak ordbruken ved at ei hovudårsakslære har vore avgjerande for resultatet, er det ikkje til å kome vekk frå at ordbruken i seg sjølv indikerer at nemnda reknar ei hovudårsakslære som rettsleg relevant ved samstundes samverkande årsaksfaktorar. Også vedtaka frå dei to første gruppene gjev difor ei viss støtte for at ei hovudårsakslære gjeld.

Som vist i kapittel 3.2.2.3 leier den generelle hovudårsakslæra i forsikringsretten til at éin årsaksfaktor ber heile ansvaret. Kor vidt ei eventuell hovudårsakslære under naturskadeerstatningslova er lik som denne, er rett nok uklart. Likevel kan det at skaden vart

²⁷¹ NSN-2009-8461, NSN-2011-11251, NSN-2013-19088, NSK-2017-20044-1 (merk at saka vart klaga på og nemnda då fann at skaden skuldast flaum, sjå NSK-2017-20044-2) og NSK-2017-39714.

²⁷² NSN-2013-23571, NSN-2014-61171 og NSN-2015-57463.

²⁷³ NSN-2013-1648, NSN-2015-1678, NSK-2016-25970-1 og NSK-2016-25970-2.

²⁷⁴ Dei fire vedtaka er NSN-2009-8461, NSN-2011-11251, NSN-2015-57463 og NSK-2017-39714.

funne å heilt eller delvis skuldast naturulukka i NSN-2013-1620, og at den skadelidne då fekk medhald, synest som eit motargument mot at hovudårsakslæra gjeld.²⁷⁵ Tilvisinga til at skaden heilt eller delvis skuldast naturulukka, indikerer i større grad bruk av fordelingslæra, eventuelt vesentleglæra, enn hovudårsakslæra. Ved nærmere ettersyn kan formuleringa likevel også indikere at det var fleire skadar og at naturulukka stod bak somme, men ikkje alle, skadane.²⁷⁶ Både faktumet og det rettslege resonnementet er for kortfatta til å gje klart inntrykk av kva nemnda la til grunn. Denne uvissa, kombinert med at det er eit enkeltståande vedtak, gjer at motargument frå vedtaket er svært svakt. Dei tolv tidlegare nemnde vedtaka, om hovudårsaker, veg langt tyngre.

Sett under eitt går nemndspraksisen dimed i favør av at det gjeld ei hovudårsakslære for den normative avgrensinga av ansvaret. Sidan dette er basert på få og til dels uklare vedtak trengs også supplerande støtte før det kan leggjast til grunn at hovudårsakslæra gjeld under vilkåret «direkte skyldes». I fråvere av andre rettskjelder vert omsyna naturskaderstatningslova byggjer på viktige. Sidan drøftinga i kapittel 3.2.2 viser at det er tre dominerande lærer for rettsleg avgrensing av årsakssamband, og desse også er viktige på dei tilgrensande områda til naturskaderstatningslova, er det dessutan ein viss presumsjon for at éi av desse gjeld under vilkåret. Det er difor også relevant å undersøke om omsyna kan gje støtte for at uvesentleg- eller fordelingslæra gjeld i staden for hovudårsakslæra.

Eit viktig underliggjande omsyn er at årsakskravet skal vere strengt.²⁷⁷ Dette gjev støtte til hovudårsakslæra, som er strengast av dei tre lærene. Hovudårsakslæra vil dessutan gje større likskap i kor strengt årsakskravet er for suksessive årsaksrekker og samstundes samverkande årsaksfaktorar enn kva uvesentleglæra vil gje. Omsynet til harmoni og likskap mellom korleis årsakskravet vert forstått i dei to typesituasjonane går dimed også i favør av hovudårsakslæra. Tilsvarande gjev desse omsyna eit så sterkt motargument mot at uvesentleglæra skal gjelde at denne læra må sjåast som uaktuell under vilkåret «direkte skyldes».

Omsynet bak situasjonen årsakskravet er knytt til, er også viktig. Naturulukkene er uvanlege og til dels upåreknelege hendingar den skadelidne skal få vern mot gjennom naturskade-

²⁷⁵ Sjå liknande også i NSN-2009-7826 (naturskadeforsikring).

²⁷⁶ Tilsvarande for naturskadeforsikringssaka.

²⁷⁷ Sjå t.d. Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

erstatningsordninga. Det gjer avgrensing ved adekvanslæra uaktuelt, tilnærma slik som i forsikringsretten, sjå kapittel 3.2.2.3.

Vidare er naturulukkene ekstraordinære hendingar, medan naturhendingar som ikkje er naturulukker er vanleg påverknad eigaren har risikoen for.²⁷⁸ Sidan staten ex gratia har teke på seg eit objektivt ansvar for naturskadane, synest det viktig å avgrense slik at det er utslaga av naturulukkene, og ikkje av andre risikoar, staten må bere ansvaret for.²⁷⁹ Ved samverke har begge typane risiko verka inn. Dess større bidraget frå tilhøvet den skadelidne ber risikoen for er, dess mindre er naturskadepreget og dess større er preget av at det kan vere ein tilfeldig fordel for han om han får naturskaderstatning. Begge delar taler mot at han har krav på naturskaderstatning, og tilseier difor at bidraget frå naturulukka må vere kvalifisert. Liknande poeng ligg som nemnt bak hovudårsakslæra i forsikringsretten, sjå kapittel 3.2.2.3.

Eit poeng her er at den skadelidne i motsetnad til forsikringstakaren ikkje har gjort særskilt avtale og betalt premie (utover skatten) for å få framtidig vern. Det reduserer grunnlaget for forventninga om vern samanlikna med i forsikringsretten, og tilseier at årsakskravet i alle fall ikkje er mildare i naturskaderstatningssakene. Også dette argumentet går i favør av hovudårsakslæra.

At hovudårsakslæra gjer at naturskaderstatningsordninga må bere ansvaret for heile skaden også i tilfella der det er bidrag frå andre årsaksfaktorar (med mindre det er grunnlag for avkorting eller regress), kan i noko grad tale mot hovudårsakslæra. Fordelingslæra ville i større grad sikra at staten berre måtte betale for den delen av skaden som skuldast naturulukka. Samstundes ville det vere ressurskrevjande å rekne ut nøyaktig kor store bidrag kvar årsaksfaktor stod for. Sidan naturskaderstatningsordninga inneber masseforvaltning, synest dette motomsynet å gjere fordelingslæra uaktuell.²⁸⁰

Samla sett gjev desse omsyna sterkt støtte for at det gjeld ei hovudårsakslære under vilkåret «direkte skyldes» for tilfelle med samstundes samverkande årsaksfaktorar. Vilkåret «direkte skyldes» må etter dette forståast som å også vise til ei hovudårsakslære.

²⁷⁸ Sjå t.d. Prop. 80 L (2013–2014) s. 37.

²⁷⁹ Sml. ovanfor i kap. 1.2 om at lovskravet av liknande grunnar er strengt.

²⁸⁰ Sjå liknande i relasjon til forsikringsretten i kap. 3.2.2.3.

3.4.3.3 Nærare om kva hovudårsakslæra inneber

Spørsmålet no er kva det nærmere betyr at det gjeld ei hovudårsakslære under vilkåret «direkte skyldes». Sidan vedtaka som vart drøfta ovanfor berre er knytt til at ikkje-naturulukka er hovudårsak, er det første spørsmålet om det same eller eit anna krav til årsakskvaliteten gjeld for at naturulukka skal rekna som rettsleg relevant årsak til skaden.

Når ikkje-naturulukka må vere hovudårsak for at naturskadeerstatning skal bli nekta i ei sak med samverke mellom éi ikkje-naturulukke og éi naturulukke, må motstykket vere at naturskadeerstatning vert innvilga om ikkje-naturulukka ikkje er hovudårsak. Det siste er tilfelle om naturulukka er hovudårsak. Det logiske er altså at den årsaksfaktoren som er hovudårsak vert rekna som rettsleg relevant årsak, og at dei same krava gjeld for å rekne kvar av dei som hovudårsak. Dette samsvarer med inntrykket frå den generelle hovudårsakslæra i forsikringsretten. Det er ingen uttrykkelege haldepunkt i kjeldene for at ein særvariant gjeld under naturskadeerstatningslova. Standpunktet vert til ein viss grad også støtta av praksisen under naturskadeforsikringslova. Også under den lova tilseier bruk av ordet «hovedårsak» i vedtak at hovudårsakslæra gjeld.²⁸¹ Mellom vedtaka er det også døme på at den skadelidne får medhald med eksplisitt tilvising til at naturulukka er hovudårsaka til skaden.²⁸² Likskapen mellom dei to lovveilkåra tilseier at dette har relevans som støtteargument for slutninga ovanfor.

Det neste spørsmålet er kva det skal til for å rekne ein av årsaksfaktorane som hovudårsak. Faktumet og grunngjevinga i vedtaka er for kortfatta til å gje bidrag. På grunnlag av likskapane mellom naturskadeerstatningsordninga og forsikringsretten, og særleg på grunn av fråveret av haldepunkt for at ein særregel gjeld, synest det då naturleg å ta utgangspunkt i den generelle hovudårsakslæra i forsikringsretten. Som vist i kap. 3.2.2.3 er hovudårsaka etter denne læra den årsaksfaktoren som har gjeve meir enn femti prosent av årsaksbidraga.

Å knyte grensa til ein talfesta prosentdel er i utgangspunktet informativt, sidan det gjev eit klart bilet av kvar terskelen går. Problemet er derimot at det ikkje er så lett å måle og talfeste årsaksbidrag. Sjølv om ein tek utgangspunkt i ein klar terskel, kan det likevel vere svært utfordrande å seie kva for ein av årsaksfaktorane som innfrir kravet.

²⁸¹ Sjå t.d. NSN-2011-9323, NSN-2012-5932, NSN-2013-3353 og NSN-2014-8175. Også Naturskadepoolen legg til grunn at hovudårsakslæra gjeld, sjå Norsk Naturskadepool (2017a).

²⁸² NSN-2012-5932 og NSN-2014-8175.

Rett nok kan det synest relativt lett å konstatere kva for ein av årsaksfaktorane som er hovudårsaka der den eine er svært dominerande og den andre lite vesentleg. Det same om det er to lett målbare årsaksfaktorar som samverkar. Ofte er årsaksfaktorane derimot vanskelegare å måle, årsaksbiletet kan vere meir uklart og årsaksfaktorane kan gje meir jamstore bidrag. Det er her dei store utfordringane med å vurdere kva for ein av årsaksfaktorane som har gjeve det største årsaksbidraget ligg.²⁸³ Føremona er likevel at ting og naturkrefter er meir målbare enn menneskelege handlingar.²⁸⁴

Sjølv om terskelen ligg klar, er det framleis trøng for ein vurderingsmåte. Sjølv om det ofte ikkje går klart fram kva ei hovudårsak er og kva det er som gjer at somme faktorar reknast som meir betydningsfulle enn andre,²⁸⁵ har det vore noko merksemde kring spørsmålet om gradering av årsaksfaktorar som kan vere til hjelp. At spørsmålet ikkje berre oppstår i vurderinga av kva årsaksfaktor som er hovudårsak, men også ved fordeling av ansvar mellom faktorar i regressomgangen etter solidaransvar, under fordelingslæra og ved avkorting for medverknad, aukar kjeldetilfanget noko. Gunnar Astrup Hoel sine bidrag om hovudårsaksprinsippet er etter mitt syn av særleg stor interesse.²⁸⁶ Sjølv om argumentasjonen hans for graduelt ansvar i staden for solidaransvar ikkje fekk gjennomslag, er teorien hans for korleis ein kan måle betydinga den enkelte årsaksfaktoren har for skaden framleis aktuell.²⁸⁷

Hoel held fram at for å vurdere kor stor betyding den enkelte årsaksfaktoren har for skaden, må ein gjere ei samla skjønnsvurdering av alle sider av årsaksforholdet.²⁸⁸ Mellom momenta han trekk fram, er korleis årsaksfaktoren ytrar seg, kor direkte og beinveges forhold årsaksfaktoren har til skaden, kor nær eller fjern følgja er og kor stor innverknad årsaksfaktoren har på hendingslaupet. Vidare held han fram at ein må skilje mellom aktive og passive bidrag, og at dei aktive bidraga kan graderast etter kor sterk aktiviteten er. Aktivitetsgraden har samband med kor stor positiv energi- eller kraftutfalding årsaksfaktoren representerer, det siste vert eksemplifisert med at to årsaksfaktorar har ulik fysisk vekt. Også sannsynet for at årsaksfaktoren skulle gje slik følgje og kor vidt følgja er adekvat forårsaka, vert trekt fram.²⁸⁹

²⁸³ Liknande også Ehlers (2017) s. 211.

²⁸⁴ Sjå liknande Hart og Honoré (1985) s. 441.

²⁸⁵ Slik også Ehlers (2017) s. 211 og 218.

²⁸⁶ I Hoel (1929) og Hoel (1938), sjå nærmare nedanfor.

²⁸⁷ Sjå Askeland (2006) s. 178–179 om relevans for graderinga ved solidarregress.

²⁸⁸ Hoel (1938) s. 12 og 18–20, sjå også Hoel (1929) s. 103.

²⁸⁹ Sjå Hoel (1929) s. 99–103 og Hoel (1938) s. 12 der momenta samla går fram. Framhevinga av momenta synest ikkje-uttømande, og eg finn difor ikkje at det har praktisk betydning at ikkje alle momenta eg peikar på her går fram av begge verka.

Momenta underbyggjer at det er ei svært samansett samla vurdering som må gjerast. Ein del av momenta er å kjenne igjen frå årsaksvurderingane på dei tilgrensande områda, til dømes vurderingane av adekvans og nærliek (sjå ovanfor, særleg kapittel 3.2.2.2). At momenta er kjende frå tilgrensande årsaksvurderingar, gjev støtte for at dei kan vere relevante.²⁹⁰

Med utgangspunkt i nokre dommar om kor vidt sjukdoms- og ulukkesforsikringa skulle bare ansvaret, drøfta Hoel momenta meir inngåande og konkret. Han peika særleg på om hendingsgangen var typisk ulukkes- eller sjukdomsprega, og brukte så momenta ovanfor som utgangspunkt for meir konkrete vurderingar.²⁹¹ Spørsmålet om kor vidt hendingsgangen er typisk ulukkes- eller sjukdomsprega synest som ein klar parallel til sjørettens utsegn i Skotfos-saka om at hovudårsaka er den årsaka som «bestemmer ulykkens væsen».²⁹² Seinare i verket viser Hoel til dette sitatet.²⁹³ Overført til naturskadeerstatningsordninga vert spørsmålet om hendingslaupet er typisk naturulukkeprega.

Også andre moment kan vere relevante. I samband med avkorting har departementet understreka at naturskadeerstatninga skal dekkje skadar som ikkje kunne vore unngått ved vanlege tiltak. Kunne skaden vore unngått ved enkle førebyggande tiltak, skal erstatninga avkortast.²⁹⁴ Dette indikerer at naturskadane primært er slike som ikkje kunne vore unngått med enkle tiltak. Om den eksterne årsaksfaktoren lett kunne vore eliminert, gjer årsaksbidrag frå den at skaden i mindre grad er typisk naturulukkeprega. Dette er ikkje eit moment som påverkar kor stort årsaksbidrag kvar av årsaksfaktorane faktisk gjev. Samstundes viser årsaksteoriane på tilgrensande område at normative element kan inngå i avgrensingsreglane.²⁹⁵ Dimed må momentet likevel kunne vere relevant.

3.4.3.4 Drøfting av praktiske typetilfelle

3.4.3.4.1 Innleiing

No som hovudårsakskravet og tilnærminga til årsaksgradering er klarlagt, er det tid for å bruke momenta til å vurdere særskilte typetilfelle. Typetilfella er valt ut for å vise dei særleg praktiske

²⁹⁰ Sjå også Hoel (1929) s. 213–217 der han meir inngåande, og etter mitt syn overtydande, argumenterer for at momenta er relevante og legitime.

²⁹¹ Hoel (1938), s. 17–20.

²⁹² Nordiske Domme i Sjøfartsanliggende 1916 s. 76 på s. 78, nærmere omtala ovanfor i kap. 3.2.2.

²⁹³ Hoel (1929) s. 210.

²⁹⁴ Prop. 80 L (2013–2014) s. 45.

²⁹⁵ Sjå t.d. ovanfor i kap. 3.2.2.2 og Nygaard (2007) s. 353.

tilfella, men også i lys av kva som vil illustrere momenta og vurderingane. Omfanget av avhandlinga set grenser for kor mange typetilfelle som kan trekkjast fram. Av omsyn til omfanget har eg også valt å primært trekke fram dei mest interessante momenta under kvart døme. Drøftingane av typetilfella viser difor ikkje eit uttømmande bilet av momenta som kan gjere seg gjeldande.

3.4.3.4.2 Stein og betongklump

For illustrasjonen sin del, synest det tenleg å byrje med det svært konstruerte dømet der ein betongklump og ein stein (frå steinsprang) treff eit gjerde samstundes, slik at deira felles bidrag gjer at gjerdet vert øydelagt. Begge er sist verkande årsaksfaktorar, og spørsmålet om nærleik og kor umiddelbart sambandet er stiller seg likt for dei. Dei ytrar seg dessutan likt. Det som kan differensierast ut frå, er primært kraftoverføringa. Den kviler på farten og tyngda til kvart av objekta. Den av årsaksfaktorane som tilfører mest årsaksenergi, synest dimed å vere hovudårsaka.

Vurderinga vert vanskelegare om dømet justerast til at betongklumpen støyte inn i steinen før skadetidspunktet slik at steinen endra fart og retning. Retningsendringa gjer at steinen treff inn i og knuser eit gjerde i staden for å ende i vatnet utan å gjøre skade. Betongklumpen er difor avgjerande årsak for at det i det heile vert skade. Kor avgjerande han er for dette, kviler nok på kor stor retningsendringa var. Steinen er derimot ei nærmare og meir direkte årsak enn betongklumpen, både kva gjeld distanse og talet på årsaksledd. Igjen blir nok farten og tyngda til dei to årsaksfaktorane viktig gjennom momentet om kor mykje årsaksenergi betongklumpen tilfører samanlikna med kva steinen sjølv bidreg med. Det leier til vanskelege reknestykke. Kva faktor som er hovudårsaka, må avgjerast etter ei avsluttande heilskapsvurdering og veging av dei ulike momenta.

3.4.3.4.3 Storm og bølgje

Tilfelle der storm og bølgjer samverkar på skadetidspunktet er meir praktisk enn dømet ovanfor, men også vanskelegare å vurdere.

Føresetnaden for vurderinga er at verken vinden eller bølgjene aleine er tilstrekkelege til å skade objektet, men den samla påverknaden leier til skade. Det er altså samstundes samverke på skadetidspunktet. Sidan stormen har bidrege til å skape bølgjene ligg det også eit visst samverke

tidlegare i hendingslaupet. Noko av bølgjene sin årsaksenergi må difor indirekte skrivast til stormen.

Ei utfordring ved dette typetilfellet, er at dei to årsaksfaktorane verkar på ulik måte. Det gjer det vanskelegare å måle krafta i kvar av årsaksfaktorane mot kvarandre. Utfordringa vert forsterka ved at både bølgjene og vinden kjem i kast, slik at styrken varierer hyppig. Igjen vert det vanskelege utrekningar for å finne styrken i kvar årsaksfaktor. Praktiske omsyn kan tilseie at andre moment difor vert viktigare.

Ser vi til naturulukkepreget, er eit interessant poeng at bølgja ikkje er noka naturulukke, men ville vore rekna inn under naturulukka «stormflo» om sjøen var på høgde med femårsintervallet. Dess nærmere sjøen er dette nivået, dess meir naturulukkeliknande er bølgja. Det kan kanskje gjevast ei viss vekt, men her trengs skjønnnsam tilnærming for å unngå å omgå stormflovilkåret.

I forlenging av dette er det nok også aktuelt å sjå på om stormvilkåret er overinnfridd. Om det er orkan og høge bølgjer som samverkar, er naturulukkepreget over den samla situasjonen tydelegare enn om det er liten storm og lågare bølgjer som samverkar.²⁹⁶

Også dei andre momenta som eventuelt gjer seg gjeldande må trekkjast inn i den avsluttande konkrete heilskapsvurderinga.

3.4.3.4.4 Stormflo og båt

Det er ikkje alltid naturkrefter som samverkar. Det kan også vere at stormfloa, med bølgjer, samverkar med ein båt som ligg og slår inntil bryggja. Eg legg altså til grunn at verken bølgjene eller båten er tilstrekkeleg til å skade bryggja, og situasjonen gjeld samstundes samverke på skadetidspunktet av to like direkte og umiddelbare årsaksfaktorar.

Båten er samstundes ein passiv årsaksfaktor som er avhengig av stormfloa for å verte sett i rørsle og gjere skade. Det gjer at litt av årsakskrafta i båten indirekte skriv seg frå stormfloa og må reknast til henne.

²⁹⁶ Kan hende kan vi her trekkje ein parallel til at det i generell erstatningsrett vert lagt vekt på kor sterkt ansvarsgrunnlaget gjer seg gjeldande. Ved skuldansvar vert grensa for kva følgjer som vert dekt av erstatningsansvaret trekt vidare, sjå t.d. Rt. 1960 s. 357 A og også Askeland (2006) s. 219–220 om årsaksgradering i regressomgangen ut frå kvar skadevaldar si skuldgrada.

Det at båten er eit menneskeskapt objekt, gjer derimot at det i motsetnad til i ømet ovanfor ikkje er to naturkrefter som samverkar. Båten har ikkje naturulukkekarakteristikk, og det reduserer graden av naturulukkepreg over situasjonen. Dette vert forsterka ved at årsaksbidraget frå båten skriv seg tilbake til at nokon har fortøya han på slikt vis at han kan gjere skade. Skaden kunne dimed vore unngått ved ei anna menneskeleg handling. Parallelen til avkortingsregelen eg nemnde i kapittel 3.4.3.3 svekkjer dimed naturulukkepreget.

Styrken i kvart moment, og eventuelle andre moment, må så avvegast i ei avsluttande heilskapsvurdering.

3.4.3.4.5 Flaum og problematisk stikkrenne eller liknande

Det siste typetilfellet eg vil sjå på, er ulike årsakskonstellasjoner der flaum samverkar med tett, underdimensjonert eller manglende stikkrenne, drenering, grøft og så vidare på skadetidspunktet. Gjennomgangen av praksis viser at det er mange saker med slike faktum, så situasjonen synest praktisk.

Sakene kan systematiserast nærare ut frå kva som er problematisk ved stikkrenna eller den liknande innretninga; Grøfta eller stikkrenna kan vere isa, ho kan vere fylt av rusk *før* flaumen, ho kan bli fylt av rusk *under* flaumen, ho kan vere underdimensjonert eller ha for liten kapasitet, og ho kan mangle. Drøftinga nedanfor viser at naturulukkepreget varierer mellom dei ulike kategoriene.

Som nemnt ovanfor i kapittel 3.4.3.3 er nemndsvædtaka for kortfatta til å gje bidrag om kva som er avgjerande for å rekne ein årsaksfaktor som hovudårsak. Sjølv om ein del av vedtaka som er brukt for å utleie hovudårsakskravet, og også mange andre vedtak, gjeld slike årsakskonstellasjoner som eg drøftar i dette punktet, finn eg ikkje klare bidrag frå dei og heller ikkje grunnlag for å konstatere mønster. Når eg trekk fram vedtak i drøftinga vidare, er det difor primært som illustrasjonar for å vise poeng eg ut frå underliggende omsyn og systemet meiner må vere særskilt relevante. Dei to momenta eg meiner er særskilt viktige, er styrkeforholdet mellom dei to årsaksfaktorane og naturulukkepreget over problemet stikkrenna, grøfta eller liknande representerer.

Styrkeforholdet mellom det problematiske ved stikkrenna, grøfta eller liknande og flaumen synest å måtte vurderast ved å sjå på korleis det hypotetiske skadefiletet ville vore om stikkrenna eller grøfta var open eller stor nok. Om skaden ville vore (tilnærma) like stor, synest

flaumen å gje eit viktigare bidrag enn om det ikkje ville vore særleg skade i det hypotetiske hendingslaupet. I det siste tilfellet synest stikkrenna eller grøfta å gje det viktigaste bidraget. Om skaden ville vore halvert, har dei kanskje gjeve like store årsaksbidrag. Inntrykket av styrkeforholdet må så supplerast med dei andre relevante momenta.

Kva gjeld naturulukkepreget, er eit viktig startpunkt at stikkrenner, grøfter, kummar og avløp representerer inngrep i naturen. Gjennom desse inngrepa vert vatnet leia på ein ny måte. Stikkrenner er innkapsling av bekkar, til dømes slik at dei går under ein veg, og avgrensar difor passasjen vatnet kan renne gjennom. Grøfter vert gjerne laga for å leie vatnet ein annan veg, vekk frå ulike tiltak som er gjort i naturen, til dømes vegbygging. Uansett type inngrep, må det planleggast for store nok vassmengder, og sjølv om det vert gjort, er det skapt potensiale for overfløyning på grunn av at stikkrenna eller grøfta potensielt kan bli tett. Menneske har dimed skapt ein risikofaktor ved å leggje ned stikkrenner, grøfter eller liknande.²⁹⁷ Etter mitt syn varierer naturulukkepreget over situasjonen med grunnen til at grøfta, stikkrenna eller det liknande gjev problem.

Der grøfta eller stikkrenna er tett av is, er det ei naturhending som har bidrige til problemet. Samstundes er eit viktig poeng at tele ikkje er rekna som ei naturulukke, mellom anna fordi det er eit vanleg fenomen, sjå kapittel 2.4. I lys av at frosne stikkrenner er ein risikofaktor den potensielle skadelidne kan tenkje seg til at eksisterer, og som kan førebyggjast eller fjernast ved ulike tiltak, vil samverkande bidrag frå frosne stikkrenner svekkje naturulukkepreget.²⁹⁸

I tillegg til at stikkrenner og liknande kan fryse, er det pårekneleg at vatnet over tid tek med seg grus, kvister og anna rusk som kan tette igjen stikkrenna. Gjennom vedlikehaldstiltak kan grunneigaren opne opp att stikkrenna og eliminere risikoene for flaumskade. Det tilseier at også det også er svakt naturulukkepreg over situasjonen om stikkrenna har gått tett av slike objekt over tid.²⁹⁹

²⁹⁷ Sjå NOU 2015: 16 s. 167 om at lukka vassdrag representerer større fare enn opne vassdrag pga. den absolutte kapasitetsgrensa og faren for tilstopping.

²⁹⁸ Frå nemndspraksis, sjå t.d. NSN-2013-1648 der erstatning vart nekta fordi hovudårsaka til skaden var at grøftene var isa, sjølv om nemnda ikkje såg vekk frå at det var flaum ovanfor skadestaden. Derimot vart avslag omgjort i NSN-2013-15253 og NSN-2013-14943 etter at dei skadelidne hadde gjort gjeldande at stikkrennene var opne, ikkje attfrosne.

²⁹⁹ Sjå også Sinding (1996) 15 om at det ved tette (eller underdimensjonerte) rør og liknande ofte ikkje er vassmengdene som er årsak til skadane, men «menneskers ‘dårskap’» ved opprensing, dimensjonering og liknande.

Det er også pårekneleg at det kjem rusk med sjølve flaumvatnet, slik at ei stikkrenne som var open før flaumen byrja kan bli tett underveis i flaumen. Sidan det som tettar kjem med naturulukka, er det likevel noko klarare naturulukkepreg over situasjonen. Det er samstundes døme på at nemnda har nekta erstatning også her, sjå t.d. NSN-2015-1678 der nemnda ikkje såg vekk frå at det var flaum, men avviste erstatning med tilvising til at hovudårsaka var at stikkrennene gjekk tette. Dette kan synest å innebere at det vert stilt svært strenge krav til grunneigaren si aktsemd og at han gjer tiltak i potensielle risikosituasjonar. Ei anna mogleg forklaring på vedtaket, er at styrkeforholdet mellom kvar årsaksfaktor var avgjerande. Dette gjev grunn til varsemd med å leggje vekt på vedtaket som argument her. Det som er sagt ovanfor om at stikkrenner og liknande er menneskelagde risikopunkt, gjev dessutan i seg sjølv eit argument for at naturulukkepreget er svakt også der stikkrenna eller liknande vert tetta underveis.

I forlenging av dette kan typetilfellet med for liten kapasitet gje utdjupande illustrasjon av betydinga av at denne risikoer er menneskeskapt. NSK-2017-40044-1 og NSK-2017-40044-2 er særleg illustrerande. Vedtaka gjeld same sakstilhøve. I det første vedtaket vart erstatning nekta med tilvising til at skaden skuldast manglande dreneringssystem. Vedtaket vart klaga på, og det vart dokumentert at vegen hadde godkjent dreneringssystem og var godkjent etter vegklasse 7 og 8. Det første vedtaket vart difor omgjort, og den skadelidne fekk erstatning. Samla tyder desse vedtaka på at så lenge drenering og liknande ikkje tilfredsstiller offentlege krav, ligg risikoen på den skadelidne.³⁰⁰ Ein viss risiko vert altså tillate at skriv seg frå menneske. Dette siste kan ha ein viss overføringsverdi tilbake til tilfella ovanfor, ved å tilseie at om den skadelidne har gjort det som kan krevjast av han for å halde stikkrenna open, og kapasiteten utan tetting tilfredsstiller dei offentlege krava, kan ein seie at tettinga har mindre preg av menneskeskapt risiko.

3.4.3.5 Oppsummering om samstundes samverkande årsaksfaktorar

Analysen av kravet til årsakkvalitet ved samstundes samverkande årsaksfaktorar har vist at naturulukka også her må vere den, eller ein av fleire sist verkande årsaksfaktorar, og i tillegg vere hovudårsaka. Naturulukka er hovudårsaka når ho bidreg med meir enn halvparten av årsaksbidraget til skaden. Dette krev ei inngåande vurdering av heile årsaksbiletet, der

³⁰⁰ Andre døme om typetilfellet er t.d. NSN-2006-3838, NSK-2016-25970-1 og NSK-2016-25970-2.

årsaksfaktorane må graderast mellom anna ut frå styrke, innverknad, nærleik og kor umiddelbart og direkte samband dei har til skaden. Dette er utfordrande vurderingar.

3.4.4 Kritikk av årsakskravet

Avslutningsvis er det grunn til å rette nokre kritiske kommentarar om årsaksvilkåret «direkte skyldes». Grunnen er at analysen av kva krav som vert stilt ved suksessive årsaksrekkjer og ved samstundes samverkande årsaksfaktorar viser at årsakskravet leier fram til svært vanskelege vurderingar.

Naturskadane skjer under påverknad frå sterke naturkrefter. Skadane som skjer i uvêr, eller i utmarka, er det lett å tenkje seg at ikkje er vitne til. Dei tidsnære bevisa er kanskje etterfølgjande biletet av skadestaden og vêrobservasjonar frå målestasjonar kortare eller lengre frå den. I saker om trevelt vil biletet gjerne vise at treet ligg over gjerdet og at gjerdet har skadar som tyder på at det framleis stod då treet fall over det. Årsaksvurderinga bør då kanskje ikkje by på særleg store problem. Når spørsmålet er om skade på ei bryggje direkte skuldast storm, eller berre indirekte via bølgjer, er det ikkje tilsvarande bevis igjen på skadestaden. Truleg vert ein viktig del av vurderinga å rekne på om vinden hadde slik kraft at han hadde evne til å valde skaden.³⁰¹ Det er nok ikkje alltid like lett. Om svaret på spørsmålet er nei, må bølgjene vere den direkte årsaka. Om vinden derimot hadde skadeevne, og det same gjeld bølgjene, står spørsmålet om kva for ein av årsaksfaktorane som har realisert seg framleis utan svar. Vurderinga synest å måtte bli utfordrande. Som ein mellomvariant kan vi tenkje oss tilfelle der objekt som vert tekne av flaumen gjer skade på ei bru lenger nede. Objektet kan gje slike skadar på bruia at det vil syne at dei ikkje er gjort av vatnet, og delar av objektet kan kanskje henge att på bruia. Dimed kan det vere meir synlege bevis igjen i ettertid, men det kan også tenkjast at flaumvatnet gradvis vaskar vekk desse bevisa. Slike vanskelege bevis- og årsaksvurderingar synest lite sameinleg med at ordninga er masseforvaltning med skriftleg sakshandsaming.

I kapittel 3.2.2.4 synteg eg at somme føresegner i trygderetten er utforma slik at potensielt vanskelege årsaks- og bevisspørsmål ikkje kjem på spissen. Det kunne vere interessant å vurdere om ei liknande tilnærming kunne vore mogleg og tenleg under naturskadeerstatningslova, men det rekk for langt å gå inn på her.

³⁰¹ Sjå t.d. NSK-2018-2685 der nemnda generelt heldt fram at det har presumsjon mot seg at storm flyttar så store steinar som dei moloar er lagde av.

4 Unntaksregelen

4.1 Innleiing

Drøftinga i kapittel 3 viser at årsakskravet i naturskadeerstatningslova § 4 første ledd er svært strengt. Naturulukka må ikkje berre vere hovudårsaka til skaden, men også den eller ein av fleire sist verkande årsaksfaktorar. Eit slikt strengt årsakskrav kan gjere retten til naturskadeerstatning snever. For å unngå «svært urimelige resultat» for dei skadelidne i saker der «direkte skyldes»-kravet ikkje er oppfylt, føreslo departementet ein unntaksregel med mindre strengt årsakskrav.³⁰² Denne er no lovfesta i naturskadeerstatningslova § 4 andre ledd, som i «særlege tilfeller» opnar for erstatning for «nærliggende følge» av ei «naturulykke». Målet her i kapittel 4 er å bidra til auka kunnskap om kva som ligg i desse vilkåra.

Naturulukkevilkåret må forståast likt som i første ledd (sjå nærmare i kapittel 2), og eg avgrensar til dei to andre vilkåra her i kapittel 4. I kapittel 4.2 ser eg på kravet til faktisk årsakssamband («følge»), i kapittel 4.3 på kravet til årsakkvaliteten («nærliggende») og i kapittel 4.4 på vilkåret «særlege tilfeller». Førearbeida gjev få tolkingsbidrag og enn så lenge har det ikkje kome praksis med eksplisitt drøfting av unntaksregelen. Ein del av vurderingane og konklusjonane må difor verte noko etterhaldne.

4.2 Skaden må vere ei (nærliggende) «følge»

Ordet «følge» viser etter vanleg språkbruk til at skaden må vere ein verknad av naturulukka. Det refererer dimed til eit krav om faktisk årsakssamband mellom naturulukka og skaden. Sidan kjeldene ikkje gjev haldepunkt for at forståinga av «følge» er annleis enn «skyldes» i første ledd, viser eg til drøftinga i kapittel 3.3. Vilkårslæra er altså det relevante utgangspunktet for vurderinga, og om ho ikkje strekk til, er det avgjerande om naturulukka faktisk har materialisert seg i skade.

³⁰² Prop. 80 L (2013–2014) s. 38.

4.3 Følgja må vere «nærliggende»

4.3.1 Analyse av rettskjeldene

Det normative vilkåret for kor nært årsakssambandet mellom naturulukka og skaden må vere for å gje rett til naturskadeerstatning etter unntaksregelen, «nærliggende», har etter vanleg språkbruk fleire tydingar som kvar er vase.³⁰³ Ei mogleg tolking er at ordet siktat til at det er kort avstand mellom to fenomen, typisk i tid eller rom. For årsaksrekjjer kan den romlege avstanden tenkast å gjelde så vel distansen som talet på årsaksledd. Ei alternativ tolking er at «nærliggende» siktat til at noko er forstædeleg eller sannsynleg. Det vase er knytt til at det er uklart kor kort avstand eller stort sannsyn for følgja som trengs for å oppfylle vilkåret.

At talet på årsaksledd mellom naturulukka og skaden er av avgjerande betyding i årsakskravet «direkte skyldes» i naturskadeerstatningslova § 4 første ledd, som «nærliggende følge» er eit mindre strengt alternativ til, gjev støtte til tolkingsalternativet om nærleik i årsaksledd. Vidare kan ei kontekstuell tolking bidra til å kome nærare kor få årsaksledd det må vere for å oppfylle vilkåret. Medan vilkåret «nærliggende» etter ordlyden synest å femne om dei første få årsaksledda etter naturulukka, såg vi i kapittel 3.4.2 at «direkte» berre femner om tilfelle der naturulukka er det siste årsaksleddet før skaden. Vilkåret «nærliggende følge» vil vere mindre streng enn «direkte skyldes» om tilfelle med meir enn eitt årsaksledd mellom naturulukka og skaden gjev «nærliggende følge».³⁰⁴ Kor lange årsaksrekjjer som kan vere omfatta er meir uklart, men i lys av at unntaksregelen skal vere snever,³⁰⁵ vert motstanden større for kvart ekstra årsaksledd som er i årsaksrekjja.

Momenta om nærleik i distanse og tid kan synest å verte litt tala i mot av at det typisk er svært kort tid og avstand mellom naturulukka og skaden i dei tilfella som synest aktuelle å la føresegna femne om utan å utvide årsakskravet for mykje. Det er likevel rom for ei viss differensiering, så at dei ikkje gjev mykje bidrag, kan ikkje generelt vere til hinder for at momenta er relevante. Vidare er avstand både i tid og distanse relevante moment under adekvanslæra.³⁰⁶ At momenta vert rekna relevante for å gradere årsakskvalitet på tilgrensande

³⁰³ Liknande om «nærliggende» i andre samband, sjå Thorson (2011) s. 58.

³⁰⁴ Årsakskravet kunne eventuelt mjukast opp ved å opne for erstatning også der naturulukka ikkje er hovudårsak, men omsyna som er trekta fram til støtte for hovudårsakslæra gjev motstand mot dette.

Omsyna er omhandla i kapittel 3.4.3.

³⁰⁵ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 38 og 58.

³⁰⁶ Sjå t.d. Rt. 2010 s. 24 A der Högsterett trekk inn distanse i avsnitt 52. I Rt. 2000 s. 418 A kan det synest som Högsterett legg noko vekt på tidslaupet. Sjå også t.d. Thorson (2011) s. 268–269 og 281–282.

område, kan støtte at dei også kan ha relevans her. Noko anna er at dei gjerne ikkje ofte vil kome på spissen i aktuelle typetilfelle.

Tolkingsalternativet om at «nærliggende» siktar til at følgja er forståeleg eller sannsynleg møter derimot motstand frå underliggende omsyn. Sidan naturskadeerstatningsordninga gjev vern mot upåreknelege naturhendingar, vil også følgja i eit førehandsperspektiv synest usannsynleg og uforståeleg at skal skje. I eit etterhandsperspektiv, når ein veit at ei spesifikk naturulukke har funne stad, kan følgja derimot vere pårekneleg, sannsynleg og forståeleg. Førearbeida framhevar høvet til å føresjå og å sikre seg mot følgjeskaden som relevant i vurderinga.³⁰⁷ Det går ikkje eksplisitt fram kva retning momentet trekk i, men høve til å føresjå og sikre seg mot skaden må nok tale *mot* naturskadeerstatning. Ein første grunn er at det passer betre overeins med at det i relasjon til avkortingsregelen er framheva at lova skal gje vern mot skadar som ikkje kunne vore avverja ved enkle tiltak.³⁰⁸ Ein andre grunn er at dei skadane som kunne vorte sikra mot, men som likevel skjer, heller er prega av mangelen på sikring enn av naturulukka. Graden av naturulukkepreg vart trekt fram som relevant under hovudårsaksdrøftinga ovanfor i kapittel 3.4.3, og synest også her å kunne ha relevans for å sirkle inn tilfella som er dekt av naturskadeerstatningsordninga. Ein tredje grunn er at dei underliggjande omsyna synest å vere motsett av dei som ligg bak upåreknelegmomentet i adekvanslæra i den generelle erstatningsretten. Det kan dimed synest naturleg at momentet også har ei anna betydning: I adekvanslæra i den generelle erstatningsretten taler det *mot* erstatning om skaden er upårekneleg *for skadevaldaren*.³⁰⁹ Under naturskadeerstatningsordninga er det derimot staten, som utan tilknyting til den skadegjenvande hendinga vert pålagt å bere følgjene. Vidare er det, liknande som i forsikringsretten, omsynet til den skadelidne som er i fokus. Den skadelidne har størst behov for vern mot skadar han ikkje kan føresjå og sikre seg mot.³¹⁰

Etter dette kan ikkje «nærliggende» forståast som å sikte til det forståelege og sannsynlege.

Eit anna moment frå førarbeida er at skaden «må [...] skyldes en så nærliggende følge av naturulykken at det er vanskelig å skille mellom årsakene».³¹¹ Ordet «må» tilseier at dette er meint som eit absolutt krav. Førarbeida gjev ikkje utdjupande kommentarar om på kva måte eller grunnlag det skal vere vanskeleg å skilje mellom årsakene. Eg ser to alternativ som særleg

³⁰⁷ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

³⁰⁸ Prop. 80 L (2013–2014) s. 45.

³⁰⁹ Sjå meir spesifikt om adekvansvurderingane ovanfor i kap. 3.2.2.2.

³¹⁰ Sjå kap. 1.3 og 3.2.2.3 om at det nettopp er upåreknelege følgjer ein teiknar forsikring mot.

³¹¹ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

aktuelle: anten at to årsaksfaktorar verkar så nærme kvarandre i tid at det er vanskeleg å bevise kva for ein av dei som materialiserte seg, eller at det er vanskeleg å avgjere kor vidt bidraga i hendingsrekka skal spaltast opp i ein eller fleire årsaksfaktorar.

Den første moglege synsmåten møter motstand av at det er eigne bevisreglar i sivilprosessretten som gjev hjelp ved vanskelege bevisspørsmål. Det synest dimed liten grunn til at ein materiell regel utan tydelegare haldepunkt i førearbeida indirekte skal avbøte bevisproblem.

Den andre moglege synsmåten, om oppdelinga av årsaksledd, er særleg interessant i og med at slik oppspalting som nemnt i kapittel 3.4.2.2 og 3.4.2.3 tidvis kan synest litt vilkårleg, samstundes som det er av avgjerande betyding for om årsaksvilkåret er oppfylt når årsakskravet er knytt til talet på årsaksledd på slik måte som under «direkte skyldes»-vilkåret. Den einaste måten å skilje mellom årsakene er kanskje å gjere ei litt inngående, tvilsam eller tilsynelatande «konstruert» oppspalting av årsaksledda. Å rekne tilfella der hendingslaupet (under tvil) er delt opp i fleire ledd inn under unntaksregelen, kan vere ein måte å imøtegå denne problematikken.

Det analysen så langt viser, er at ordlyden og førearbeida trekk i retning av at det er tilfelle med få årsaksledd og kort avstand i tid og rom mellom naturulukka og skaden som kan innfri årsakskravet «nærliggende følge». Om det etter noko tvil er konkludert med at det er eit ekstra årsaksledd mellom naturulukka og skaden, kan det også tyde på at årsakssambandet er nært nok. Tilfella der det generelt er vanskeleg å føresjå og å sikre seg mot skaden ligg i kjernen, men kan hende er det også andre moment som kan verke inn på vurderinga.

Isolert sett synest vilkåret etter dette langt frå snevert. I lys av at vilkåret «særlege tilfeller» kjem i tillegg, er dette likevel ikkje ei avgjerande innvending sjølv om unntaksregelen er meint å vere snever.

4.3.2 Drøfting av praktiske typetilfelle

4.3.2.1 Innleiing

Etter å ovanfor ha analysert rettskjeldene og kome med ei generell tolking, er det no tid for å bruke retningslinjene til drøfting av konkrete typetilfelle. Igjen set omfanget av avhandlinga grenser for kor mange typetilfelle som kan trekjkast fram. Når eg har valt å ta med få typetilfelle her, er det dessutan fordi dei eg trekk fram synest å illustrere mange aspekt.

4.3.2.2 Storm lagar bølgjer som så gjer skade

Typetilfellet storm som lagar bølgjer som så gjer skade er kommentert i høve unntaksregelen i NSK-2017-67161. Nemnda uttalte at ho «finner ikke grunnlag for anvendelse» av unntaksregelen, men sidan dette skjedde utan drøfting eller grunngjeving, gjev ikkje vedtaket særleg tolkingsbidrag. Eitt enkeltståande forvaltningsvedtak har dessutan låg rettskjeldevekt. Difor trengs nærmare analyse av korleis typetilfellet ytrar seg.

Typetilfellet har berre eitt årsaksledd mellom naturulukka og skaden, og så sant det er storm også på skadestaden, er det svært kort avstand i tid og rom mellom naturulukka og skaden gjeve at stormen påverkar bølgja heilt fram til skadestaden. Ein har også med ein situasjon folk gjerne oppfattar som ei enkelthending («uvêr»), slik at momentet med at det er vanskeleg å skilje mellom årsakene gjer seg gjeldande på fleire vis. I tillegg er bølgjene både ei uunngåeleg og nødvendig følgje av stormen. Alt dette taler for at skaden er ei nærliggjande følgje av naturulukka.

På den andre sida er bølgjer føreseielege fenomen langs kysten. At skadane bølgjer gjer berre er gjeve vern når det er stormflo på skadetidspunktet, viser at bølgjer til dels er lagt til den enkelte sin risiko. Dette taler mot at skaden er ei «nærliggende» følgje.

Samstundes må rimelegomsynet haldast auge for, og i nettopp dette typetilfellet har årsakskravet «direkte skyldes» vore kritisert for å vere urimeleg.³¹² Ut frå det tette sambandet mellom storm og bølgjer, at bølgjene ville vore rekna som naturulukke om sjøen stod høgt nok til stormflo, og at det ikkje synest å vere nødvendig samband mellom bølgjehøgde og havnivå, synest kritikken å ha grunnar for seg. Omsynet til å hindre urimelege resultat, som som vist grunngjev unntaksregelen, tilseier dimed med avgjerande vekt at typetilfellet gjev «nærliggende følge».

4.3.2.3 Storm kvelvar tre som så gjer skade

Også tilfelle der storm kvelvar tre og så gjer skade har vore kommentert. I LF-2014-49738 uttalte lagmannsretten at unntaksregelen «gir grunnlag for at tilfeller som her, hvor et tre faller under storm og gjør skade på noe kan dekkes». Saka vart avgjort under naturskadelova 1994, så utsegna er eit obiter dictum. Når den dessutan er frå lagmannsretten, har den svært låg vekt.

³¹² Sjå til dømes spørsmålet frå Bastholm i Regjeringa (2017); Harris (2017); Oldeide, Reksnes og Gytri (2017).

Difor er det også på dette punktet naudsynt med nærmere analyse i lys av momenta eg har utpensla.

Eit viktig første poeng er at det ved trevelt i storm berre er ein årsaksfaktor og svært kort avstand i tid og rom mellom naturulukka og skaden. Vidare er trevelten ei uunngåeleg og nødvendig følgje av stormen. Så langt taler likskapen for å også la skade frå trevelt reknast som «nærliggende» følgje. På den andre sida er eit viktig poeng at risikoen for slik skade er synleg når ein plasserer objekt innanfor fallradiusen til treet. Skaden kan difor avverjast ved å anten plassere objektet utanfor fallradiusen eller å sage ned treet. Det føreseielege og unngåelege taler dimed med avgjerande tyngde mot å rekne skaden som ei «nærliggende» følgje av stormen.

4.3.2.4 Flaum tek med seg objekt som gjer skade

Eit anna praktisk typetilfelle er at flaum tek med seg objekt som så gjer skade, for vatnet vil gjerne kome bort til og ta med seg ymse objekt når det flymmer over. Her kan vi skilje mellom fire typetilfelle ut frå type objekt og plassering: isflak som allereie ligg i elva, eit nedfallstre som ligg laust på elvekanten, eit nedfallstre som ligg langt frå elvekanten og eit tre som framleis står ved elva, men som elva ved å grave i elvekanten får til å lausne, falle ned i elva og bli teke med av vatnet. Den underliggende tanken min er at skaden synest som meir «nærliggende» følgje av naturulukka der naturulukka aleine har utløyse den mellomkomande årsaksfaktoren enn der menneskeleg handling eller unnlating kjem inn som eit samverkande bidrag. Dette kan underbyggjast med at naturulukkepreget og høvet til å unngå skaden er trekt fram som relevante moment ovanfor.

I alle tre tilfella er det eitt ekstra årsaksledd – støyten frå det eksterne objektet – mellom flaumen og skaden. Flaumvatnet er ein naudsynt faktor for å leie objektet fram til staden der det gjer skade, og dimed er det også svært kort avstand i tid og rom frå siste påverknad frå flaumen på objektet og til at skaden skjer. Det avgjerande vert difor kor vanskeleg det er å skilje mellom årsakene og kor vidt skaden var føreseieleg og kunne unngåast.

For isflaket sin del, er det nært samband mellom årsaksfaktorane sidan det allereie låg i vatnet før flaumen byrja. Ovanfor har eg vist at det er kjelder som taler for at slik skade kan reknast som flaumskade, noko eg argumenterte mot i lys av forståinga av «direkte skyldes». ³¹³ Her er

³¹³ Sjå kapittel 3.4.2.3.4.

derimot årsakskravet mindre strengt, og det kan synest å gje grunnlag for å rekne skade gjort av isflaket som ei «nærliggende følge» av flaumen.

Skade gjort av tre tekne med av flaum vart som ovanfor kalla «gråsonesaker» i relasjon til vilkåret «direkte skyldes» i utgreiinga frå Statens landbruksforvaltning.³¹⁴ Det indikerer som nemnt at tilfellet låg nærmere til å oppfylle «direkte skyldes». Sidan eg fann at det ikkje oppfylte vilkåret,³¹⁵ synest det aktuelt til i alle fall å oppfylle «nærliggende følge». I lys av dei vurderingsmomenta som eg har utpensla ovanfor, er det samstundes grunn til å skilje mellom typetilfelle ut frå *kvar* eller *korleis* flaumen har fått tak i treet.

At flaumen tek med seg eit tre som ligg på bakken, kan lett avverjast ved å fjerne treet. Den skadelidne kan dimed sikre seg mot skaden om treet er på hans eide, om det er på nokon annans eide kan det eventuelt tenkast at denne kunne verte ansvarleg. Om treet vert teke av flaumen, pregar unnlatinga av å fjerne treet årsaksbiletet, til fortrengsle for naturulukkepreget.

Det andre momentet, om kor vid skaden er føreseieleg gjer seg også gjeldande. Det er føreseieleg at treet vert teke med av flaumen om vatnet når fram til treet, men i varierande grad ut frå kor stort og tungt treet er, og kor fast det eventuelt er i bakken. Det avgjerande synest likevel å vere kor føreseieleg det er at vatnet faktisk når fram til treet. Det kviler på kor langt det er frå elvebreidda og fram til treet. Tre som ligg på elvebreidda er meir føreseieleg at vert tekne av flaumen enn tre som ligg lengre frå elvebreidda. Det er altså lettare å seie at skaden er ei «nærliggende» følgje dess lengre frå vassdraget treet ligg.

Den siste varianten er at flaumen grev laust eit tre som står på elvekanten. Det omfattande arbeidet det ville vere med å fjerne alle tre langs elvekantane, og at det også er føremoner ved å ha tre ståande, gjer at risikoen vanskeleg kan elimineraast heilt. Det er også i utgangspunktet ikkje noko menneskeleg bidrag til skaden, det einaste kunne kanskje vere om treet tydeleg var i ferd med å lausne frå elvekanten og grunneigaren difor hadde oppmoding og plikt til å fjerne treet.

Problemet med resonnementet er at det i ettertid kan vere vanskeleg å vite kvar treet som gjorde skade på bruva kom frå: om det var grave laust frå elvekanten, om det låg på elvekanten frå før eller om det låg lengre frå elva. Det viser at også dette årsakskravet kan leie til svært vanskelege

³¹⁴ Utredning ny naturskadelov (2008) s. 31.

³¹⁵ Sjå kapittel 3.4.2.3.5.

vurderingar.³¹⁶ Samstundes er resonnementet også overførbart til andre objekt. Om det er ein rundballe som gjer skade, er det gjerne lettare å finne ut kvar han er frå ved å undersøke kven i nærområdet som har «mista» ein rundballe og kor denne stod plassert.

4.4 Vilkåret «særlege tilfeller»

Sjølv om skaden er ei nærliggjande følgje av naturulukka, er ikkje den skadelidne sikra å få naturskadeerstatning. Unntaksregelen gjev berre dekning i «særlege tilfeller», og her i dette punktet er spørsmålet kva dette vilkåret nærare inneber.

Etter vanleg språkforståing tilseier «særlege tilfeller» at det må vere noko ved den konkrete saka som skil seg frå det som vanlegvis er tilfelle i ein naturulukkesituasjon. Utover dette er vilkåret svært skjønnsprega. Verken kor store eller kva type skilnader som er naudsynte og relevante går fram av lovteksten isolert sett.

Eit første bidrag frå førearbeida er at skadar som ikkje oppfyller årsakskravet etter første ledd «i alminnelighet» fell utanfor naturskadeerstatningsordninga.³¹⁷ Vilkåra i § 4 andre ledd vil altså berre unntaksvise vere oppfylte. Sidan «nærliggende følge» som vist i førre punkt ikkje gjev nokon særleg snever avgrensing, må «særlege tilfeller» forståast snevert. Det tilseier at den enkelte saka må vere veldig særprega for å kvalifisere som «særlege tilfeller». Dette vert støtta av at departementet understreka at unntaket skal praktiserast strengt slik at den etablerte forståinga av årsakskravet ikkje vert hola ut.³¹⁸

Det allereie nemnde momentet frå førearbeida om kor vidt det er mogleg å føresjå og å sikre seg mot slike følgjeskadar,³¹⁹ kan også her tenkjast å vere relevant. I drøftinga av årsakskravet trekte eg fram momentet for å vise korleis det kunne bidra til å differensiere mellom typetilfelle. Under vilkåret «særlege tilfeller» kan det synest eigna for å skilje ytterlegare ut frå omstenda i den konkrete saka. Til dømes kan følgjer av ein flaum som er varsle i vårmeldinga vere meir påreknelege enn følgjene av ein flaum som ikkje er varsle. Sidan varselet gjev ei tidsnær oppmoding om å treffen førebyggjande tiltak bidreg det også gjerne til at det er enklare å sikre seg mot følgjene.

³¹⁶ Sjå kap. 4.4 om kritikk av årsakskravet i første ledd.

³¹⁷ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

³¹⁸ Prop. 80 L (2013–2014) s. 58.

³¹⁹ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 58, nemnt ovanfor i kap. 4.3.1.

Forståinga av liknande vilkår i lova kan også gje tolkingsbidrag. Det likaste vilkåret er i § 4 tredje ledd, om tilgangen til rettferdsvederlag for skade etter nedbør eller isgang når «særlege forhold» tilseier det. Sjølv om vilkåra ikkje er identisk formulerte, er skilnaden liten. Vidare er funksjonen til begge vilkåra å utvide retten til kompensasjon i enkeltilfelle. Desse likskapane tilseier at forståinga av «særlege forhold» kan ha overføringsverdi til «særlege tilfeller».³²⁰

Ordlyden «særlege forhold» gjev ikkje supplerande bidrag utover det «særlege tilfeller» gjev, men det er interessante førearbeidsutsegner knytt til tredje ledd. I høve isgang peika departementet på at tilgangen til rettferdsvederlag måtte avgrensast til særlege vanskelege tilfelle. Dette var tilfelle med «usedvanlig» stor mengde is der straum og vind hadde skapt upåreknelege forhold og rettferdsvederlag var nødvendig for at verksemda skulle kunne halde fram.³²¹ Kjernen er altså for det første at det er typetilfelle der isgangen i større grad har naturulukkekarakteristikkar enn kva som oftast er tilfelle, og for det andre at kompensasjonen er nødvendig.

Det første momentet synest å passe godt som utfylling av eitt av momenta frå førearbeida til andre ledd, nemleg kor vanskeleg det er å føresjå og sikre seg mot følgjeskaden. Det vil nok gjerne vere der naturkraftene er særleg sterke, utfordrande og uvanlege at det er vanskeleg å føresjå og sikre seg mot følgjeskaden. Til dømes kan det vere vanskelegare å verne seg mot følgjer av sterk storm og svært høge bølgjer enn liten storm og lågare bølgjer. Kor framtredande naturulukkekarakteristikkane er i den konkrete situasjonen, synest difor som ei relevant og tenleg retningslinje for vurderinga av om saka representerer «særlege tilfeller».

Det andre momentet, behovet for kompensasjon, synest også å vere relevant under andre ledd, sidan det å vektlegge behovet for erstatning vil harmonere godt med lovføremålet i § 1 om at naturskadeerstatningsordninga skal gjere den skadelidne i stand til å halde fram med verksemda si.

Ut frå det som så langt er utpensla, synest eg at sakstilhøvet bak NSK-2016-28345 kan synest som eit tilfelle som kunne reknast som «særlege tilfeller» om naturskadeerstatningslova var koment i kraft på skadetidspunktet. Faktumet i saka var at moloen på ein veglaus stad vart teken

³²⁰ Sjå også Wiese (2016) s. 29–30, som også argumenterer for at «særlege tilfeller» må forståast likt som «særlege forhold» i naturskadelova 1994 § 4 andre ledd, men utan å konkludere heilt klart. Den aktuelle delen frå 1994-lova § 4 andre ledd svarer til naturskadeerstatningslova § 4 tredje ledd. Også naturskadeerstatningslova §§ 12 og 14 har liknande vilkår («særlege grunner»), men sidan desse føresegna regulerer heilt andre tilhøve der andre omsyn gjer seg gjeldande, er dei mindre interessante å sjå nærmare på i denne samanhengen.

³²¹ Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) s. 25.

av bølgjer ein dag det var målt 49,3 m/s vind og svært høge bølgjer. Ein familie på staden var avhengig av moloen som sikring for båten dei trong for å kome seg til og frå staden. Dimed var det både ei særskilt sterke naturhending og stort behov for oppattretting.

Avslutningsvis er det likevel verdt å peike på at vilkåret er svært skjønnsprega, og at førearbeida ikkje gjev særleg klart bidrag til tolkinga. Fram til det kjem autoritativ avklaring, er nok rekkjevidda av vilkåret usikker.

5 Naturulukke- og årsaksvilkåra i lys av klimaendringane

5.1 Innleiing

Så langt i avhandlinga har målet vore å avklare innhaldet i gjeldande rett under naturskaderstatningslova § 4 første og andre ledd. Her i kapittel 5 vert perspektivet dreia. Eg skal no sjå på dei to føreseggnene i lys av klimaendringane. I førearbeida er det peika på at forskinga tilseier at klimaendringane vil gjere at alle vêrtypane som leier til naturulukker vil kome hyppigare.³²² Sjølv om klimaendringane låg som ein viktig premiss bak lovarbeidet som leia til naturskaderstatningslova, var fokuset primært å endre sakshandsamingsreglane slik at dei skadelidne kunne oppleve rask og effektiv sakshandsaming trass auka sakstilfang.³²³ Sidan naturskaderstatningsordninga skal bidra til tryggleikskjensla i samfunnet,³²⁴ meiner eg det også er viktig å undersøke kva klimaendringane vil ha å seie gjennom naturskadevilkåra.

Eg vil undersøke om vilkåra vil treffe andre typar faktum i framtida, etter at dei venta utslaga av klimaendringane har kome. Det er difor naturulukkevilkåret som er mest interessant å sjå på. Sidan det er mange alternative naturulukketypar under naturulukkevilkåret, som kvar er utpensla på ulikt vis, er det særleg interessant å sjå på om og korleis det interne samhøvet mellom naturulukketypane vil verte endra.

Kvar naturulukkene treff og kor sårbar denne staden er mot den aktuelle påverknaden, avgjer kor vidt det vert skade i det heile.³²⁵ Om kva faktum som fell innanfor vilkåra vert forskyvd, kan det i seg sjølv også påverke talet på skadar som kvalifiserer som «naturskade». Kor vidt det vert fleire naturskadar er dimed så uvisst at eg må avgrense mot spørsmålet.

³²² Utredning ny naturskadelov (2008) s. 69–70 og CICERO-rapport 2007:3 s. 51 og 67, smh. CICERO-rapport 2007:3 s. 51–52 som tilseier at det med ordet «naturhendelse» er meint «naturulykke».

³²³ Sjå Prop. 80 L (2013–2014) s. 5–6, sjå også s. 37–38 og 58–59 der naturulukkevilkåret og årsakskrava vert handsama utan særskilt fokus på klimaendringane.

³²⁴ Sjå t.d. Utredning ny naturskadelov (2008) s. 18.

³²⁵ Sjå t.d. Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) s. 32, Utredning ny naturskadelov (2008) s. 69–70 og CICERO-rapport 2007:3 s. 53, 58 og 67.

Analysen krev at eg tek utgangspunkt i eit klarlagt sett klimaendringar. Desse presenterer eg i kapittel 5.2, før eg i kapittel 5.3 og 5.4 analyserer naturulukkevilkåret og årsakskravet i lys av klimaendringane.

5.2 Venta naturulukkerelevante klimaendringar

For å ha eit framtdsatilete å vurdere vilkåra opp mot, vil eg her i dette punktet gje ei kort samanfatting av naturulukkerelevante venta klimaendringar.

Sidan utslaget av dei globale klimaendringane varierer lokalt, er det forskinga med særskilt fokus på verknadene i Noreg som er relevant. Sidan Noreg er eit geografisk stort område, er det lokale forskjellar også innetter i landet. Vidare varierer utsлага med årstidene. Presise resultat krev difor differensiering etter i alle fall region og årstid. I lys av uklarleiken kring kvar tersklane i naturulukkevilkåret går, t.d. kor mykje nedbør som reknast som «ekstraordinært», kan eg ikkje sjå at slike differensierte utgangspunkt for klimaendringane vil gje utslag for analysane eg skal gjere. Dimed er det tilstrekkeleg for forskingsføremålet mitt å presentere hovudtrekka for klimaendringane i eit nasjonalt perspektiv. Ei slik tilnærming har også den føremona at funna mine ikkje vert mykje påverka av at det er uvisse knytt til delar av resultata i klimaendrings-forskinga og at ulike forskingsprosjekt konkluderer noko ulikt.³²⁶

For meir nøyaktige og differensierte framskrivningar, viser eg vidare til kjeldene mine. Eg har vidare valt ut dei mest naturulukkerelevante venta endringane. Også for eit meir fullstendig bilet av venta typar endringar viser til eg grunnlagsrapportane.

Framstillinga er basert på CICERO-rapport 2018:14, «Oppdatering av kunnskap om konsekvenser av klimaendringer i Norge» og NCCS-rapport 2015:2, «Klima i Norge 2100 : Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning oppdatert i 2015». Rapportane er valde dels fordi dei er relativt nye og dels fordi dei gjev samanstillingar av eksisterande kunnskap om konsekvensane av klimaendringane i Noreg.³²⁷ I tråd med føre var-prinsippet tek CICERO-rapporten utgangspunkt i det høge alternativet for framtidige klimagassutslepp, RCP 8.5, som

³²⁶ Sjå om slik uvisse t.d. i NCCS-rapport 2015:2 s. 13, 94 og 137–143.

³²⁷ NCCS-rapport 2015:2 s. 3; CICERO-rapport 2018:14 s. 7. Rapporten frå FNs klimapanel om 1,5-gradersmålet kom etter at arbeidet med CICERO-rapporten var avslutta, og inngår difor ikkje i kunnskapsgrunnlaget som er samanstilt. Rapporten byggjer i staden på FNs femte hovudrapport frå 2013, som CICERO held fram som eit tilstrekkeleg referansepunkt med tilvising til at hovudbodskapen framleis gjeld, sjå CICERO-rapport 2018:14 s. 16 (note).

inneber at det ikkje vert gjennomført ny klimapolitikk utover det som allereie er innført.³²⁸ NCCS-rapporten inneheld også tal for meir moderate utsleppsscenario, men eg baserer meg på tala for RCP 8.5 her.³²⁹ Begge rapportane ser på endringar fram mot år 2100.³³⁰

Klimaendringane vert ofte nemnde i samband med global oppvarming, og temperaturauke går også fram av rapportane. Dei viser at temperaturen er venta å auke med 4,5 grader celsius fram mot 2100 samanlikna med perioden 1971–2000.³³¹

Nedbøren er venta å auke med 18 % frå perioden 1971–2000 til perioden 2071–2100 om utsleppa følgjer RCP 8.5. Halvvegs i hundreåret er auken venta å ha kome til 9 %. Det er usikkert når og kvar endringane kjem, men tendensen er felles under ulike modellar.³³² Det særskilt interessante med tanke på naturlukker, er at den største auken vert i den kortvarige og intense nedbøren, som er den nedbøren som kan gje størst skade. Kraftige nedbørstilfelle vil både skje oftere og verte kraftigare.³³³ Til dømes vil den nedbørshendinga som skjer éin gong i Oslo per 50 år i dag, mot slutten av hundreåret kunne skje fem gongar per 50 år.³³⁴

Sidan den intensive og kortvarige nedbøren er ei sentral utløysande årsak for både flaumar og skred, synest det nærliggande at det også vil verte auke for dei naturhendingane. Rapportane underbyggjer dette. For skred synest det å vere tendens til auke i alle typane utanom tørrsnøskred og dei store fjellskreda.³³⁵ Relatert til flaum, må nedbøren sjåast i lys av at temperaturauken vil gje større fordamping. Den endelege effekten er likevel auka avrenning, primært om vinteren, medan det vert litt reduksjon om sommaren.³³⁶ Medan snøsmelteflaumane kan verte mindre, er regnflaumane venta å verte større. Dagens 200-årsflaum kan auke med 20 prosent, for somme vassdrag opptil 40–60 prosent. Auken varierer med kor vidt flaumane er styrt av regn eller snøsmelting og med kvar og kor stort vassdraget er.³³⁷

³²⁸ CICERO-rapport 2018:14 s. 7 og 17.

³²⁹ Sjå NCCS-rapport 2015:2 s. 11 og 93.

³³⁰ CICERO-rapport 2018:14 s. 7; NCCS-rapport 2015:2 s. 8.

³³¹ CICERO-rapport 2018:14 s. 18–19; NCCS-rapport 2015:2 s. 11, for meir detaljert om temperaturendringar sjå s. 99–103.

³³² CICERO-rapport 2018:14 s. 19–20.

³³³ CICERO-rapport 2018:14 s. 21–23. Sjå nærmere om nedbørsrelaterte endringar i NCCS-rapport 2015:2 s. 103–113.

³³⁴ CICERO-rapport 2018:14 s. 22.

³³⁵ CICERO-rapport 2018:14 s. 26; NCCS-rapport 2015:2 s. 12–13 og 127–128.

³³⁶ CICERO-rapport 2018:14 s. 23.

³³⁷ CICERO-rapport 2018:14 s. 24. Sjå også NCCS-rapport 2015:2 s. 12 og nærmere s. 123–126.

Ei naturhending som ikkje er venta særleg endring i, er vinden.³³⁸ Sidan storm er ein føresetnad for stormflo, kunne ein tenkje at dette ville hindre endringar relatert til stormflo. Slik er det ikkje, sidan havnivået også er ein viktig faktor for stormfloa og denne er venta å stige som følgje av bresmelting og varmare havvatn. I dei tilfella stormen pressar vatnet inn mot land, vil floa dimed kome på toppen av eit høgare havnivå enn kva vi har i dag, slik at det samla havnivået under stormfloa vert høgare. I Stavanger og Bergen kan den stormfloa som i dag kjem ein gong per 200 år kome nesten 40 gongar totalt dette hundreåret.³³⁹

Endringane vil klart nok skje gradvis, og dei vil ta noko tid.³⁴⁰ Kva tid endringane vert så store at det får utslag for naturulukkevilkåret, er vanskeleg å seie. Det synest samstundes sikkert at endringane vil kome, og det gjev grunn til å ha merksemd på problemstillingane som då vert aktualiserte. Det er naudsynt å vurdere prinsipielt korleis utviklinga skal møtast rettsleg, for slik å sikre at det indre samhøvet mellom vilkåra vert balansert og at risikofordelinga mellom dei skadelidne og naturskadeordninga er på det som må reknast som riktig nivå også etter at endringane gjev utslag.

5.3 Naturulukkevilkåret og klimaendringane

No som dei venta klimaendringane er presentert, er det neste steget å vurdere kva desse vil ha å seie under naturulukkevilkåret. Sidan jordskjelv og vulkanutbrot er lite praktisk viktige, jf. kapittel 2.3.6 og 2.3.7, avgrensar eg mot desse to naturulukketypene.

For det overordna naturulukkevilkåret er det sentrale at førearbeida knyt det til uvanlege hendingar og ekstraordinære, jf. kapittel 2.2. For fleire av naturhendingane tilseier klimaframskrivingane at hendingane vil verte både hyppigare og kraftigare. Om desse framskrivingane slår til, trengs nok kraftigare hendingar for at ei naturhending skal reknast som ekstraordinær og uvanleg i framtida enn kva som skal til i dag. Den generelle terskelen for kva som reknast som naturulukker synest altså å ville stige.³⁴¹

³³⁸ CICERO-rapport 2018:14 s. 23; NCCS-rapport 2015:2 s. 12 og 113–114.

³³⁹ CICERO-rapport 2018:14 s. 26; NCCS-rapport 2015:2 s. 8, 13 og 135–136.

³⁴⁰ Sjå NCCS-rapport 2015:2 s. 11 og 89 om at oppdaterte data for dagens klima heller enn framskrivingane vert føreslått brukt som grunnlag for planlegging som berre gjeld dei neste to tiåra.

³⁴¹ Liknande synsmåte vart halde fram i NOU 2015: 16 s. 252 i samband med eit forslag til ei føreseggn med krav om «ekstraordinær» nedbørshending.

Samstundes er eit viktig spørsmål korleis ei slik endring står seg mot tryggleik som overordna omsyn bak naturskadeerstatningsordninga. Det synest allereie i dag uklart kor mykje som skal til for å oppfylle kvart av «vilkåra» i flaumdefinisjonen, jf. kap. 2.3.4. Konsekvensen er at det også er uklart kor store endringar som skal til før klimaendringane gjer at litt annleis faktum vert dekt av flaumvilkåret enn i dag. Dimevert det endå større uvisse for dei skadelidne om kor vidt deira skadetilfelle gjev rett på erstatning. Eit anna aspekt er at fleire skadar vil kome over på den skadelidne sin risiko om terskelen for kva som reknast som «flom» vert heva. Også det kan redusere tryggleiken for dei skadelidne. Dette er eit rettspolitisk spørsmål lovgjevaren må vurdere prinsipielt for alle delane av naturulukkevilkåret. Eg går difor ikkje nærmare inn på det vidare i drøftinga.

Sidan dei spesifikke naturulukketypene i praksis er viktigare som vilkår, vert påverknaden under kvar av desse særleg viktig og må undersøkast nærmare. Eit sentralt spørsmål er kor vidt desse er utforma slik at det faktiske dekningsområdet vert endra i takt med klimaendringane.

Flaum-definisjonen peikar seg ut med særleg mange ord som opnar for fleksibilitet, meir spesifikt «ekstraordinær», «sterk» og «uvanlig». Desse fleksible vurderingsmomenta gjer at kva faktum som vert dekt av vilkåret kan endre seg over tid. Til liks med det som gjeld for det overordna naturulukkevilkåret sitt moment om ekstraordinær påverknad, synest desse orda eigna til å fange opp og justere for den venta utviklinga i nedbørs- og flaummønster. Dette vil bidra til å halde på styrketilhøvet mellom flaumvilkåret og det overordna naturulukkevilkåret.

Også stormflovilkåret har gjennom femårsintervallet som parameter eit fleksibelt referansepunkt. I motsetnad til under flaumvilkåret, er det klart kva som skal til for å oppfylle dette momentet. Vidare vil det klarare gå fram etter kvart som ein har nye målingar kor vidt og kor mykje femårsintervallet vert endra. Endringane vil difor kunne få sikrare, og raskare, utslag for kva faktum som i framtida vil reknast som «stormflo». Også likt som for flaum-vilkåret synest tilhøvet mellom det overordna naturulukkevilkåret og stormflo-vilkåret å ville halde seg uendra, samstundes som større risiko vert overført til den skadelidne. Omsynet til tryggleik og rimelegheit relatert til risikofordelinga synest å kunne kome særskilt på spissen her, sidan vilkåret allereie er omdiskutert i dag.³⁴² Her er difor ei prinsipiell vurdering særskilt viktig.

³⁴² Sjå ovanfor i kap. 2.3.5 og 4.3.2.2.

Stormvilkåret skil seg frå dei to som er drøfta ovanfor, sidan storm er forstått som vind over 20,8 m/s og vilkåret dimed har eit statisk innhald. Om ikkje rettstilstanden vert endra, vil den same vindstyrken altså oppfylle stormvilkåret i framtida som i dag. I og med at klimaforskinga ikkje tyder på at det vert særleg store endringar relatert til vind, synest risikofordelinga mellom staten og dei skadelidne likevel å stå uendra. Derimot kan det bli spørsmål om kor vidt styrketilhøvet mellom stormvilkåret og det overordna naturulukkevilkåret og naturulukketypane som vert sterkare vil stå seg. Spørsmålet her er altså om (liten) storm framleis vil vere ei ekstraordinær hending når naturulukkene elles generelt vert kraftigare. Dette kjem an på om naturulukkene skal vere ekstraordinære ut frå samanlikning med styrken i dei andre naturulukketypane eller ut frå normalpåverknaden frå kvart naturelement eller naturkraft. At naturulukkene allereie i dag er av ulik kraft og karakter, trekk i retning av det siste, og i så fall vil styrketilhøvet bestå. Synsmåten må reknast som usikker.

Skred er også definert på ein statisk måte ved å omfatte naturlege massar som rasar, utan å stille særlege krav til verken omfanget eller frekvensen. Rett nok er det eit minstekrav for kva hendingar som reknast som skred, men dette synest å gå svært lågt og det er ikkje kjelder som gjev indikasjonar på at det er fleksible «vilkår» eller vurderingsmoment som er med på å setje grensa. Dei same hendingane vil difor oppfylle skredvilkåret i framtida som i dag. Liknande poeng som dei som er trekt fram knytt til stormvilkåret kan då kome på spissen.

5.4 Årsakskravet og klimaendringane

Klimaendringane vil så vidt eg kan sjå ikkje få veldig mykje å seie for kva som skal til for å oppfylle årsakskrava. Den eventuelle påverknaden synest å måtte vere at kva som er føreseielege og mogleg å sikre seg mot for dei potensielle skadelidne vert endra, og at det dimed får utslag på kva som kan reknast som «nærliggende følge» (sjå om momentet i kapittel 4.3.1). Sidan klimaendringane synest å ville gje kraftigare naturulukker, må naturulukkene også vere kraftigare før dei vert rekna som uføreseielege.

Sambandet mellom årsakskravet og naturulukkevilkåret gjer samstundes at klimaendringane gjev større grunn til å vurdere om årsakskrava er treffande og tenlege. Som nemnt tidlegare, er naturskadeerstatningsordninga ein del av rammeverket som skal sikre tryggleikskjensla i samfunnet. For at naturskadeerstatningsordninga skal kunne gje ei slik tryggleikskjensle, er det nok viktig at potensielle skadelidne ikkje opplever årsakskrava som vilkårlege og at dei

opplever å få ei rettvis erstatningsdekning. Om det vert fleire naturulukker, vil dessutan den samla børa på forvaltninga der årsakskravet legg opp til unødig vanskelege bevis- og årsaksvurderingar verte større. Dei kritiske merknadane i kapittel 3.4.4 kan dimed synest å kome meir på spissen som følgje av klimaendringane.

6 Avslutning

Denne avhandlinga har synt at det på fleire punkt er uklare og til dels motstridande rettskjelder under naturulukkevilkåret og årsakskrava i naturskadeerstatningslova § 4 første og andre ledd. Gjennom systematisering og analyse av desse rettskjeldene, til dels i lys av generell årsaksteori, har eg søkt å forme eit klarare bilet av kva vilkåra går ut på.

Før denne avhandlinga har fokuset kring årsakskravet i første ledd i stor grad vore knytt til samverkande årsaker. Gjennom analysen vart også årsakskravet sitt innhald i relasjon til samstundes samverkande årsaksfaktorar løfta fram. Spørsmålet om gradering av årsaksfaktorar kom på spissen her.

Årsakskravet i andre ledd er særleg utfordrande, og det heftar noko uvisse ved funna. Dei skadelidne må her bere ein prosessrisiko for å få avklaring, og det er uheldig. Meir utfyllande førearbeid, med utsegner eller retningslinjer, og gjerne tilvising til typetilfelle eller konkrete døme der vilkåra kunne vere oppfylte, ville gje større rettsvisse. Forhåpentlegvis kan analysane i avhandlinga gje noko hjelp på vegen.

Eit generelt problem ved årsakskrava er at dei er svært strenge, leier fram til vanskelege bevisspørsmål og kan synest å gje urimelege, eller kanskje også nesten vilkårlege utslag. Dette gjev grunn til å spørje om vilkåra burde vore sett meir prinsipielt på ved vedtakinga av naturskadeerstatningslova. Rett nok kan lovgjevaren i utgangspunktet setje kva lovvilkår og årsakskrav han ønskjer som avgrensing av rettar han etablerer ex gratia, og utforminga av vilkåra er i noko grad eit politisk spørsmål. Det er likevel ikkje til å kome utanfor at regelverket bør utformast på ein måte som ikkje vert oppfatta som vilkårleg, men tvert om forståeleg.

Analysen i lys av klimaendringane synte at det varierer om vilkåra for dei ulike naturulukketypane er knytt til statiske eller dynamiske vurderingsmoment, slik at det i ulik grad vil verte utslag av klimaendringane under dei. Det er mogleg utslaga først kjem litt fram i tid, men det er grunn til å vere klar over desse poenga slik at det tidsnok kan takast stilling til om dette krev lovendring. Funnet har også overføringsverdi til andre tilfelle med alternative vilkår; det er viktig å vere merksam på om vilkåra er utforma eller forstått på ein slik måte at faktiske endringar over tid vil gje ulike utslag på vilkåra med den følgje at det indre samhøvet eller sambandet mellom dei vert forskyvd. Endringane treng ikkje å vere relatert til klimaet.

Ved avslutninga av arbeidet med denne avhandlinga, håper eg at arbeidet mitt kan ha gjeve eit bidrag i retning av større klarleik om innhaldet i rettsvilkåra og at det også kan gje eit startpunkt for vurderingar av om dei meir problematiske sidene eller framtidsutsiktene relatert til klimaendringane gjev grunn til lovendring.

Kjeldeliste

Lover og forskrifter

Lov 9. juni 1961 nr. 24 om erstatning for naturskader (naturskadelova 1961, 1961-lova)

Lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning

Endringslov 8. juni 1979 nr. 46 til lov om erstatning for naturskader (lov 46/1979)

Forskrift 21. desember 1979 nr. 3420 om instruks for Norsk Naturskadepool

Lov 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring (naturskadeforsikringslova)

Lov 25. mars 1994 nr. 7 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadelova 1994, 1994-lova)

Lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova)

Lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann

Forskrift 17. januar 2012 nr. 56 om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon

Lov 15. august 2014 nr. 59 om erstatning for naturskader (naturskadeerstatningslova)

Førarbeid

NOU-ar og utgreiingar

Innstilling om sikring mot og erstatning for naturskader (1959) = Innstilling om sikring mot og erstatning for natursskader. : Fra det ved Kronprinsregentens resolusjon av 11. januar 1957 oppnevnte utvalg. [Levert 1959].

NOU 1974: 9 Erstatning for naturskader : Fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon av 28. mai 1971 : Utredningen avgitt 20. desember 1973

NOU 1990: 17 Uførepensjon : Fra en arbeidsgruppe oppnevnt av Sosialdepartementet av 17. november 1988 : Avgitt juli 1990.

NOU 2004: 3 Arbeidsskadeforsikring : Utredning fra et utvalg oppnevnt ved kongelig resolusjon 29. juni 2001. : Avgitt til Sosialdepartementet 30. januar 2004.

NOU 2015: 16 Overvann i byer og tettsteder : Som problem og ressurs : Utredning fra et utvalg nedsatt ved kongelig resolusjon 11. april 2014 : Lagt frem for Klima- og miljødepartementet 2. desember 2015

Utredning ny naturskadelov (2008) = Utredning ny naturskadelov, levert av Statens landbruksforvaltning, publisert 7. mai 2008, tilgjengeleg via <https://www.landbruksdirektoratet.no/no/erstatning/naturskade/sok-om-erstatning/publikasjoner/utredning-ny-naturskadelov-2008>.

Proposisjonar

Ot.prp. nr. 46 (1978–1979) Om lov om endringer i lov 9. juni 1961 nr. 24 om erstatning for naturskader m.v.

Ot.prp. nr. 36 (1960–1961) Om lov om erstatning for naturskader m.v.

Ot.prp. nr. 62 (1990–1991) Om midlertidig lov om kompensasjonstillegg til ytelsjer fra folketrygden og om lov om endringer i lov 17 juni 1966 nr 12 om folketrygd

Ot.prp. nr. 12 (1993–1994) Om lov om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadeloven).

Ot.prp. nr. 4 (2008–2009) Om lov om endringer i folketrygdloven og i enkelte andre lover (arbeidsavklaringspenger, arbeidsevnevurderinger og aktivitetsplaner)

Prop. 80 L (2013–2014) Lov om erstatning for naturskader (naturskadeerstatningsloven

St.prp. nr. 82 (1999–2000) Om jordbruksoppgjøret 2000 – endringer i statsbudsjettet for 2000 m.m.

Odelstingsinnstillingar

Innst. O. nr. 18 (1996–1997) Innstilling fra næringskomiteen om forslag fra stortingsrepresentantene Syver Berge og Ola D. Gløtvold om lov om endringer i lov av 9. juni 1961 nr. 24 om sikring mot og erstatning for naturskader (naturskadeloven). (Endring av § 5 første og andre ledd slik at naturskadeloven også skal gjelde frost og av vannkilder.)

Rettspraksis

Høgsterettspraksis

Rt. 1891 s. 814

Rt. 1901 s. 706

Rt. 1916 s. 1117

Rt. 1917 s. 1008

Rt. 1921 s. 424

Rt. 1921 s. 516

Rt. 1921 s. 619

Rt. 1933 s. 931

Rt. 1931 s. 1096

Rt. 1933 s. 475 A

Rt. 1939 s. 736 A

Rt. 1955 s. 872 A

Rt. 1960 s. 357 A

Rt. 1973 s. 1268 A

Rt. 1992 s. 64 A

Rt. 1997 s. 550 A

Rt. 2000 s. 418 A

Rt. 2001 s. 320 A

Rt. 2001 s. 337 A

Rt. 2004 s. 487 A

Rt. 2005 s. 495 A

Rt. 2006 s. 690 A

Rt. 2006 s. 735 A

Rt. 2007 s. 172 A

Rt. 2010 s. 24 A

Rt. 2013 s. 484 A

Rt. 2011 s. 105 A

Lagmannsrettspraksis

LB-2005-63069

LE-2016-196236

LF-2014-49738

LF-2017-194586/LF-2017-194592

LG-2015-102574

LG-2018-23731

LG-2018-45981

Tingrettspraksis

Sogn og Fjordane tingretts overskjønn 27. desember 2017 (sak nr. 16-181262SKJ-SOFT).

Vesterålen tingretts dom 31. oktober 2014 (sak nr. 14-067778TVI-VTRA)

Fosen tingretts dom 27. juni 2014 (Sak nr. 13-151000TVI-FOSN)

Søre Sunnmøre tingretts dom 17. januar 2014 (sak nr. 13-161859TVI-SOSU).

Nordiske Domme i Sjøfartsanliggende 1916 s. 76

Sivilombodsmannen

SOMB-2003-96 = SOMB-2003-96 (sak 2002-2103), Sivilombodsmannens årsmelding 2003 s. 304.

Brev fra Sivilombodsmannen til Ankenemnda for Statens Naturskadefond, 06.02.2006, sak 2004/2356.

Nemndspraksis

NSN-2006-3838

NSN-2009-522

NSN-2009-524

NSN-2009-3614

NSN-2009-3926

NSN-2009-4348

NSN-2009-5844

NSN-2009-5951

NSN-2009-7826

NSN-2009-8461

NSN-2009-21436

NSN-2010-1429

NSN-2010-10287

NSN-2010-12751

NSN-2011-9323

NSN-2011-11251

NSN-2011-11371

NSN-2012-1577

NSN-2012-5932

NSN-2012-6953

NSN-2012-8972

NSN-2012-10794

NSN-2012-13416

NSN-2012-15808

NSN-2012-16237

NSN-2012-19375

NSN-2012-25356

NSN-2013-153

NSN-2013-599

NSN-2013-600

NSN-2013-603

NSN-2013-1105

NSN-2013-1620

NSN-2013-1648

NSN-2013-1678

NSN-2013-3353

NSN-2013-14943

NSN-2013-15253

NSN-2013-17182

NSN-2013-19088

NSN-2013-23415

NSN-2013-23571

NSN-2013-29901

NSN-2013-31449

NSN-2013-33263

NSN-2014-3593

NSN-2014-3981

NSN-2014-6074

NSN-2014-8175

NSN-2014-8215

NSN-2014-8221

NSN-2014-8538

NSN-2014-9024

NSN-2014-29324

NSN-2014-52465

NSN-2014-61171

NSN-2014-71303

NSN-2015-1678

NSN-2015-3148

NSN-2015-4549

NSN-2015-22253

NSN-2015-26521

NSN-2015-27820

NSN-2015-41360

NSN-2015-43369

NSN-2015-50439

NSN-2015-57463

NSN-2016-69

NSN-2016-21458

NSK-2016-22661-3

NSK-2016-24484-3

NSK-2016-24500-3

NSK-2016-25970-1

NSK-2016-25970-2

NSK-2016-28345

NSK-2016-46521

NSK-2016-68446

NSK-2017-20044-1

NSK-2017-20044-2

NSK-2017-21481

NSK-2017-24666

NSK-2017-24982

NSK-2017-25631

NSK-2017-28156

NSK-2017-33410

NSK-2017-38899

NSK-2017-39714

NSK-2017-40044-1

NSK-2017-40044-2

NSK-2017-40452

NSK-2017-48616

NSK-2017-61098

NSK-2017-62279

NSK-2017-62739

NSK-2017-67161

NSK-2017-68037

NSK-2018-2685

NSK-2018-3196

NSK-2018-17007

NSK-2018-20117

NSK-2018-25811

NSK-2018-54499

Litteratur

Andenæs (2009)

Andenæs, Mads Henry, *Rettskildelære*, 2. utg., Mads Henry Andenæs 2009.

Arntzen (1995)

Arntzen, Andreas i samarbeid med Rune Njøs Jacobsen og Sven Iver Steen, *Forsikringsrett : Forsikringsvilkårenes ansvarsbestemmelser – villaeier- og hjemforsikring*, Advokatfirmaet Arntzen, Underland & Co ANS 1995.

Askeland (2006)

Askeland, Bjarte, *Tapsfordeling og regress ved erstatningsoppgjør*, Fagbokforlaget 2006.

Bache (1905)

Bache, N. H., *Brandforsikringsretten I. del*, Gyldendalske boghandel nordisk forlag 1905.

Bergo (2000)

Bergo, Knut, *Høyesteretts forarbeidsbruk*, Cappelen akademisk forlag 2000.

Boe (2010)

Boe, Erik Magnus, *Innføring i juss : Juridisk tenkning og rettskildelære*, 3. utg., Universitetsforlaget 2010.

Brækhus og Rein (1993)

Brækhus, Sjur og Alex. Rein, *Håndbok i kaskoforsikring : På grunnlag av Norsk Sjøforsikringsplan av 1964*, Bergens Skibsassuranseforening – Gjensidig : Christianssands Skibsassuranceforening – Gjensidig : Unitas Gjensidig Assuranseforening : Den norske Krigsforsikring for Skib – Gjensidig 1993.

Bull (2008)

Bull, Hans Jacob, *Forsikringsrett*, Universitetsforlaget 2008.

- CICERO-rapport 2007:3 Hovelsrud, Grete K., Helene Amundsen, Eirik J. Førland (red.), «Utviklingen av naturulykker som følge av klimaendringer : Utredning på oppdrag fra Statens Landbruksforvaltning», CICERO-rapport 2007:3.
- CICERO-rapport 2018:14 Aamaas, Borgar, Asbjørn H. Aaheim, Kristina Alnes, Bob van Oort, Halvor Dannevig og Torunn Hønsi, «Oppdatering av kunnskap om konsekvenser av klimaendringer i Norge» CICERO Report 2018:14.
- Dannevig og Harstveit (2018) Dannevig, Petter og Knut Harstveit, «Vind» i *Store norske leksikon*, 20. august 2018, <https://snl.no/vind>, lest 19. juni 2019.
- Eckhoff (2001) Eckhoff, Torstein, *Rettsskildelære*, 5. utg. ved Jan E. Helgesen, Universitetsforlaget 2001.
- Ehlers (2017) Ehlers, Andreas Bloch, *Kausalitet i personskadeerstatningsretten*, 1. utg., Karnov Group 2017.
- Engstrøm (2007) Engstrøm, Bjørn, «Kravet til årsakssammenheng – særlig om hovedårsakslæren», *Tidsskrift for Erstatningsrett* 2007, s. 64–86.
- Fleischer (1967) Fleischer, Carl August, «Noen betrakninger om årsakssammenheng som erstatningsrettslig grunnvilkår», *Jussens venner* 1967, s. 3–48.
- Friðriksdóttir (2013) Friðriksdóttir, Drífa, *Hovedårsakslæren : Årsaksprinsippets plass innen forskjellige rettsområder med fokus på erstatningsrett, forsikrings- og trygderett*, Lagadeild, Reykjavík 2013
- Graver (2008a) Graver, Hans Petter, *Juridisk overtaleeskunst*, Fagbokforlaget 2008.
- Graver (2008b) Graver, Hans Petter, «Vanlig juridisk metode? Om rettsdogmatikken som juridisk sjanger», *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 2008, s. 149–178.
- Grundt (1950) Grundt, Theodor, *Lærebok i norsk forsikringsrett : Forelesninger over forsikringsrettens alminnelige del : I*, 2. utg., Universitetets studentkontor 1950.
- Hagstrøm og Stenvik (2015) Hagstrøm, Viggo og Are Stenvik, *Erstatningsrett*, Universitetsforlaget 2015.
- Harris (2017) Advokatfirmaet Harris, «Uværet herjer, men vilkårene rikker seg ikke!», 17. november 2017, <https://harris.no/uvaeret-herjer-vilkarene-rikker/>, lest 20. juni 2019.
- Hart og Honoré (1985) Hart, H.L.A. og Tony Honoré, *Causation in the Law*, 2. utg., Clarendon Press 1985.
- Hellner og Radetzki (2018) Hellner, Jan og Marcus Radetzki, *Skadeståndsrätt*, 10. utg., Nordstedts juridik 2018.
- Hoel (1929) Hoel, Gunnar Astrup, *Risiko og ansvar : Utviklingslinjer i forsikrings- og erstatningsret*, Gyldendal norsk forlag 1929.
- Hoel (1938) Hoel, Gunnar Astrup, «Hovedårsaksprinsippet», *Norsk forsikringsjuridisk forenings publikasjoner*, nr. 6, 1938.
- Holgersen (2016) Holgersen, Gudrun, *Arbeidsavklaring og trygdeytelser*, Fagbokforlaget 2016.
- Holgersen og Nygaard (1998) Holgersen, Gudrun og Nils Nygaard, *Trygderettslige emner*, Alma Mater 1998.

- Husabø (1994) Husabø, Erling Johannes, *Rett til sjølvvalt livsavslutning? Ad notam* Gyldendal 1994.
- Husabø (1999) Husabø, Erling Johannes, *Straffansvarets periferi : Medverking, forsøk, førebuing*, Universitetsforlaget 1999.
- Kjelland (2008) Kjelland, Morten, *Særlig sårbarhet i personskadeerstatningsretten – en analyse av generelle og spesielle årsaksregler*, Gyldendal akademisk 2008.
- Kjønstad (1979) Kjønstad, Asbjørn, *Yrkesskadetrygden : Fire utvalgte emner*, Universitetsforlaget 1979.
- Kjønstad (1992) Kjønstad, Asbjørn, *Folketrygdens uførepensjon*, 2. utg., Universitetsforlaget 1992.
- Kjønstad (2007) Kjønstad, Asbjørn (red.), *Folketrygdloven med kommentarer*, 2. utg., Gyldendal 2007.
- Kjønstad (2018) Kjønstad, Asbjørn, *Innføring i trygderett*, 5. utg. ved Imran Haider, Universitetsforlaget 2018.
- Kruse (1963) Kruse, A. Vinding, «Adækvens i erstatningsretten og forsikringsretten», *Nordisk forsikringstidsskrift* 1963, s. 21–41.
- Landbruksdirektoratet (2016) Landbruksdirektoratet, «Naturulykke: Skred», sist oppdatert 14. februar 2017,
<https://www.landbruksdirektoratet.no/naturskadeordningen/59051/naturulykke-skred>, lest 7. mai 2019.
- Landbruksdirektoratet (2019a) Landbruksdirektoratet, «Naturulykke: Flom i vassdrag og villbekker», 23. mai 2019,
<https://www.landbruksdirektoratet.no/naturskadeordningen/59048/naturulykke-flom-i-vassdrag-og-villbekker>, lest 20. juni 2019.
- Landbruksdirektoratet (2019b) Landbruksdirektoratet, Naturulykke: Storm og stormflo, 17. juni 2019,
<https://www.landbruksdirektoratet.no/naturskadeordningen/forside/naturulykke-storm-og-stormflo>, lest 18. juni 2019.
- Lødrup (2009) Lødrup, Peter, *Lærebok i erstatningsrett*, 6. utg. : Med bistand av Morten Kjelland, Gyldendal akademisk 2009.
- Maric (2013) Maric, Adnan, *Naturskadeforsikring: organisering og dekningsomfang*, Det juridiske fakultet, Oslo 3. juni 2013.
- Monsen (2012) Monsen, Erik, *Innføring i juridisk metode og oppgaveteknikk*, Cappelen Damm akademisk 2012.
- Mæhle (2004) Mæhle, Synne Sæther, «Gjelder det andre regler for rettslig argumentasjon i rettsdogmatikken enn for domstolene?», *Jussens Venner* 2004, s. 329–342.
- Narvland (2008) Narvland, Runar, «Kravet til årsakssammenheng i yrkesskadesaker etter folketrygdloven», *Tidsskrift for Erstatningsrett* 2008, s. 226–263.
- Narvland (2015) Narvland, Runar, *Trygderett i et nøtteskall*, 1. utg., Gyldendal 2015.
- NCCS-rapport 2015:2 Hanssen-Bauer, Inger, Eirik J. Førland, Ingjerd Hadeland, Hege Hisdal, Stephanie Mayer, Atle Nesje, Jan Even Øie Nilsen, Stein Sandven, Anne Britt Sandø, Asgeir Sorteberg og Bjørn Ådlandsvik (red.), «Klima i Norge 2100 :

- Kunnskapsgrunnlag for klimatilpasning oppdatert i 2015», NCCS report no. 2/2015, 2. opplag.
- Norsk Naturskadepool (2017a) Norsk Naturskadepool, «Hovedårsak», 1. januar 2017, <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/HOVEDARSAK/>, lest 9. januar 2019.
- Norsk Naturskadepool (2017b) Norsk Naturskadepool, «Skred», 1. januar 2017, <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skadearskakene/skred/>, lest 7. mai 2019.
- Norsk Naturskadepool (2017c) Norsk Naturskadepool, «Trær», 1. januar 2017, <https://www.naturskade.no/skadehandbok/skader-pa-bestemte-tingtemaer/trar/?date=01.01.2017>, lest 20. juni 2019.
- Norsk senter for forskningsdata (u.å.) Norsk senter for forskningsdata, «Statens landbruksforvaltning : Endringshistorie», utan publiseringdato, <http://www.nsd.uib.no/polsys/data/forvaltning/enhet/19828/endringshistorie>, lest 29. mai 2019.
- NVE (2016) Norges vassdrags- og energidirektorat, «Snøskred - tørre og våte», Fakta 1/2016, http://publikasjoner.nve.no/faktaark/2016/faktaark2016_01.pdf, lest 10.05.2019.
- NVE (2017) Norges vassdrags- og energidirektorat, «Laussnøskred», sist oppdatert 28. mars 2017, <https://www.nve.no/flaum-og-skred/om-skred/laussnoskred/>, lest 10. mai 2019.
- Nygaard (2004) Nygaard, Nils, *Rettsgrunnlag og standpunkt*, 2. utg., Universitetsforlaget 2004.
- Nygaard (2007) Nygaard, Nils, *Skade og ansvar*, 6. utg., Universitetsforlaget 2007.
- Oldeide, Reksnes og Gytri (2017) Oldeide, Erlend Blaaland, Asgeir Heimdal Reksnes og Anna Gytri, «KrF om nei til erstatning: – Dette er absurd og stikk i strid med sunn fornuft», 19. oktober 2017, https://www.nrk.no/sognogfjordane/krf-om-nei-til-erstatning_-_-dette-er-absurd-og-stikk-i-strid-med-sunn-fornuft-1.13741185, lest 20. juni 2019.
- Peczenik (1979) Peczenik, Aleksander, *Causes and Damages*, Skrifter utgivna av Juridiska föreningen i Lund vol. 33, Juridiska föreningen 1979.
- Radetzki (1998) Radetzki, Marcus, *Orsak och skada : Om tolkning av ansvarsbärande orsaksvillkor i avtal om egendomsförsäkring*, Stockholm universitet 1998.
- Regjeringa (2017) Regjeringa, «Svar på skriftleg spørsmål om naturskaderstatning på kai og molo etter orkanen "Tor"» [Spørsmål fra Une Aina Bastholm, med svar fra Landbruks- og matminister Jon Georg Dale], 31. oktober 2017, <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/svar-pa-skriftleg-sporsmal-om-naturskaderstatning-etter-orkanen-tor/id2577255/>, lest 20. juni 2019.
- Rosvold (2014) Rosvold, Knut A., «avrenning», i *Store norske leksikon*, 29. september 2014, <https://snl.no/avrenning>, lest 18. april 2019.
- Schmidt (1943) Schmidt, Folke, *Faran och försäkringsfallet : En försäkringsrättslig studie*, Skrifter utgivna av Juridiska fakulteten i Lund IV, C.W.K. Gleerup 1943.
- Schultz (2007) Schultz, Mårten, *Kausalitet : Studier i skadeståndsrättslig argumentation*, Jure förlag AB 2007.
- Selmer (1982) Selmer, Knut S., *Forsikringsrett*, 2. utg., Universitetsforlaget 1982.

- Sinding (1996) Sinding, Vidar, *Naturskadeforsikringsloven* : (Lov av 16. juni 1989 nr. 70 om naturskadeforsikring) : Med endringer senest av 24. juni 1994, Norsk Lovnøkkel, Ad Notam Gyldental 1996.
- Skogbrand (u.å.) Skogbrand, «Våre forsikringer», utan publiseringsdato, <https://www.skogbrand.no/forsikring/>, lest 10. mai 2019.
- Smith (1961) Smith, Carsten, «Om lovgivning, solidaritet og regress i erstatningsretten – omkring ikrafttredelseslovens § 26», *Tidsskrift for rettsvitenskap* 1961, s. 337–431.
- Stang (1918) Stang, Fredrik, *Fra spredte retsfelter*, bind 2 *Skade voldt av flere*, H. Aschehoug & Co 1918.
- Stang (1927) Stang, Fredrik, *Erstatningsansvar*, ny uforandret utgave, H. Aschehoug & Co 1927.
- Steen-Olsen (1977) Steen-Olsen, Ole, «Om adækvans og samvirkende skadesårsager ved forsikring mod tidstab», *Tidsskrift for Rettsvitenskap* 1977, s. 230–280.
- Store norske leksikon (2018) Store norske leksikon, «spring - tidevannsforskjell» i *Store norske leksikon*, 7. september 2018, https://snl.no/spring_-_tidevannsforskjell, lest 9. mai 2019.
- Strandberg (2015) Strandberg, Magne, «Effektivitet og kausalitet», *Retfærd* 2015, s. 79–101.
- Strandberg og Aasen (2013) Strandberg, Magne og Tor Brøvig Aasen, «Yrkesskadetrygdens hovedårsakskrav og fordelingslære», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett* 2013, s. 148–172.
- Thorson (2011) Thorson, Bjarte, *Erstatningsrettslig vern for rene formuestap*, Gyldental akademisk 2011.
- Wiese (2016) Wiese, Sophie Emilie Delphin, *Samspillet mellom erstatning og forsikring på området for naturskade*, Det juridiske fakultet, Bergen 1. juni 2016.
- Wilhelmsen (2011a) Wilhelmsen, Trine-Lise, «Årsaksprinsipper og tolkningsprinsipper i forsikringsretten», *Tidsskrift for erstatningsrett, forsikringsrett og velferdsrett* 2011, s. 228–258.
- Wilhelmsen (2011b) Wilhelmsen, Trine-Lise, *Årsaksproblemer i erstatningsretten – årsakslærer, formålsbetrakninger og økonomisk effektivitet*, Gyldental akademisk 2011.
- Wilhelmsen og Bull (2017) Wilhelmsen, Trine-Lise og Hans Jacob Bull, *Handbook on Hull Insurance*, 2. utg., Gyldental juridisk 2017.
- Wittgenstein (1992) Wittgenstein, Ludwig, *Filosofiska undersökningar*, omsett av Anders Wedberg, Thales 1992.
- Øvergaard (1951) Øvergaard, J., *Norsk erstatningsrett*, 2. utg., Olaf Norlis forlag 1951.